

Masteroppgåve i Kulturmøte

Frå sosialistiske broderkyss til konservativ fordøming:
Norsk presse og Raude Khmer-styret i Kambodsja 1975–1979.

Studiepoeng: 60

Vegard Hareide Øvrelid.
Mai/2014.

Summary in English

From Socialist Fraternal Kisses to Conservative Condemnation: The Norwegian Press and the Khmer Rouge Rule in Cambodia 1975-1979.

The Khmer Rouge came to power in Cambodia in 1975. During their four years in power, the rule of Pol Pot and his fellow communist cadres was responsible for the death of approximately 1.5 million Cambodians. They were driven from power by a Vietnamese invasion in early 1979.

This thesis aims to highlight the attitude of the Norwegian written press towards the regime at the time. As was the case with a lot of other Western European countries, Norwegian society in the mid seventies contained a very vocal and industrious Marxist-Leninist minority. What set Norway apart, was its strong connection between newspapers and political parties, a concept known as the “Party Press”. The three newspapers I focus on, all had this in common.

The one furthest to the ideological left, *Klassekampen*, had very strong ties to the Marxist-Leninist party (*AKP(m-l)*). It had been very vocal in the protests against the United States’ involvement in Vietnam, and supported the Khmer Rouge in the Cambodian revolution against the U.S. supported government. It would stay supportive towards Pol Pots party all the way up to the Vietnamese invasion and beyond. A bit further to the right, but still decidedly socialist, was *Ny Tid*. After the Khmer Rouge revolution, this paper (who was strongly connected to the socialist *Sosialistisk Venstreparti* party) was also very supportive of the new rulers. To the right on the political scale was *Aftenposten*, a paper tightly connected to the conservative party, *Høyre*. It sided with South Vietnam, and stayed true to this allegiance even after the Norwegian government (and most other newspapers and political parties) changed views.

The thesis shows how the views of these three Norwegian newspapers manifested themselves after the 1975 revolution, but also how they changed when Vietnam invaded Cambodia some years later. In the intervening years, alliances in Indochina had changed, due to the effects of the Sino-Soviet split, which fractured the unity of the communist world. *Klassekampen* had a strong affiliation towards Mao’s China, whereas *Ny Tid* did not seem to take sides. As Vietnam grew closer to the Soviet Union and the Khmer Rouge regime had strong ties to China, *Klassekampen* took Khmer

Rouge's side during the Vietnamese invasion, deeming it a hostile revisionist-imperialist takeover. *Ny Tid* stuck to its sympathies towards Vietnam, meaning the two major Norwegian communist parties, who had both strongly been supporting North Vietnam in the war, were suddenly on opposite sides.

Aftenposten, meanwhile, now found itself taking the same stance as ideological opposites *Klassekampen* on the issue of who were the legitimate leaders of Cambodia. As one communist country invaded another, *Aftenposten* was not concerned with the Sino-Soviet split. Instead, it focused on international law, taking the side of a sovereign country (Cambodia) being invaded by a foreign power (Vietnam), even suggesting the Khmer Rouge should rightfully take Cambodia's place in the United Nations assembly.

Thus, as the thesis shows, the Sino-Soviet split, happening half a world away, caused the Cambodia-Vietnam conflict to create strife between Norway's biggest communist parties. In addition, it made unlikely (although very temporary) allies out of two of the most ideologically opposed newspapers in Norwegian society.

Føreord

Raude Khmer sitt blodige styre i Kambodsja mellom 1975 og 1978 regjerte langt unna trygge, demokratiske Noreg, men sette likevel sitt preg på den norske samfunnsdebatten – ikkje berre i samtida, men òg i seinare år. Forholda i den tidlegare franske kolonien hadde mange aspekt som pirra nyfikna til fleire segment i det norske samfunnet. Politisk var det ein kamp mellom kommunisme og kapitalisme, sett i samanheng med frontane i Vietnamkrigen som nett var avslutta. Ideologisk vart ho av venstresida trekt fram som ein nord-sør-konflikt, der eit fattig lite land prøvde gå sin eigen veg medan det trassa dei amerikanske stormaktsinteressene i området. Og dei uhyrlege massakrane og den valdsame einsrettinga det gjekk rykte om i eit land som var hermetisk lukka for omverda, vekte dessutan avsky på eit mellommenneskeleg plan, sjølv for folk som ikkje viste særleg politisk engasjement.

Mi eiga interesse for det som skjedde i Kambodsja har fleire årsaker. Eg har gjennom studia i Volda, grunna interessante fag og gode førelesarar, fatta spesiell interesse for internasjonal storpolitikk etter andre verdskrig, sett i eit kald krig-perspektiv. Kambodsja prøvde etter frigjeringa i 1953 å gå si eiga lei, utan å knytte seg til korkje den fyrste eller den andre verda. Krigen i nabolandet Vietnam, og den intense bombinga av kambodsjanske mål som del av denne, skulle føre til at det vart umogleg å forhalde seg nøytral. Eg var sjølv i Kambodsja i 2011, og vandra gjennom torturfengselet i Tuol Sleng og massegravene i dødsmarkene utanfor Phnom Penh. Dette gav sterke inntrykk, og eg vart nyfiken på korleis ideologi kan brukast som grunnlag for å systematisere den mishandlinga eg fekk eit innblikk i, som ein i ettertid og ein halv jordklode unna mest ikkje kan tru at menneske kunne vere i stand til å gjennomføre. Om eg ikkje hadde eit personleg forhold til det før, hadde i alle fall denne vitjinga ramma det inn: Ideologi er eit sær farleg våpen for dei som søker rettferdiggjere ekstreme livssyn, haldningar, mål og metodar.

Eg vil takke rettleiaren min, Oddbjørn Melle, for å ha gitt meg interesse for kald krig-tematikken gjennom emnet ”Stormaktspolitikk og norsk utanrikspolitikk etter 1945”, som han var ansvarleg for. Deretter for dei pedagogiske evnene hans, som har gjort faga han har undervise i levande og auka interessa mi for historiefeltet generelt. Og sist, men ikkje minst, for rettleiinga under oppgåveskrivinga mi, med konstruktiv kritikk som har vore til uvurderleg nytte i skriveprosessen. Eg har brukt to år på å skrive denne oppgåva, og då eg spurte Oddbjørn om å vere rettleiaren min, hadde

han egentleg planar om å pensjonere seg sumaren etter. Eg er særst glad for at han valde å utsetje penjonisttilveret med eit år.

Så vil eg takke dei tre intervjuobjekta mine: Elisabeth Eide, Egil Ulateig og Per Egil Hegge. Trass i travle dagar har dei teke seg tid til å gje utfyllande og konstruktiv respons på alle spørsmåla eg sende dei. Trass i at emna eg spurte om låg langt attende i tid, og at spørsmåla til tider var kritiske i forma, har eg fått ærlege og reflekterte svar på alt eg har spurt om.

Til slutt vil eg takke Linda, som utan å protestere har levd i to år med ein stressa kvelds- og helgestudent som har brukt det meste av fritida si på å skrive masteroppgåve.

Ålesund, mai 2014.

Innholdsliste

Summary in English.....	2
Føreord	4
Innholdsliste.....	6
1. Innleiing med problemstilling	7
2. Bakgrunn.....	12
2.1. Innleiing	12
2.2. Kambodsja – frå fransk koloni til vietnamesisk okkupasjon	12
2.3. Nye parti veks fram på den norske venstresida.....	17
2.4. Partipressa og avisene	19
3. Raude Khmer tek makta	26
3.1. Innleiing	26
3.2. Frå Lon Nol til Raude Khmer	27
3.3. Grunngevinga for utdrivinga frå byane.....	32
3.4. Raude Khmer sin ideologi.....	35
3.5. Dei norske avisene om maktovertakinga og Raude Khmer-styret.....	38
3.6. Reservasjonar rundt intervju om hendingar frå fortida	50
3.7. Drøfting av Klassekampen si dekning	51
3.8. Drøfting av Ny Tid si dekning	54
3.9. Drøfting av Aftenposten si dekning	56
4. Splitting på venstresida – globalt og nasjonalt	59
4.1. Innleiing	59
4.2. Den sino-sovjetiske kløyvinga	60
4.3. Kambodsja, Kina og Sovjetunionen.....	65
4.4. Vietnam, Kina og Sovjetunionen	68
4.5. Konflikt på den norske venstresida	72
5. Vietnam invaderer.....	76
5.1. Innleiing	76
5.2. Dei norske avisene om Vietnam sin invasjon og okkupasjon.....	77
5.3. Oppsummering av avisdebatten	94
5.4. Drøfting av Klassekampen si dekning	96
5.5. Drøfting av Ny Tid si dekning	99
5.6. Drøfting av Aftenposten si dekning	102
5.7. Forholdet mellom partia og avisene	103
5.8. Kambodsja-debatten i nyare tid.....	105
6. Konklusjon.....	109
Referansar.....	114
Appendiks 1: Intervju med Elisabeth Eide.....	117
Appendiks 2: Intervju med Egil Ulateig	125
Appendiks 3: Intervju med Per Egil Hegge	133

1. Innleiing med problemstilling

Etter den 17. april 1975, skulle Kambodsja aldri meir verte det same. Det vesle landet i det som før vart kalla Indokina, flankert av storebrørne Thailand og Vietnam og veslebror Laos, hadde vore eit land relativt få i den vestlege verda hadde noko forhold til. Etter å ha oppnådd sjølvstende frå fransk kolonisering i 1953, var det ikkje ofte vestlege medium ofra trykksverte eller film på landet. Men dette skulle endre seg etter denne vårdagen, då styrkar frå den kommunistiske opposisjons-/geriljarørsla Raude Khmer rykte inn i hovudstaden Phnom Penh og tok makta i landet. Dette skulle markere innleiinga på ein drøye tre og eit halvt år lang periode med drap, vald og einsretting som den moderne verda aldri har sett maken til. To verdskrigar hadde kome og gått, men dette var fyrste gong eit land hadde terrorisert sine egne innbyggjarar på ein slik skala. Raude Khmer sin leiar, Pol Pot, har i ettertid blitt kalla "Asias Hitler". Og tida under styret hans, frå våren 1975 til desember 1978, såg eitt av verdas meste grufulle regime nokonsinne stå ansvarleg for over ein og ein halv million dødsfall.

Kontrastane vert store om ein samanliknar med Noreg på same tida: Eit land som få år før hadde oppdaga dei fyrste funn av olje på norsk kontinentalsokkel, og som i løpet av få år vart eit av verdas rikaste; eit land som hadde bygd seg traust oppatt etter krigen; eit land som stod på solid sosialdemokratisk grunn, med ein stabil politisk situasjon, trygt posisjonert på den vestlege sida i den kalde krigen under NATO sitt vern. Men det var òg eit land der ein på 70-talet såg politisk splid, og usemje om kva slag grunnleggande verdiar det heimlege samfunnet skulle byggjast på. Etterkrigstida sitt samstemte fokus på å byggje oppatt landet, og opparbeide større materiell velstand, hadde blitt utfordra av verda på utsida. USA sat fast i ei vietnamesisk hengemyr, både militært og ideologisk, og i det norske samfunnet, som i den vestlege verda elles, stilte fleire og fleire spørsmål om kapitalismen var vegen å gå. Alternative ideologiar fekk fotfeste. Kommunismen, som hadde hatt dårlege kår sidan Einar Gerhardsen sin Kråkerøy-tale i 1948, fekk eit oppsving gjennom Mao sin kinesiske variant, som for mange unge, norske radikale stod som meir frisk og levande enn den stagnerte Moskva-kommunismen.

Kontrastane mellom desse to landa kan vere eit interessant utgangspunkt for ei oppgåve i studiet "kultur møte". Der var ikkje noko møte i tradisjonell forstand – med unntak av ein norsk delegasjon

som vitja Kambodsja i 1978, fanst det ikkje noko samkvem mellom dei to partane.¹ Og folk i Kambodsja visste naturleg nok ikkje noko om forholda i Noreg. Men hendingane og forholda i landet i åra 1975-1979 vart eit viktig tema i norsk politikk, opinion og media. Vietnamkrigen i åra før hadde vekt eit sterkt engasjement i det norske folket, som i stor grad vart polarisert i spørsmålet om korvidt USA si krigføring i landet var legitim eller ikkje. Denne krigen sin slutt, i 1975, fall saman i tid med Raude Khmer si maktovertaking i nabolandet, og mange av dei same konfliktlinene og frontane i det norske samfunnet gjorde seg gjaldande her. Men i motsetning til i Vietnam, vart Kambodsja etter kvart nærast hermetisk lukka. Det fanst ingen vestlege journalistar som kunne fortelje om kva som gjekk føre seg. I mangel på informasjon fekk dermed dei norske frontane i konflikten lite fakta å bruke i argumentasjonen sin, og ideologien fekk dermed større spelerom. Der ein mangla faktisk kunnskap om tilstandane i landet, laut ein lese det vesle som kom med sine egne briller. Og brillene, på det politisk turbulente 70-talet, las vidt ulike historier.

I denne oppgåva vil eg såleis ta føre meg Raude Khmer-perioden i Kambodsja sett frå ulike norske ideologiske ståstadar. Det fell i dette høvet naturleg å ta utgangspunkt i norske aviser. Noreg hadde på 70-talet ein rik avisflora som dekte dei fleste ideologiske ståstadane på den politiske skalaen. Dette var òg ei tid med partipresse, der aviser ofte var ideologisk knytte til politiske parti, og der partiet og avisa sine synspunkt stort sett fall saman. For å få dekt størstedelen av spekteret, har eg valt ut Klassekampen, Ny Tid og Aftenposten, som fungerte som partiaviser for høvesvis AKP(m-l), Sosialistisk Venstreparti og Høgre. Eg vil sjå på og analysere dekninga deira av dei kanskje viktigaste hendingane i Kambodsja i dette tidsromet – Raude Khmer si maktovertaking i 1975, og Vietnam sin invasjon av landet i 1978, ein invasjon som gjorde slutt på Raude Khmer sitt styre.

Med dette utgangspunktet vil eg setje opp eit sett problemstillingar: Kva var grunnen til at hendingane i Kambodsja, på andre sida av kloden, fekk så stor plass i den norske samfunnsdebatten? Korleis stilte dei utvalde norske avisene seg til Raude Khmer si maktovertaking i 1975, og korleis kan ein forklare dei ulike haldningane? Kva ideologi stod eigentleg Raude Khmer for, og stemde røynda overeins med biletet venstresida hadde her heime? Korleis stilte dei same norske avisene seg til den vietnamesiske invasjonen, og kvifor? Hadde synet på Raude Khmer, og tilhøva mellom landa i den kommunistiske verda, endra seg i løpet av desse åra? Og i så fall, kva skuldast dette?

¹ Med eit par unntak: Gratulasjonstelegram frå AKP(m-l) til Raude Khmer på åremålsdagane for maktovertakinga, og kambodsjanske flyktningar i panelet under den såkalla Kambodsja-høyringa i Oslo i 1978.

Så langt eg kjenner til, er det gjort lite forskning på norske aviser sine haldningar til Raude Khmer-perioden i kambodsjansk historie, og eg føler såleis at det er rom for oppgåva eg har valt å skrive. Ørjan Østvik si hovudfagsoppgåve frå 1998 (”Norge og Kambodsja – en studie av bakgrunnen for Røde Khmer-regimet, og norske holdninger til Kambodsja i perioden 1975-1991”) er inne på nokre av dei same emna, men fokuserer meir på norske politikarar sine haldningar, med hovudfokus på Stortinget og regjeringa i perioden. Som ein les av tittelen, tek Østvik dessutan føre seg ein lenger periode, medan eg har fokus på dei åra Raude Khmer sat med makta.

Neste kapittel gjev bakgrunnen for perioden, både i Kambodsja og i Noreg. Eg startar med å kort gå gjennom Kambodsja si historie, både før, under og etter Raude Khmer sitt styre. Eg ser deretter på korleis to nye parti vart starta opp i Noreg på 70-talet: Sosialistisk Venstreparti og Arbeidernes Kommunistiske Parti (marxist-leninistene), med hovudvekt på korleis sistnemnde voks fram ut av misnøye med eksisterande alternativ på den politiske venstresida. Eg skriv så om den nemnde partipressa, og dei tre avisene eg vil ta føre meg i oppgåva.

Kapitlet etter omhandlar Raude Khmer si maktovertaking i april 1975, og dei norske avisene sine omtalar av denne. Eg startar med ein gjennomgang av kva som hende i Kambodsja både før og under maktovertakinga. Korleis vart den påfylgande utdrivinga av folk frå storbyane grunngitt av Raude Khmer i dåtida, og korleis har ho i ettertid blitt forklart av historikarar? Eg forklarar så korleis Raude Khmer sin ideologi skilde seg frå tradisjonell marxist-leninisme. Eg skildrar korleis Klassekampen, Ny Tid og Aftenposten dekte maktovertakinga, både rett etter at ho hende og i åra som følgde. Til slutt drøftar eg kvifor dekninga tok den forma ho gjorde, med hjelp av intervju av personar som låg tett på dei ulike ideologiske rørsleane i Noreg på denne tida.

Eg ser så på bakgrunnen for splittinga av det ein i vesten kalla den einsarta og monolittiske kommunistblokka. Frå midten av 50-talet vart det klart at dei to største sosialistiske landa, Sovjetunionen og Kina, hadde ideologiske usemjer om både teori og praksis. ”Den sino-sovjetiske kløyvinga” fekk ringverknader i den kommunistiske verda. Eg skildrar korleis ho førte til at naboane Kambodsja og Vietnam fall ned på kvar si side, og korleis ho her heime førte til splitting av den politiske venstresida.

Siste hovudkapittel handlar om dei norske avisene sine reaksjonar på Vietnam sin invasjon i 1978. Eg går gjennom Klassekampen, Ny Tid og Aftenposten si dekning av hendingane før, under og etter invasjonen. På kva måte fekk den internasjonale stormaktspolitikken innverknad på korleis parti og aviser såg på konflikten? Avslutningsvis tek eg føre meg korleis ordskiftet blussa oppatt i nyare tid, ved å sjå nærare på den såkalla *Hagtvett-debatten* frå 2003.

I konklusjonen vil eg samle trådane, og gje mine komprimerte svar på problemstillingane.

Til slutt nokre få ord om namnebruken. Landet vart i januar 1976 omdøyppt til det som på norsk vart kalla *Demokratisk Kampuchea*, eit namn det hadde fram til den vietnamesiske maktovertakinga tre år etter. Etter fleire namneskifte fekk landet sitt noverande, *Kongedømet Kambodsja*, i 1993. For konsistensen sin del vil eg bruke nemninga Kambodsja i denne oppgåva, sjølv når eg omtalar periodar der landet gjekk under eit anna namn. Unntak vert sjølvsagt gjort for sitat som brukar det gjeldande namnet for perioden. På same måte brukar eg namnet *Beijing* på den kinesiske hovudstaden, i staden for *Peking*, som vart brukt over store delar av verda på 1970-talet. Eg brukar og *Mao Zedong* i staden for *Mao Tse-tung*.

Kart over Kambodsja



Kopiert med løyve frå Graphic Maps.

2. Bakgrunn

2.1. Innleiing

Eg startar med eit riss gjennom Kambodsja si nyare historie. Landet var ein fransk koloni frå 1867 til 1953, og måtte etter frigjeringa finne sin eigen veg i ei verd prega av den kalde krigen. Landet vart hardt råka av amerikansk bombing under Vietnamkrigen, noko som gav grobotn for radikalisering og ekstremisme. Dei grusame forholda i landet under Raude Khmer sine år ved makta, var eit resultat av ein kombinasjon av lokale, regionale og stormaktpolitiske forhold. Den vietnamesiske invasjonen i 1978, og den påfølgjande okkupasjonen, vert deretter skildra. Etter drøye ti års okkupasjon og geriljakriging trekte vietnamesarane seg ut, og ein viss normalitet kunne gjenoppstå.

Fokus vert deretter sett på norske forhold, nærare bestemt på framveksten av nye parti på venstresida. Frå Sosialistisk Folkeparti sprang det på 1970-talet ut to nye parti: Sosialistisk Venstreparti og Arbeidernes Kommunistiske Parti (marxist-leninistene). Desse to partia, og deira tilhøyrande aviser, skulle bli Raude Khmer-styret sine hovudsympatisørar i det norske samfunnet i andre halvdel av tiåret. Korleis, og kvifor, vart dei danna?

I siste del introduserer eg partipresse-konseptet, som var ei kopling mellom pressa og politiske parti. Denne koplinga starta i Noreg allereie mot slutten av det nittande århundret, og stod ved lag heilt fram til 1980-talet. Korleis starta ho, og kvifor tok ho slutt? Dei tre avisene som vert omhandla i denne oppgåva – Aftenposten, Klassekampen og Ny Tid – var alle i større eller mindre grad ein del av dette systemet. Eg presenterer kort desse avisene si historie mot slutten av kapitlet. Heilt til slutt diskuterer eg utvalet. Kvifor har eg valt nett desse avisene, og utelate andre?

2.2. Kambodsja – frå fransk koloni til vietnamesisk okkupasjon

Frå studentlaug til geriljakrig

Pol Pot heitte egentleg Saloth Sar, og vart fødd i landsbyen Prek Sbauv utanfor Kompong Thom i 1925. Som son av ein relativt velstående bonde, fekk han sjansen til å ta høgare utdanning, og han flytta til Paris for å studere i 1949. Sar var ingen flittig student, og fullførte aldri noko studie, men det var på denne tida at han kom i kontakt med mange av dei som seinare skulle danne toppane i Raude

Khmer. Sar vart med i dei kambodsjsanske studentane sitt Khmer-laug, som lefla med marxist-leninistiske idéar og hadde koplingar til det franske kommunistpartiet.

Kambodsja var på denne tida ein fransk koloni, noko landet hadde vore sidan 1867. Det var samstundes eit konstitusjonelt kongedøme, med kong Sihanouk som monark frå 1941. Etterkrigstida var ei tid for opprør mot imperialismen og kolonialisme i den tredje verda, inkludert Sør-Asia: primært i Vietnam, men òg i Kambodsja. Sar, som strauk i eksamen tre år på rad, måtte flytte attende i 1953, same året som landet fekk sjølvstende. Etter frigjeringa abdiserte Sihanouk for å kunne involvere seg i politikken og stille til val. Partiet hans, Sangkum, vann valet, og han skulle kome til å styre landet med hard hand fram til 1970.

På 50-talet var den kalde krigen dominerande, og han la premissane for eit internasjonalt klima der land vart sterkt pressa til å velje side mellom den vestleg-kapitalistiske verda, med USA i spissen, og den kommunistiske, leia av Sovjetunionen. Sihanouk nekta å plassere seg i nokon av dei ideologiske leirane, noko som førte til uvilje frå både. Venstresida i Kambodsja vart større etter kvart som intellektuelle og studentar vende attende frå Paris, der kommunismen hadde ein sterk posisjon i studentmiljøet. Kommunistane følte seg forfølgde av Sihanouk. Han stod fram som ein udemokratisk og nærast despotisk statsleiar, som saboterte både val og opposisjonelle grupper. Politiet slo ned på kommunistisk agitasjon, og det vart vanskeleg for dei venstreintellektuelle å drive organisert aktivitet i hovudstaden Phnom Penh. Kommunistane flytta difor frå byen til jungelen langs grensa mot Vietnam, der Khmer Rouge, eller Raude Khmer, vart stifta i 1960.² Organisasjonen hadde som mål å byggje opp støtte på landsbygda for deretter å føreta ein væpna revolusjon mot Sihanouk sitt styre når tida var inne. Men det skulle vise seg at andre krefter kom dei i forkjøpet.

Mot slutten av 1960-talet var Vietnamkrigen den dominerande konflikten i verda, mellom Nord-Vietnam, støtta av Sovjetunionen og Kina, og Sør-Vietnam, støtta av USA. Amerikanarane såg med misnøye på at nordvietnamesiske FNL-soldatar³ tok Ho Chi Minh-stien frå nord til sør, ein sti som gjekk gjennom Kambodsja. USA starta difor ein intens bombekampanje mot den austlege delen av landet, og slapp fram mot 1975 bomber med ei total kraft som tilsvara tre gonger det som hadde blitt

² Ein kan òg argumentere for at organisasjonen vart stifta i 1953, under vietnamesisk innverknad. Etter kvart som ein tok avstand frå Vietnam, vart det likevel vanleg å seie at han vart stifta i 1960.

³ FNL (Front National de Libération) var namnet på den fremste opprørsrørsla i Vietnam under Vietnamkrigen. Rørsla har blitt omtala under forskjellige namn, som til dømes Vietcong.

sloppe over Japan under 2.verdskrig. USA var misnøgd med at Sihanouk ikkje tok affære over vietnamesarane si grensekryssing, og med at han ikkje tok eit klart standpunkt i aust-vest-konflikten.⁴ Medan Sihanouk var på vitjing i Beijing i 1970, vart han offer for eit statskupp, gjennomført av to menn støtta av USA: general Lon Nol (tidlegare forsvarssjef), og kongen sitt syskenbarn, prins Sirik Matak. Sihanouk vart verande i eksil fram til 1975. Bombinga av landsbygda eskalerte, noko som førte til auka støtte for Raude Khmer, som voks seg sterkare og sterkare.

Saloth Sar stod etter kvart fram som Raude Khmer sin leiarfigur internt. I 1973 følte han at organisasjonen, og støtta han hadde på landsbygda, var sterk nok til å ta opp den væpna kampen mot Lon Nol sitt regime i Phnom Penh. Dei neste to åra var prega av geriljakrig og Raude Khmer-framgang mot eit stadig meir isolert regime i hovudstaden. Raude Khmer kontrollerte til slutt heile landet med unntak av Phnom Penh, og Lon Nol vart i stadig aukande grad avhengig av USA sin godvilje, med mat, medisinar og militært utstyr flydd inn frå amerikanske basar i Vietnam. Til slutt klarte Raude Khmer stengje av flyplassane nær hovudstaden, noko som hindra tilførsel av varer. Lon Nol hadde ikkje anna val enn å flykte, og den 17. april 1975 inntok Raude Khmer gatene i hovudstaden. Etter 12 år i jungelen var Saloth Sar, som no tok namnet Pol Pot, attende i Phnom Penh, klar til å gjennomføre ei omvelting av samfunnet i tråd med ein Khmer-influert versjon av marxist-leninismen.

Terrorregimet tek form

Noko av det fyrste som hende då Raude Khmer tok makta, var at Phnom Penh vart avfolka. Innbyggjarane vart tvinga ut på landsbygda til eit liv som bønder, uansett tidlegare jobb og utdanning. Phnom Penh og andre større byar vart frå no av primært brukt som administrasjonssenter for leiinga i Raude Khmer. Maktovertakinga, og tømninga av Phnom Penh, vert nærare omhandla i neste kapittel.

Dei tidlegare hovudstads-innbyggjarane fekk ikkje sjølve velje kvar dei ville busetje seg, men vart i staden allokerte plassering utfrå kvar i byen dei budde. Ein kunne plasserast i ein eksisterande landsby, eller i utmarka med ordre om å byggje ein ny. Mange irrigasjonsprosjekt vart starta opp. Målet var å auke jordbruksproduksjonen, for fyrst å kunne brødfø det auka folketallet på landet, og deretter for å skape eit overskot som kunne brukast til anna utvikling (i realiteten til å finansiere

⁴ Sihanouk nekta t.d. å melde Kambodsja inn i SEATO (Southeast Asia Treaty Organisation) i 1954, noko som irriterte amerikanarane.

våpenkjøp). Landsbysamfunna vart inndelt i to klasser, dei "nye" og dei "gamle" innbyggjarane. Dei nye var folk som hadde budd i byane, og dei gamle var dei som allereie budde på landsbygda. Dei nye vart handsama mykje verre enn dei gamle, ettersom dei måtte "omvendast". Regimet var bygd på overvaking og terror, og enkeltindividet vart fråteke alle rettar. Sjølvstendig tenking vart slått hardt ned på, doktrinen sa at *Angkar*⁵ ("organisasjonen") var allmektig og alltid visste best. Total lydnad mot fellesskapet var ein dyd. Denne tankegangen vart etterfølgt strengare med tida. I starten kunne familiar lage sine egne måltid, men seinare vart fellesmåltid påbode. I det heile vart individ- og familieomgrepet undertrykt. Born måtte kalle foreldra sine "onkel" og "tante" i staden for far og mor. Den enkelte fekk ikkje lov til å sanke mat på eiga hand, fordi han då ville få meir enn andre. Likskapsidealet var absolutt, og utreinskinga omfattande. Intellektuelle, og medlemmer av den avsette regjeringa sitt maktapparat, vart avretta med stadig aukande frekvens.

Frå eksilet sitt i Beijing hadde kong Sihanouk vore alliert med Raude Khmer i kampen mot deira felles fiende, Lon Nol. Forholdet mellom partane var likevel naturleg nok spent, ettersom dei hadde vore fiendar fram til statskuppet i 1970. Då Raude Khmer tok makta, såg dei nytta av å ha kongen som ein samlande gallionsfigur utan reell makt. Han returnerte til landet og inntok residens i slottet sitt i Phnom Penh. Sjølv om han langt frå var noko glansbilete, vart han likevel så sjokkert då han såg forholda på landsbygda at han trekte seg som statsoverhovud i 1976. I resten av Raude Khmer si regjeringstid vart han sitjande nærast i husarrest i hovudstaden, med unntak av representasjonsoppdrag i utlandet, blant anna i FN, der han argumenterte for anerkjenning av Raude Khmer-regjeringa. Khieu Samphan tok over rolla som statsoverhovud etter Sihanouk i 1976, og Pol Pot tok posten som statsminister.

Kambodsja sitt forhold til Vietnam hadde tradisjonelt vore ansjent, og grenseområdet var prega av konfliktrar. Raude Khmer-patroljar føretok blodige raid over grensa med jamne mellomrom. Utover 1978 mista Vietnam etterkvart tolmodet med den brysame naboen i vest, og det brygga mot krig. 1. juledag invaderte vietnamesiske troppar grenseområda, og tok seg fram mot Phnom Penh. Raude Khmer sine styrkar var dårleg organiserte i forhold til ein fiende som hadde årelang krigstrening mot USA og Sør-Vietnam. 8. januar vart Phnom Penh innteken, og ein ti år lang vietnamesisk okkupasjon hadde starta. Pol Pot og Raude Khmer-toppene rømde frå byen, og etablerte seg i jungelen i vest, mot

⁵ Fyrst i 1976 vart det kjent at Angkar var ei nemning på det kambodsjanske kommunistpartet (CPK), leia av Pol Pot.

grensa til Thailand. Eit tre år, åtte månader og tjue dagar langt brutalt despoti, som hadde kosta rundt ein og ein halv million menneske livet, var ved vegs ende.

Geriljakrig og fall for Raude Khmer

Vietnam sin invasjon vart starten på ein 12 år lang geriljakrig. Folket i Kambodsja var fritt frå Raude Khmer sitt styre, men hungerkatastrofen truga, og med opnare grenser flykta mange frå landet gjennom Vietnam eller Thailand. Raude Khmer heldt stand i fjella mot vest. Korleis kunne det ha seg at eit så forrykt og utskjelt regime klarte halde stand i så mange år? Her ligg mykje av svaret i internasjonal realpolitikk. Raude Khmer vart støtta av Kina, medan Vietnam vart støtta av Sovjetunionen.⁶ Utover 1970-talet mjukna forholdet mellom USA og Kina, medan tilhøvet mellom USA og Vietnam/Sovjetunionen gjennom 1970- og 1980-talet var anstrengt. USA (som ideologisk og militær anfører i den vestleg-kapitalistiske verda) førte difor ein politikk som, om han ikkje direkte støtta opp om Raude Khmer sin kamp mot vietnamesisk okkupasjon, i beste fall verka avventande.

Men etter Sovjetunionen sitt fall i 1989, forsvann den internasjonale støtta til Raude Khmer. FN involverte seg til slutt i konflikten, og i 1991 vart det halde ein fredskonferanse i Paris. Her kom partane fram til ei semje, og det vart utlyst val i 1993. Raude Khmer hadde ambisjonar om å stille, mot blant andre kong Sihanouk sitt nye parti (FUNCINPEC), og mot mannen som vietnamesarane hadde sett til å leie landet undar okkupasjonen, Hun Sen. Dei fleste såg føre seg at Raude Khmer ville ha representasjon i ei samlingsregjering.

Men slik skulle det ikkje gå. Raude Khmer følte at valet kom for tidleg, fordi organisasjonen trong meir tid til å auke maktbasisen sin på landsbygda. Han trekte seg difor frå valet (og frå fredstraktaten) for å fortsetje geriljakrigen i jungelen. I 1997 tok Hun Sen makta gjennom eit kupp, og han sit enno som statsminister i landet. Raude Khmer vart svakare og svakare – soldatane var leie av krig og konflikhtar, ville leve eit så normalt liv som råd, og deserterte i store mengder. Pol Pot døydd i 1998, og partiet sine gjenverande kadrar overga seg året etter. Berre eit par av partiet sine gjenlevande medlemmer har måtte stått til rette for brotsverka sine,⁷ resten har fått immunitet av Hun Sen, som i si tid sjølv var ein aktiv medlem av Raude Khmer.

⁶ Meir om dette i kapittel 4.

⁷ Ta Mok (leiar av Raude Khmer frå 1997), og "Deuch" (leiar av tortursenteret Tuol Sleng).

2.3. Nye parti veks fram på den norske venstresida

Sosialistisk Venstreparti

Det Forenede norske Arbeiderparti (Ap) vart stifta i 1887. I 1923 melde ein fraksjon seg ut av partiet, og starta Norges Kommunistiske Parti (NKP) i protest mot utmeldinga frå Komintern. I 1961 vart partiet splitta på nytt, då ei utbrytargruppe danna Sosialistisk Folkeparti (SF). Det var utanrikspolitikken som var hovudårsaka til konfliktane. Dei dreia seg om kampen mot atomvåpen, blokkpolitikken, NATO og opprusting, og om forholdet til USA. Det nye partiet vart sentralt i Kings Bay-saka i 1963, der det var med på å felle Einar Gerhardsen si Ap-regjering.

Ideen om eit tettare samarbeid mellom partia på venstresida vart lansert i 1969, og namnet Sosialistisk Valgforbund vart fyrste gong brukt på kommunevallista i Stavanger i 1971. I valet fanst det 55 lokale felleslister, dominerte av Sosialistisk Folkeparti og Norges Kommunistiske Parti, med innslag frå Demokratiske Sosialister og partilause venstreorienterte. Hausten 1972 starta sonderingane rundt eit valforbund, med kampen mot medlemskap i EF som ein samlande faktor. Dei kulminerte med folkeavstemminga same hausten, der valforbundet vart ein dunderande suksess. I stortingsvalet året etter vart 16 representantar valt inn på tinget, og valforbundet fekk ein tilslutnad på 11 prosent.

I 1975 vart valforbundet omdanna til Sosialistisk Venstreparti (SV). Partia som hadde inngått i forbundet, fekk frist til året etter med å avvikle seg. NKP valde til slutt å ikkje oppløyse seg, noko som førte til ei splitting i partiet. Mindretalet, med partileiar Reidar T. Larsen i spissen, valde å gå inn i det nye samlingspartiet. Partiet hadde ein tilslutnad på mellom 4 og 6 prosent i stortingsval gjennom mesteparten av 1970- og 1980-talet.

Arbeidernes Kommunistiske Parti (marxist-leninistene)

I 1969 trekte ein fraksjon av Sosialistisk Folkeparti (SF) sin ungdomsorganisasjon (Sosialistisk Ungdomsforbund, eller SUF) seg ut av partiet. Mange av medlemene frå denne fraksjonen vart med på stiftinga av det nye partiet Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene), eller AKP (m-l), i 1972.

Konflikten mellom SF og SUF starta i 1967. Fram til dette året var samarbeidet mellom den eldre og den yngre garden i partiet godt, men Vietnamkrigen var med på å utvikle opposisjonen.⁸ Ei gruppe medlemer frå Oslo sin austkant (seinare kalla Bryn-Hellerud-gjengen) var leiande figurar i SUF på denne tida. Mange av desse skulle verte kjende skikkelsar i AKP (m-l): folk som Tron Øgrim, Pål Steigan og Jorun Gulbrandsen. Denne klikken var påverka av Mao Zedong sine tankar, og av oppgjeret han tok med det han oppfatta som den sovjetiske revisjonismen under Nikita Khrusjtsjov og Leonid Brezjnev: "Hele ml-bevegelsen var et produkt av polemikken mellom Mao Tse-tung og det post-stalinistiske regimet i Moskva".⁹ Pål Steigan framla følgande saker som viktige for SUF i konflikten med moderpartiet: Uavgrensa støtte til FNL og til frigjeringskampen i Vietnam, kritikk av sosialdemokratiet, revolusjon (og ikkje reform) som veg til sosialismen, støtte til palestinarane mot Israel, og støtte til kulturrevolusjonen i Kina.¹⁰

I 1968 tilspissa konfliktane seg. Medlemene i SUF gjekk hardt ut mot den eldre garden sitt samarbeid med Ap, dei stilte seg positive til den kinesiske kulturrevolusjonen, og dei tok eit kontroversielt standpunkt i konflikten mellom jødane og palestinarane, med krav om at den israelske staten måtte opphøre. Mange frå den etablerte eliten i SF skjønna ikkje kva som var i ferd med å hende i ungdomsorganisasjonen. Øgrim-fløya var uforsonleg, og SF og SUF stod ved eit vegskilje.

SF sitt landsmøte i februar 1969 vart stormfullt. "Høgre" stod mot "venstre", og "ung" stod mot "gamal". SF sitt hovudstyre ville opprette alternative SUF-lag, og SUF ville gå ut av partiet om dette gjekk igjennom. Då det så gjorde, med 131 mot 77 stemmer, forlét 63 SUF-medlemer landsmøtesalen. Av desse forsvann 40 for godt. SUF vart no til SUF (m-l).

Dei komande åra vart brukte til oppbygging av denne organisasjonen, og skulle kulminere i stiftinga av eit politisk parti. Frå 1969 var fokus i stor grad retta mot kampen mot EF-medlemskap. Denne kampen verka samlande på ei gruppering som nok elles kunne ha blitt splitta opp i fraksjonar, slik det i stor grad hende med liknande venstreradikale grupperingar i europeiske land på denne tida. Og nesten fire år etter brotet med SF, i jula 1972, vart AKP (m-l) stifta. Den såkalla "diamantgjengen" sat i sentralkomiteen, som hadde all makta og definerte politikken under mottoet om demokratisk

⁸ Sjøli s. 21

⁹ Sjøli s. 24

¹⁰ Steigan 2013 s. 131

sentralisme. Han bestod av Sigurd Allern, Tron Øgrim, Pål Steigan, Sverre Knutsen, Finn Sjøe og Kjell Skjærvø.

Stortingsvalet i 1973 vart ei katastrofe for det nydanna partiet. Det vart nekta å stille til val, grunna at det var for likt allereie eksisterande NKP (som ironisk nok ikkje stilte til val i det heile). Raud Valallianse (RV) vart då oppretta som partiet sin valorganisasjon, fullt underlagt moderpartiet. Men RV fekk berre 9.000 stemmer (0,4 prosent) i valet, og var ikkje i nærleiken av å få nokon valt inn på Stortinget. I vala utover 1970- og 1980-talet fekk alliansen aldri meir enn éin prosent av stemmene i stortingsval. I kommunevala gjorde alliansen det betre, mykje grunna at han i desse vala hadde ei friare rolle i forhold til AKP(m-l). Medan RV fekk sine fyrste kommunestyrerepresentantar i 1975, måtte alliansen vente heilt til 1993 før Erling Folkvord kom inn på Stortinget. Men innan dette hende, hadde RV allereie lausrive seg frå moderpartiet.

2.4. Partipressa og avisene

Partipressa

Koplinga mellom norske aviser og parti frå slutten av 1800-talet, har blitt kalla partipressa. Kort sagt tyder dette at aviser affilierer seg med politiske parti, anten formelt eller uformelt, og at pressa i visse tilfelle kan vere meir farga av at avisene er partiorgan, enn av at dei er journalistiske produkt.

Opphavet til partipressa i Noreg kan sporast attende til 1880-talet. Kampen om parlamentarismen splitta landet i to leirar, og avisene følte seg pressa til å ta side. På det politiske planet førte splitten til danninga av partia Venstre og Høgre. Avisene delte seg og i to grupper, og flokka seg rundt det utvalde partiet. Partia og partipressa vart etablerte i den same politiske prosessen, og partipressa skulle kome til å prege avisbiletet i Noreg i nesten hundre år framover. Partidanninga var samstundes klart forankra i ein norsk sentrum-periferi-konflikt. Arbeidarpartiet vart etablert omtrent samstundes med Venstre og Høgre, men det tok 15-20 år før partiet fekk betydeleg utbreiing og ei lokal presse. Ein lokal og regional maktkamp mellom partia forma avisstrukturen langt inn mot det 21. århundret.¹¹

Partipressa representerte ei friviljug kopling mellom aviser og parti. Partia hadde nytte av talerør ute i samfunnet, samstundes hadde avisene behov for å skilje seg frå andre aviser på same marknaden. Ved å markere knyting mot eit parti, kunne ho lettare rekruttere dette partiet sine tilhengjarar som lesarar.

¹¹ Ottosen et al s. 52

Etter århundreskiftet vart dei formelle banda mellom parti og aviser tettare. Gjennom ulike former for støtteordningar kunne parti få ein tydeleg kontroll over avisene.¹²

Partipressa var det dominerande systemet i heile mellomkrigstida. Perioden inneheldt den største floraen av norske aviser nokonsinne. Dette kom blant anna av eit auka antal politiske parti, grunna partietableringar (som Bondepartiet og Nasjonal Samling) og partisplittingsar. Dette resulterte i ein marknad for fleire nasjonale og lokale aviser, for å kunne dekke partia sine behov. Dei fleste avisene hadde på denne tida ei klar politisk forankring, og partia prøvde konsolidere makta over eiga presse, ikkje minst gjennom økonomiske bidrag.¹³

Under andre verdskrig var alle parti med unntak av Nasjonal Samling forbodne, og talet på aviser vart sterkt redusert. Men etter krigen var partia aktivt med på å rekonstruere så mykje som mogleg av den gamle partipressa. På same måten som i mellomkrigstida, var det sjeldan at partia var eigarar av avisene, og det var aviseigarane som avgjorde om avisene skulle støtte bestemte parti. Avisa vart oppfatta som hovudorgan for partiet, anten partiet sat med regjeringsmakt eller var i opposisjon.

Partipressa har vore eitt av dei mest særmerkte trekka ved norsk journalistikk. Bindinga mellom pressa og dei politiske partia varte dessutan lenger i Noreg enn i mange andre land. Dei som arbeidde i ei partiavis, hadde som oftast eit nært forhold til partiet som avisa var knytt opp til. Dette prega naturleg nok journalistikken, som nok ikkje alltid kunne kallast kritisk. Polemikken mellom ulike aviser, som representerte ulike politiske parti, kunne dermed til tider vere krass. Ottosen påpeikar at det er lett å sjå veike sider ved partipressa.¹⁴ Stoffet i avisene vart filtrert gjennom avisa sitt politiske grunnsyn. Folk innan partiet med avvikande haldningar hadde vanskeleg for å få meiningane sine på trykk. Skribentane måtte ofte la dei journalistiske prioriteringane vike, til fordel for politiske vurderingar. Men han meiner òg at i eit breiare demokratisk perspektiv, vert det viktig å sjå samla på breidda i dei politiske ytringane. Ein kan då seie at partipressa samla sett gav eit variert bilete av samfunnet og dei politiske standpunkta. Og sakene fekk ein variert presentasjon, vinkla frå ulike utgangspunkt. Dei fleste samfunnsgruppene hadde organ som spegla deira oppfatning av røyndomen, og som fremja interessene til desse gruppene.

¹² Ottosen et al s. 60

¹³ Ottosen et al s. 68

¹⁴ Ottosen et al s. 126

Hans Fredrik Dahl påpeikar at sjølv om det fyrst og fremst var arbeidarprensa som hadde eit politisk mediesystem av særleg parti-nær karakter, så gjaldt det òg Høgre-prensa, som ein struktur av samvirkande organ.¹⁵ Studiar av høgrepressa har vist at arbeidarprensa slett ikkje hadde monopol på stram pressestruktur og sentral kontroll frå partiet si side, men at dette òg fanst i Høgre, trass i at partiet organisasjonsmessig var klart lausare bunde saman enn Arbeiderpartiet.

Proessen med avvikling av partiprensa skaut fart på 1980-talet. Mange av avisene som vart etablerte etter andre verdskrig, var grunnleggande politisk sjølvstendige. Og mange av dei eksisterande vart avpolitisererte, mykje grunna avisdøden som førte til at ein mange plassar berre sat attende med ei avis. Denne fann det ofte mest føremålstenleg å vere politisk uavhengig. Dahl meiner og at partiloyaliteten etter kvart forvitra både i norsk, nordisk og internasjonal presse, og at den politiske ansvarsideologien vart erstatta av ein moderne, meir verdifri informasjonsideologi. Etter kvart som partiloyaliteten vart oppfatta som ei hindring for avisene si utsikt til å bringe stoff som lesarane etterspurde, forsvann òg legitimiteten i det gamle partipresse-systemet.¹⁶

Eg vil no kort presentere dei tre avisene eg nyttar meg av i denne oppgåva, presentert i kronologisk etableringsrekkefølge: Aftenposten, Klassekampen og Ny Tid.

Aftenposten

Aftenposten vart stifta av Christian Schibsted i 1860, under tittelen Christiania Adresseblad. Namnet vart endra til Aftenposten året etter. Avisa var frå starten av upolitisk, men utover 1880-åra gjekk profilen i konservativ retning, og uttrykte etter kvart ei fiendtleg haldning til alle nye sosialistiske rørsler i utlandet. Ho var frå starten av antikommunistisk, og støtta i ei viss grad dei fascistiske regima i Spania, Italia og Tyskland i mellomkrigstida. Ho var den einaste riksavisa som vart utgitt under andre verdskrig, fordi ho støtta lojalt opp om Nasjonal Samling si regjering.

Under den kalde krigen var avisa sterkt antikommunistisk og pro-amerikansk. "Den konservative tanta i Akersgata" var ein sterk kritikar av Stalin sitt regime i Sovjetunionen (og Norges Kommunistiske Parti), og støtta opp om norsk NATO-medlemskap. I partiprensa si tid var ho knytt til

¹⁵ Dahl s. 70

¹⁶ Dahl s. 71

partiet Høyre. Under Vietnamkrigen stod avisa heile tida på USA si side, sjølv etter at opinionen i Noreg hadde snudd i Nord-Vietnam sin favør.

Når det gjeld dekninga av Kambodsja, trykte avisa mange reportasjar frå byrå som NTB og Reuters. Subjektiv omtale av forholda i landet kom i hovudkommentaren på side 2, og i kommentarane i utanriksseksjonen lenger ute i avisa. Når eg i denne oppgåva analyserer avisa si dekning, brukar eg primært leiarartiklane og kommentarane. Leiarartiklar har mykje større tyngd enn andre artiklar, sidan dei primært blir brukte til å gje uttrykk for avisa sine meiningar og haldningar til aktuelle tema. Leiarartiklar søkjer bevisst å påverke og leie opinionen.

Klassekampen

Då brotet med Sosialistisk Folkeparti kom, stod SUF(m-l) klare med månadsavisa Klassekampen. Idéen om ei avis melde seg hausten 1968, og målet var etablering i samband med landsmøtet i SF året etter. Tron Øgrim rekna med at landsmøtet ville føre til splitting, og ”tok sikte på å få ein flygande start”.¹⁷ Den fyrste utgåva kom i 1969, og vart trykt i 3.500 eksemplar. Avisa var i starten eit dugnadsprosjekt, sprekkferdig av Mao-sitat, og kom ut ein gong i månaden dei fyrste fire åra.¹⁸ Allereie i tredje utgåve dukka Sigurd Allern opp på redaktørplass. Avisa vart ein viktig tumleplass for dei unge kadrane. Alle artiklane var usignerte, og gav bod om at avisa var eit kollektivt prosjekt med eitt mål for auget – å få bygd det kommunistiske partiet.¹⁹

Nokre veker før stiftinga av AKP(m-l) i 1973 vart Klassekampen ei vekeavis, og etter ei tid gjekk frekvensen opp til to utgåver i veka. I 1975 var talet på abonnentar oppe i snutt 10.000, i tillegg til fleire tusen eksemplar som vart selt på gata.²⁰ I 1977 vart ho gjort om til dagsavis. Ifølgje Pål Steigan var oppstarten av Klassekampen ein av dei få verkeleg geniale tinga som ml-rørsla har gjort.²¹ Avisa vart partiet si forlengta arm, og eit reint propagandainstrument heilt frå ho vart lansert i 1969: ”På mange måter er det vel riktig å si at AKP(m-l) var Klassekampen.”²² Å gje ut ei dagsavis var eit stort løft, som kravde mykje uløna eigeninnsats frå medlemene i eit stort distribusjonsnett. Mange sleit seg

¹⁷ Steigan 1985 s. 94

¹⁸ ”Vi brukte nesten hele måneden på å få ferdig ei månedsavis, og vi jobba døgnet rundt. Jeg trur rekorden lå oppe i 72 våketimer i strekk.” (Steigan 1985 s. 95)

¹⁹ Sjøli s. 45

²⁰ Ottosen et al s. 179

²¹ Steigan 1985 s. 96

²² Sjøli s. 144

nok ut på Klassekampen-prosjektet, og i 1978 var avisa praktisk tala konkurs. Mykje av årsaka til at ho gjekk dårleg økonomisk, var at ho hadde nekta å motta pressestøtte. Grunnen til dette var at Klassekampen skulle prove at partiet var i reell opposisjon. SV, og den nystarta partiavisa Ny Tid, tok i mot borgarlege blodpengar. SV var såleis i monopolkapitalismen si lomme. No skei Klassekampen ned i lomma på den same kapitalen.²³ For etter mange og lange diskusjonar, takka avisa i 1979 ja til pressestøtte for å kunne fortsetje drifta. Ho var ei partiavis, der både journalistar og andre tilsette var formelt tilsette i partiet, ikkje i avisa.

Dekninga av Kambodsja gjekk stort sett føre seg i utanriksseksjonen, men òg til tider i leiaren på side 2. Avisa sin stil var slik at ikkje berre leiaren, men òg artiklane var særst subjektive og bastante. Ho brukte ingen artiklar frå eksterne kjelder som internasjonale nyhendebyrå. Verd å merke seg er òg at alle artiklane dei fyrste åra var usignerte, eller signerte med alias. Dette var i tråd med det generelle fokuset på løyndom internt i AKP(m-l), der medlemene gjekk under pseudonym, og offisielle medlemsregister ikkje vart førte.

Ny Tid

Ny Tid har opphav i avisa Orientering, som var ei norsk venstreside-avis starta i 1952. Den kanskje viktigaste årsaka til etableringa, var vanskaner med å kome til i norsk presse med kritikk av kapitalismen generelt og NATO spesielt. Utgangspunktet til avisa var å hevde ein sjølvstendig sosialistisk politikk, med kritikk mot både Moskva og Washington. Avisa var oppteken av utanrikspolitikk, og mange opplevde ho som den einaste der internasjonale spørsmål kunne diskuteras fritt. Dei mest sentrale figurane i avisa hadde vore med på å starte Sosialistisk Folkeparti (SF) i 1961. Avisa vart etter kvart eit talerør for Sosialistisk Folkeparti, og partiet overtok avisa formelt i 1973.

Etter samanslåinga av SF, Demokratiske Sosialistar og delar av NKP til Sosialistisk Venstreparti i 1975, vart Orientering nedlagt. Ny Tid, som vart SV sitt nye partiorgan, såg dagens lys den 15. august same året. Sentrale delar av miljøet rundt Orientering heldt fram i den nye avisa. Ho kom ut éin gong i veka, og stilen var frå starten kollektiv og spartansk. Artiklane om Kambodsja var spreidde utover i avisa, og stod nesten aldri på leiarplass. Men dei var alltid skrivne av journalistane sjølve, og ingen

²³ Sjøli s. 147

byrå-artiklar vart trykte. I kontrast til Klassekampen, så vart desse artiklane ganske tidleg signerte, og ein kunne sjå tydelege forskjellar mellom ulike journalistar sine haldningar til det som gjekk føre seg i landet.

Kvifor nett desse avisene?

Kvifor har eg valt nett desse tre avisene, og ikkje andre? Det har både praktiske og ideologi-retta grunnar, med klar hovudtyngd på sistnemnde.

For å ta dei praktiske fyrst: Klassekampen og Ny Tid kom ikkje ut dagleg gjennom heile perioden, og mengda aviser vart difor meir handterleg enn om så hadde vore tilfelle. Sidan ingen av desse avisene har eit digitalisert arkiv, måtte dei gåast gjennom "for hand", ved å bruke mikrofilm. Ny Tid kom ut éin gong i veka gjennom heile perioden, medan Klassekampen kom ut to gongar i veka fram til 1977, då ho vart dagsavis. Hadde desse avisene kome som dagsaviser gjennom heile perioden, hadde omfanget blitt i overkant stort for ei masteroppgåve, og ville ha ført til mindre fokus på andre delar av oppgåva. Samstundes var dette aviser som hadde sterke synspunkt i Kambodsja-debatten, og emnet er såleis likevel godt representert i avis-diskursen. Når det gjeld Aftenposten, så kom denne avisa ut to gongar dagleg. Men her er arkivet digitalisert, slik at ein kan søkje ut leiarar og reportasjar som handlar om Kambodsja, utan å måtte leite seg gjennom store mengder irrelevant stoff.

Hovudgrunnlaget for utvalet må likevel liggje klart tyngst på den ideologi-tematiske sida. Som vi skal sjå, hadde desse avisene konfliktar seg imellom på ulike stadium av perioden. I 1975, som neste kapittel omhandlar, stod dei to venstreside-avisene mot høgreside-avisa. Men i 1979, som vert omhandla i kapittel 5, stod konflikten i stor grad mellom dei to venstreside-avisene. Eg vil difor påstå at avisutvalet representerer konfliktlinene i den norske Kambodsja-debatten på ein dekkjande måte.

På same grunnlag kan ein argumentere for at andre aviser *ikkje* vert dekte. Her har vi aviser som Dagbladet, VG og Arbeiderbladet. Frå ein praktisk synsvinkel kan det påpeikast at alle desse avisene var dagsaviser, og at ingen av dei per i dag har eit søkbart nett-arkiv. Omfanget hadde såleis vore i overkant omfattande. Men det ideologiske spelar òg inn. Eg vil påstå at desse tre avisene var meir sentrumsnære enn dei eg har valt ut, og såleis ikkje speglar konfliktlinene like klart. Dagbladet og VG var ikkje så prega av partipresse-konseptet som dei utvalde, og viste noko mindre interesse for Kambodsja. Arbeiderbladet var knytta til Arbeiderpartiet, og var såleis ein del av partipressa. Men

som Ørjan Østvik har vist i hovudfagsoppgåva si, var partiet (som hadde regjeringsmakta i perioden) avventande og lite engasjerte overfor tilhøva i Kambodsja. Dette førte til at avisa heller ikkje skreiv spesielt mykje om kva som gjekk føre seg der.

Eg har no teke eit sveip over kambodsjansk historie, samt framveksten av nye politiske parti på den norske venstresida. Etter å ha sett på partipresse-konseptet som rådde i tida, og introdusert dei tre avisene eg har valt å fokusere på, er det no på tide å spørje: korleis dekte desse avisene hendingane i Kambodsja våren 1975, då Raude Khmer tok makta i landet? Og i kor stor grad var den politiske ståstaden deira med på å setje tonen i denne dekninga?

3. Raude Khmer tek makta

3.1. Innleiing

Etter fem års styre av den USA-støtta presidenten Lon Nol, rykte Raude Khmer inn i Phnom Penh den 16. april 1975, og overtok makta i Kambodsja. Kva var bakgrunnen for denne maktovertakinga, og kva hende i hovudstaden i tida som kom? Korleis reagerte norsk presse på hendingane i dette landet langt borte, og på følgjene dei fekk i tida etter?

Fyrste del startar med ein introduksjon av kjeldene eg har nytta meg av for å skildre hendingsgangen: Kambodsja-ekspertane Philip Short, François Ponchaud og Ben Kiernan. Eg tek deretter føre meg utviklinga frå Lon Nol sitt maktkupp i 1970, fram til aprildagane fem år seinare då regimet sine styrkar flykta, og bondehærane frå landsbygda tok plassen deira. Dagane etter maktovertakinga, med utdrivinga av folket frå storbyane, vert omhandla.

I neste del ser eg på ulike perspektiv på grunnane for utdrivinga. Eg skildrar fyrst dei ymse grunngevingane frå offisielt Raude Khmer-hald. Var grunnane gjevne overfor den vestlege verda annleis enn dei som vart brukte overfor deira kinesiske allierte? Korleis har dei nemnde Kambodsja-ekspertane i ettertid analysert grunnane for tømninga av byane?

Eg set deretter fokus på kva som kjenneteikna Raude Khmer sin ideologi. Grunna det tette samarbeidet med Kina, antok mange at dei to landa stod for ein tilnærma lik variant av kommunismen. Men stemmer dette inntrykket? I kor stor grad hadde Kambodsja historiske, demografiske og økonomiske særtrekk som førte til at Pol Pot sitt styresett avveik frå marxist-leninistisk teori?

Eg ser så kronologisk på korleis avisene Klassekampen, Ny Tid og Aftenposten dekte maktovertakinga, og følgjene av denne for det kambodsjanske samfunnet i dagane og åra etter – medan Raude Khmer enno sat med makta, og kjeldemangel gjorde at informasjon om kva som gjekk føre seg i landet var vanskeleg å få tak i. Denne delen er strengt refererande, og sterke og subjektive ord og uttrykk i teksten kjem såleis frå avisene sjølve, ikkje frå forfattaren.

Til slutt vil eg drøfte kvifor avisene dekte maktovertakinga slik dei gjorde. Her nyttar eg meg blant anna av intervju med representantar for dei tre sidene eg tek føre meg i den norske diskursen. Delen startar med ei drøfting rundt problematikken med å bruke slike kjelder i ettertid, etter at etterpåklokskap har fått tid til å påverke og farge erindringane rundt den tida sine haldningar. Deretter spør eg: Kor stor rolle spelte ideologi, kjeldetilgang og ein mangel på faktisk kunnskap for dekninga? Kor stort spelerom gav denne kunnskapsmangelen for subjektiv tolking av situasjonen?

3.2. Frå Lon Nol til Raude Khmer

Litt om kjeldebruken

Denne delen, og neste, handlar om Kambodsja si historie frå 1970 til Raude Khmer sin innmarsj i Phnom Penh i 1975, og grunngevinga for folkeutdrivinga frå byane etter maktovertakinga. I desse delane brukar eg hovudsakleg tre kjelder: Forfattarane og Kambodsja-kjennarane Philip Short, François Ponchaud og Ben Kiernan.

Engelske Philip Short jobba som frilansjournalist frå 1967 til 1973, og deretter som utanrikskorrespondent for BBC dei neste 25 åra. Han gav ut boka "Pol Pot – Anatomy of a Nightmare" i 2005. Under arbeidet med boka intervjuar han leiarar og medlemmer av Raude Khmer gjennom fleire turar til reduttane deira nær grensa mot Thailand.²⁴ Blant informantane hans var blant andre Ieng Sary, Pol Pot sin utanriksminister og svoger.

François Ponchaud er ein fransk katolsk prest, som arbeidde som misjonær i Kambodsja frå 1965 til 1975. Etter Phnom Penh sitt fall, søkte han tilflukt i den franske ambassaden, og vart deportert saman med resten av utlendingane der nokre veker seinare. Etter å ha returnert til Frankrike, vart han ein intens kritisk av det nye regimet. Han gav ut boka "Kambodsja År Null" i 1977, ei bok som er kreditert som ei av dei fyrste til å omhandle folkemordet i landet. Boka har blitt omtala som "den beste avhandlinga om Raude Khmer sitt styre".²⁵ Som eg kjem attende til seinare i dette kapitlet, var mange på den norske venstresida skeptiske til Ponchaud sin kredibilitet.

²⁴ <http://www.international.ucla.edu/article.asp?parentid=21630>

²⁵ http://en.wikipedia.org/wiki/François_Ponchaud

Ben Kiernan er ein australsk professor i historie, og ein produktiv skribent rundt Raude Khmer-styret i Kambodsja. Han vitja landet før maktovertakinga i 1975, og tvilte i starten på folkemordet sitt omfang. Men han endra oppfatning i 1978, etter å ha gjennomført mange hundre intervju med kambodsjanske flyktningar. I 1995 vart han tiltala, stilt for domstol og dømd *in absentia* av ein Raude Khmer-domstol for å ha ”forfølgd og terrorisert dei kambodsjanske motstandspatriotane”.²⁶ Året etter skreiv han boka “The Pol Pot Regime: Race, Power and Genocide in Cambodia Under the Khmer Rouge, 1975-79”.

1971-1975: Raude Khmer på offensiven

Etter Lon Nol og Sirik Matak sitt maktkupp i 1970, vart dei fyrste kampane mellom dei nordvietnamesiske og kambodsjanske opprørsstyrkane og regjeringa sine troppar utkjempa i mars året etter. Innan ein månad hadde fyrstnemnde okkupert store område i den nordlege delen av landet. Lon Nol si vaklande regjering vart støtta av Richard Nixon og USA, som sette inn rundt 70.000 soldatar i desse områda. Polariseringa mellom Phnom Penh og resten av landet verka større enn nokon gong. På landsbygda kom det til hyppige opprør, og eit stort antal regjeringsansatte slutta i jobbane sine.

USA gjorde sitt for å støtte Lon Nol-styret gjennom massive øydeleggingar av landsbygda ved hjelp av bombefly. Pentagon innsåg at våren sine bakkekampar ikkje hadde hatt ynskt effekt, og B-52-flytokta vart gjenopptekne i juli 1971. Måla var troppekonsentrasjonane til FNL og Raude Khmer, men øydeleggingane ramma fyrst og fremst sivile. Effekten av bombinga var todelt. Ein stor del av folket i dei bombeutsette områda flykta inn til den relative tryggleiken i dei store byane, og primært til Phnom Penh, der dei gjekk inn i liv på sveltetrensa i slummen. Folketalet i hovudstaden, som var på 650.000 då maktkuppet vart gjennomført, passerte millionen mot slutten av året, og kom opp i 2.5 millionar innan 1975.²⁷ Nokre hundre tusen flytta etter kvart den andre vegen, inn i den Raude Khmer-kontrollerte jungelen, der mange vart verva til kamp mot regjeringa i byen dei hadde flykta frå.

Dei fyrste angrepa mot Phnom Penh vart gjennomførte sumaren 1973. 20.000-25.000 mann, rundt halvparten av Raude Khmer sin hovudstyrke, tok del i offensiven som vart slått attende i fyrste del av juli. Angrepa var i stor grad mislukka, mykje grunna at dei vart gjennomført midt i verste regntida.

²⁶ http://en.wikipedia.org/wiki/Ben_Kiernan

²⁷ Short s. 236. Det eksakte talet er omstridd, Kiernan meiner t.d. at talet neppe var høgare enn 2 millionar.

Men Raude Khmer stramma grepet om hovudstaden. Innan midten av august kontrollerte dei alle hovudvegane inn til byen, og innbyggjarane var no heilt avhengige av amerikansk flytransport for å få drivstoff, mat og våpen. Då dei amerikanske bombetokta slutta for godt, hadde folketalet i hovudstaden svulma opp til nesten to millionar, det tredoble av talet før krigen.

I september 1974 kalla Pol Pot sentralkomiteen saman til det årlege plenumsmøtet i Prek Kok. Eitt tema var kva som skulle hende med folket i byane etter at Raude Khmer hadde teke makta. Pot hadde merka seg korleis byane i dei frigjorde områda raskt vende attende til dei gamle, kapitalistiske forholda med marknader og tilhøyrande lyte som vedding og prostitusjon. Folket i byane Kratie og Kompong Cham vart drivne ut på landsbygda i siste halvdel av 1973, som eit førevarsel om det som skulle kome. Resultatet av møtet vart ein einstemmig vedteken resolusjon om at Phnom Penh og dei andre kambodsjsanske byane skulle fråflyttast straks dei var frigjorte, og at folket der skulle få starte eit nytt liv på landsbygda.

Utover 1974 vart det klarare og klarare at det sitjande regimet regjerte på lånt tid. Phnom Penh var gjennomsyra av korrupsjon, og Lon Nol sjølv hadde vist seg inkompetent over lang tid. Ein Raude Khmer-offensiv mot byen starta 1. januar 1975, men den fyrste fasen var relativt mislukka, og førte til store mannetap. I den andre fasen klarte derimot opprørarane å stengje av Mekong-elva frå regjeringsstyrkane. Til no hadde elvekonvoiane stått for 90 prosent av regjeringa sine forsyningar. No måtte dei amerikanske marineekspertane slå fast at vassvegen var lukka for godt. I løpet av mars forlét dei fleste utlendingane byen og landet via helikopter, og 1. april tok Lon Nol med seg ein million dollar frå Kambodsja sin sentralbank for å busetje seg i eksil på Hawaii. No slo kaoset inn for fullt, og alle med pengar eller kontaktar kjempa om seta på dei siste flya ut av landet. Den amerikanske luftbrua fungerte enno, men hadde ikkje kapasitet til å forsyne meir enn halvparten av byen sine innbyggjarar med mat. Det fanst nesten ikkje ris, medisinar eller sjukehussenger, og det som ein gong i tida var ein av dei vakraste hovudstadane i Sørøst-Asia, hadde no blitt "ein karikatur av alle fattige land side lidingar".²⁸ Den 12. april reiste dei siste medlemene av den amerikanske ambassaden frå landet: "Etter å ha brukt ni milliarder dollar – tilsvarende nesten ti års nasjonalinntekt for dette landet – hovudsaklig på luftbombing i en krig som tok livet av en halv million innbyggere, var Amerikas eventyr i Kambodsja omsider over."²⁹

²⁸ Short s. 284

²⁹ Short s. 285

1975: Raude Khmer tek makta

På føremiddagen den 17. april 1975 rykte Raude Khmer-troppane inn i Phnom Penh, og tok over kontrollen av byen. Regjeringsbygningane vart sikra, og regjeringssoldatane avvæpna. François Ponchaud, som var i Phnom Penh på denne tida, fortel at

”en nesten fysisk lettelse ble avløst av alminnelig jubel. Ingen rakett-trussel lenger! Ingen blinde myrderier! Ingen tvungen alminnelig verneplikt! Slutt på det korrupte og forhatte regime som ikke engang betalte soldatene sine! Slutt på blokaden og rasjoneringen av mat!”³⁰

Opprørssoldatar tok oppstilling i større vegkryss, og sørge for at den distinkte svarte uniforma vart synleg i bybiletet. Dei samla inn våpen, ransaka køyrety og gav regjeringssoldatane ordre om å ta av seg uniformene: ”Folkekarnevalet ble avløst av undring, så av forskrekkelse og redsel.”³¹ Raude Khmer-soldatane var i stor grad unge menn frå enkle kår på landsbygda, som aldri hadde vore utanfor sin eigen region før dei vart verva. Soldatar drakk vatn frå toalettskåla, prøvde drikke kanner med motorolje, og åt tannpasta.³² I deira auge var bybuarane ”krigsfangar”, ettersom dei hadde valt å bli verande på fiendtleig territorium, og alt dei eigde var såleis legitimt krigsbyte. Raude Khmer sitt hovudkvarter vart oppretta, og ein komité for utrydding av fiendane vart etablert. Det fyrste denne gjorde var å godkjenne avretting av statsminister Long Boret og andre høgtstående republikanarar, handlingar som vart utførte på ein idrettsplass seinare same dagen.

På ettermiddagen starta organiseringa av den store utmarsjen frå Phnom Penh. Folk fekk beskjed om at dei måtte forlate byen i opptil 2-3 dagar, grunna at amerikanarane var truande til å bombe byen etter det sitjande styret sitt fall. Dette var ikkje uvanleg, og hadde presedens frå småbyane, som ofte vart bomba av regjeringsstyrkane sine fly etter å ha blitt tekne av Raude Khmer.³³ Det var difor relativt små protestar, og det at ein vart lova å få returnere etter kort tid førte til at folk tok med seg få personlege eigedelar. Å drive ut 2,5 millionar menneske på ein dag, utan førevarsel, er å invitere til lidingar i stort omfang. For dei to millionane som hadde flytta inn til byen i løpet av dei siste fem åra, var det nok til ei viss grad positivt å kunne få vende attende til heimstaden og forlate byslummen. Men for dei 600.000 som hadde budd i byen sidan før 1970, tydde flukta at ein måtte gje slepp på alt

³⁰ Ponchaud s. 15

³¹ Ponchaud s. 16

³² Short s. 289

³³ Vietcong hadde tidlegare brukt liknande påskot, og bedd folk ”reise vekk i tre dagar” då Hue vart fråflytta under Tet-offensiven i 1968 (Short s. 292)

ein eigde og kjende, og reise ut i ei ukjend verd ein var totalt ubudd på å møte. På få og smale vegar ut av byen vart det naturleg nok stor trengsel, og farten på utmarsjen var særst låg (på dei mest trafikkerte vegane vart det rapportert om 12-13 kilometer på fem dagar) i den varmaste tida av året.

Ingen av innbyggjarane fekk vere att i byen, og det gjaldt og dei som var innlagde på sjukehus. Ponchaud kunne melde om eit vanvittig syn: ”Sårde og syke i tusenvis, på vei ut av byen, de sprekeste slepte seg ynkelig av sted, andre ble støttet fram av venner, noen fikk ennå blodoverføring eller kunstig ernæring og lå i senger som ble skjøvet fram av familien.”³⁴ Mange av pasientane kom seg naturleg nok ikkje særleg langt, og Short meiner at omtrent 20.000 menneske døydde på veg ut av byen under utdrivinga. Han meiner at sjølv om talet er forskrekkelig, så er det slett ikkje uvanleg stort i etterkant av ein borgarkrig: dei fire fyrste månadane etter den tyske tilbaketrekkjinga frå Frankrike i 1945, døydde 100.000 menneske i hemndrap då motstandsørsla gjorde opp med kollaboratørane. Men ”i Frankrike var det imidlertid enkeltpersoner som sto bak drapene (...) I Kambodsja skyldtes dødsfallene en bevisst politisk beslutning, foretatt av landets øverste myndighet: Pol og CPKs faste komite.”³⁵ Kiernan opererer òg med dødstal rundt 20.000. Han reknar med at halvparten døydde på landevegane på veg ut av byen, medan den andre halvparten kom frå avrettingar av Lon Nol-offiserar, politimenn, embetsmenn og sivile som ikkje lydte ordre.³⁶ Ponchaud opererer derimot med mykje høgare tal: han meiner at deportasjonen kosta hundretusenar av menneskeliv.³⁷

Utanlandske statsborgarar som budde i Phnom Penh, fekk reise til den franske ambassaden og bu der inntil vidare. Dei tre bygningane husa ambassaden sitt personale, plantasjeigarar, eldre franskmenn frå kolonitida, FN-utsendingar, Raude Kors-arbeidarar, sjukehuspersonale og journalistar. I den store parken på utsida låg omkring tusen khmer-folk, kinesarar og vietnamesarar, som hadde lurt seg inn ved å klatre over muren. To dagar etter maktovertakinga kom Raude Khmer til ambassaden, og henta med seg ”forrædarane” som hadde hatt sentrale posisjonar i Lon Nol si regjering, blant dei prins Sirik Matak. Den 20. april vart alle kambodsjanarar, kinesarar og vietnamesarar tvinga ut frå ambassaden og ut på vegane av Raude Khmer. Dei skulle ”slutte seg til folket, og vere med på å bygge landet opp att”. Etter denne utfarta var det seks hundre europearar att i ambassaden. Ponchaud, som sjølv var i

³⁴ Ponchaud s. 16

³⁵ Short s. 296

³⁶ Kiernan s. 49

³⁷ Ponchaud s. 28

ambassaden på denne tida, beskriv atmosfæren som tung, grunna tanken på dei ein var skild frå, samanbrotet og uvissa om kvar dette skulle ende. Likevel meiner han at europearane sin lagnad ikkje på nokon måte var samanliknbar med det dei utjaga måtte gjennomleve: ”Det er merkelig at européernes situasjon, som ble skildret så dramatisk, fanget opp all internasjonal oppmerksomhet og skjøv interessen for khmer-folkets skjebne over på et lavere plan.”³⁸

3.3. Grunngevinga for utdrivinga frå byane

Pol Pot grunn gav utdrivinga frå byane på ymse vis til omverda i tida som følgde. Til vestlege medium gav han inntrykk av at avgjerda om tømninga var impulsiv, og ikkje planlagd på førehand i det heile. Som tidlegare vist, vart ho i realiteten votert fram i sentralkomiteen sitt plenumsmøte i september året før. Han forklarte ho med at det ikkje var nok mat til folket i byane. Ieng Sary frå Raude Khmer kommenterte at den viktigaste grunnen til fråflyttinga var faren for ei uunngåeleg hungersnaud:

”Vi regnet med en bybefolkning på to millioner, men vi fant nesten tre da vi kom til Phnom Penh. Før den tid skaffet amerikanerne mellom 30 og 40 tusen tonn matforsyninger til byen hver måned. Vi hadde ikke midler til å transportere tilsvarende mengder inn til byen. Derfor fikk befolkningen gå og hente maten selv.”³⁹

Ein rapport frå USAID (U.S. Agency for International Development) rapporterte at landet ville trenge frå 175.000 til 250.000 tonn ris det neste året for å unngå ei svoltkatastrofe.⁴⁰ Short meiner at påstandane om matmangel var overdrivne. Matlagra i Phnom Penh var store, og det måtte uansett vere logistisk enklare å fordele rasjonane dersom folk var i byane enn om dei var marsjerande utover mot landsbygda. Ponchaud påpeikar at godt over halvparten av folket i byen hadde flykta frå bombinga på landsbygda i løpet av dei siste par åra, og at desse ville ha flytta attende på eige initiativ og utan tvang. Og når det gjaldt sjølve bybuarane, var det dei siste vekene bygd opp lager av ris som var store nok til å sikre matforsyning i to månader med skikkeleg rasjonering.⁴¹ Kiernan påpeikar at innbyggjartala som Ieng Sary opererte med var overdrivne, og at det faktiske talet låg på under to millionar.⁴²

³⁸ Ponchaud s. 27

³⁹ Frå eit intervju gitt til James Pringle, 04.09.75.

⁴⁰ Kiernan s. 63

⁴¹ Ponchaud s. 31

⁴² Kiernan s. 48

Andsynes kinesarane forklarte Pol Pot derimot at hovudgrunnen var å øydelegge dei USA-drivne spionsentra som hadde hovudkvarter i byane. Dette var ei forklaring som hadde ei viss grad av sanning i seg. Om dagane etter maktovertakinga fortel Ponchaud at ”vi hørte ofte skudd, og ofte så vi store røykskyer stige mot himmelen. Der var faktisk noen motstandsreder spredt omkring i byen (...) Motstandsredene ble tilintetgjort allerede de første dagene, siden forsvarerne verken hadde vann, mat, i noen tilfelle heller ikke ammunisjon.”⁴³ Ponchaud meiner òg at det er hald i argumenta om at dei revolusjonære soldatane var for få til å oppretthalde effektiv kontroll i ein by som hadde vakse så unormalt raskt under krigen:

”Alle vet jo at byene er lagelige for motstanderne av ethvert regime, særlig et regime som holder på å bygge seg opp. Ved å tømme byen for folk fikk de knekket alle tradisjonelle ledere, fikk blandet hele folket i et fulkomment brygg og kvalt enhver mulighet for en planfast opposisjon.”⁴⁴

Short meiner at den eigentlege grunnen til utdrivinga var meir innfløkt. Pol Pot drog parallellar mellom revolusjonen og Parisarkommunen. Grunnen til at denne vart styrta, meinte han, var at proletariatet ikkje utøvde diktatorisk makt over borgarskapet. Sjølv ville han ikkje gå i den same fella.⁴⁵ I eitt av sentralkomiteen sine interne notat heitte det at tømninga vart utforma

”for å bevare kadrenes og soldatenes politiske holdninger, unngå en løsning med en fredelig evolusjon som ville tære bort [revolusjonen] innenfra, bekjempe både korrupsjon, nedbrytende krefter og moralsk fordervelse, få bybefolkningen til å delta i [jordbruks]produksjonen [og] fjerne Sihanouks maktgrunnlag.”

Utjaga studentar og intellektuelle vart ”befriidd fra skitten i imperialismen og kolonikulturen” og ”systemet med privateiendom og materielle goder [som skulle] feies bort.”⁴⁶ Målet med fråflyttinga var såleis ikkje å utrydde byfolk eller intellektuelle, men å skyve heile landet ut i eit inferno av revolusjonære endringar, der gamalt tankegods og alle som nekta å kvitte seg med det, skulle

⁴³ Ponchaud s. 27

⁴⁴ Ponchaud s. 29

⁴⁵ Short s. 309

⁴⁶ Short s. 309

fortærast. Målet var altså ikkje å øydelegge, men å endre.⁴⁷ Kanskje var òg det gamle Angkor-kongedømet (frå det niande til det femtande århundret) ei viktig referanse? Parallellane er fleire: Mål om totalt sjølvstende, avretting av tidlegare offiserar, tvangsarbeid for undersåttane, risdyrking som ei hovudkraft i økonomien, og slaveri. Men ”ikke noe av dette betydde likevel at Pol Pot ønsket å gjenskape fortiden. Målet var ikke å etterligne Angkor, men tvert imot å overgå det gamle kongedømmet.”⁴⁸

Ponchaud trur òg at den viktigaste grunnen til utdrivinga låg på det ideologiske planet, og at utjaginga samsvara med den revolusjonære tradisjonen som Raude Khmer hadde følgd sidan 1972 – der geriljastyrkane tok med seg alle menneska i landsbyane dei hadde teke og førte dei ut i jungelen, for deretter å brenne husa for å ta frå dei einkvar tanke om å vende attende. Denne tømninga bygde på ei ny samfunnsoppfatting: At sjølve byidéen skulle forsvinne. Byane i Kambodsja hadde vakse opp rundt torget, symbolet for kapitalismen. Det gjaldt å gjere reint bord, og byggje opp eit bondesamfunn med lik rett for alle. Utsugarane i byane skulle lære verdien av arbeidet på åkrane, som dei til no hadde forakta: ”Kort sagt, ved å vende tilbake til jorda skulle khmer-folket igjen bli khmer!” Han sympatiserer til ein viss grad med tankegangen, men meiner at tempoet var for høgt og verkemidla for radikale:

”Her leter vi fåfengt etter minste rest av den asiatiske visdom som respekterer tiden, mens vi i Vesten ble anklaget for altfor ofte å neglisjere den. Utjagingen fra Phnom Penh tok ikke sikte på folkets vel. Målet for den var å sikre en abstrakt teoris triumf uten å ta menneskelige hensyn med i regnestykket.”⁴⁹

Kiernan trur at Raude Khmer hadde lært frå frigjeringa av byen Kratie i 1973. Der hadde marknadskreftene fått overleve, og den private sektoren forblei aktiv: ”Honda motorcycles were speeding up and down the streets like before, while our ragged guerillas walked in the dust”.⁵⁰ Dette var kommunistpartiet si skildring av ein situasjon der det hadde oppnådd politisk og militær dominans. Men det var ikkje nok, og partiet følte seg enno undertrykt, grunna at marknadskreftene rådde. Difor måtte byane, hovudseta for marknadene, tømast for folk. Men Kiernan meiner òg at

⁴⁷ Short s. 310

⁴⁸ Short s. 315

⁴⁹ Ponchaud s. 32

⁵⁰ Frå ein artikkel i Raude Khmer-journalen Tung Padevat i august 1975, referert i Kiernan s. 62

deportasjonane var eit kalkulert, strategisk tiltak i ein pågåande militær kappestrid med Vietnam. I tida då fråflyttinga vart planlagd, såg det ut til at det USA-støtta Sør-Vietnam skulle kunne halde stand ei stund til. Så etter Raude Khmer sin siger, ville truleg krigen i regionen enno pågå. Dette var eit trugsmål mot Kambodsja, men og ei moglegheit. Raude Khmer-troppar vart sende til den vietnamesiske grensa rett etter at Phnom Penh vart teken. Planen var å ta område frå det vaklande Saigon-regimet før dei vietnamesiske kommunistane fekk sjansen: "The emptying of the cities was part of a strategy of continuing warfare to reunify the country's ancient territories on the basis of racial homogeneity. For this campaign, Cambodia would be in better fighting shape without vulnerable population centers."⁵¹ Og utan byar vart det lettare å kontrollere innbyggjarane. Det fanst ikkje lenger plassar der folk kunne samlast for å kommunisere, agitere, eller utveksle nyhende.

3.4. Raude Khmer sin ideologi

I perioden då Raude Khmer hadde makta i Kambodsja, såg mange i den vestlege verda parallellar mellom den kambodsjanske og den kinesiske varianten av kommunismen. Dette var nok i stor grad grunna det tette forholdet mellom dei to landa. Men i kor stor grad stemmer dette inntrykket? Det finst ingen fasit, ettersom Raude Khmer sjølv ikkje kommuniserte noko offentleg manifest som kunne kaste lys over dei meir finmaska detaljane i ideologien deira. Men i ettertid har forskarar peika på to faktorar som skilde han frå andre i den kommunistiske verda.

Den fyrste gjaldt *tilhøvet til tradisjonell marxist-leninistisk teori*. Kva slag kommunisme stod eigentleg Raude Khmer for? I Vietnam vart marxismen introdusert allereie på 1920-talet, og hadde såleis lange røtter i landet. Dei kommunistiske rørslene hadde overlevd Frankrike sin okkupasjon, og hadde ein sterk posisjon – og ikkje minst eit sterkt teoretisk fundament. Kommunismen i Kambodsja, på den andre sida, hadde ikkje dei same berebjelkane. Pol Pot, og klikken han heldt seg med under studietida i Paris på 50-talet, var i hovudsak den fyrste generasjonen kambodsjanarar som vart eksponerte for kommunistisk lære. Det kambodsjanske kommunistpartiet, forlauparen til Raude Khmer, vart danna så seint som i 1951.

Noko som kjenneteikna dei kambodsjanske kommunistane, var mangel på teoretisk kunnskap om marxist-leninismen, noko som skulle vise seg under implementeringa av det nye samfunnet under

⁵¹ Kiernan s. 63

Raude Khmer. For Pol Pot og kollegaene hans gav ikkje "den vitskapelege sosialismen" frå verka til Marx, Lenin, Mao og Stalin noko endeleg svar på alle problem som kunne tenkjast oppstå. Kambodsjanarane søkte sin eigen, intuitive veg til kommunismen. Konsekvensen var at partiet sine medlemmer følte at dei ikkje trong studere dei marxistiske klassikarane. Ei såpass uskultert tilnærming til kommunismen mangla sidestykke i kinesisk, så vel som europeisk, marxisme.⁵²

Kambodsja var ikkje eit land som passa inn i den verda opphavsmennene levde i då dei bygde fundamentet for kommunistisk teori. Marx og Engels kom frå land med meir utbygd industri, og ei klarare definert arbeidarklasse, i ei klassesdeling som var særleg klart synleg i byane. Målet om det klasselause samfunnet forutsette at arbeidarklassen skulle ta makta frå kapitalistklassen gjennom væpna revolusjon.

Kambodsja hadde derimot lite industri, og inga arbeidarklasse i marxist-leninistisk forstand. Folk flest budde på landsbygda og var bønder, og byane var dominerte av utlendingar eller etniske minoritetar. Til dømes budde ein stor kontingent franskmenn enno i Phnom Penh, og byen hadde eit klart fransk preg, dominert av fransk mat og kultur, og med franske gatenamn. Middelklassen i byen bestod òg i stor grad av etniske kinesarar og vietnamesarar, der spesielt fyrstnemnde gruppe var dominerande i handelsstanden. Dei store forskjellane i kultur og levestandard førte nok til at folk på landsbygda utvikla harme overfor folk i byane.

Philip Short meiner at bøndene sin grunnleggande mistillit mot byane og bylivet var ein viktig grunn til masseutdrivinga frå Phnom Penh etter Raude Khmer si maktovertaking. Han påstår at dette er ein skepsis som prega alle bonderevolusjonar (ikkje berre i Asia, men og i Europa på starten av 1900-talet) gjennom historia sitt løp. Sosialantropologen Eric Wolf har skrive ei briljant oppsummering av bonderevolusjonar i det 20. århundret i boka "Peasant Wars of the Twentieth Century". Boka kom ut nokre år før Raude Khmer si maktovertaking (i 1969), og denne maktovertakinga representerer kanskje ein ny, ekstrem variant av temaet.

Short meiner at skepsisen mot byane var den einaste moglege motoren i revolusjonen: "Innbyggerne i byene måtte vende tilbake til landsbygda for å forandre seg og knytte seg til khmerenes røtter. Det var

⁵² Short s. 166

en prøvelse, et overgangsritual som de skulle komme styrket ut av, rensset fra bylivets skitt.”⁵³ Bonden vart sett på som idéalet, som eit purt og reint naturmenneske som ikkje var tilsmussa av dei kapitalistiske byane sitt griseri. Bytømminga sitt ikkje uttalte mål var då òg å ta frå borgarskapet alt verdsleg gods som eit skritt på vegen mot å innlemme dei i den fattige bondestanden.⁵⁴

Det ideologiske rammeverket til Raude Khmer kunne difor ikkje oversetjast direkte frå europeisk teori – det måtte tilpassast landet sine realitetar, og bondestanden (som utgjorde den klare majoriteten av landet si befolkning) vart tiltenkt rolla som arbeidarklassen hadde i andre kommunistiske land. Raude Khmer måtte dermed utvikle ei ganske pragmatisk haldning til tradisjonell kommunisme, ei haldning som var unik i den kommunistiske verda. Den kambodsjanske varianten passa difor ikkje utan vidare inn i tradisjonelle ideologibåsar, og forskjellen på den kambodsjanske og den vietnamesiske utøvinga av kommunistisk teori var monaleg.

Den andre kompliserande faktoren i Kambodsja sitt forhold til tradisjonell kommunisme, var *det nasjonale og etniske aspektet*. Kambodsja hadde tradisjonelt hatt eit anspent forhold til nabolanda Thailand⁵⁵ og Vietnam.⁵⁶ Sistnemnde var tungt involvert i oppbyggjinga av Raude Khmer i jungelen på 60-talet, men den historiske rivaliseringa landa imellom låg likevel som bakteppe. Raude Khmer sin ideologi var sterkt nasjonalistisk. Målet var eit mektig og sjølvstendig Kambodsja. Vietnam vart sett på som nyttig for å lære opp Raude Khmer-troppar under kampen mot Sihanouk og deretter mot Lon Nol, men i Kambodsja var ein alltid engsteleg for å la ”storebror” få for stor innverknad.

Ben Kiernan påpeikar at utdrivinga frå byane, etter maktovertakinga i 1975, letta både etnisk reinsing og tilgangen til totalitær makt. Byane vart ”khmeriserte” når dei etniske gruppene vart spreidde.⁵⁷ Særskilt frå 1976 og utover undertrykte Raude Khmer etniske minoritetsgrupper som vietnamesarane og kinesarane. Organisasjonen utvikla ein aukande paranoia mot personar og grupper som vart mistenkte for å samarbeide med Vietnam. Berre ein (ofte ugrunna) mistanke om fraternisering med grupper i nabolandet vart grunnlag for summariske avrettingar. Bygginga av tortursenteret Tuol Sleng (S-21) vinteren 1976 la grunnlaget for ei utrensing i stor skala, ikkje berre av sivile, men òg av kadrar innad i Raude Khmer. Det sterke nasjonalistiske draget utgjorde noko unikt i Raude Khmer sin

⁵³ Short s. 277

⁵⁴ Short s. 292

⁵⁵ Den franske koloniseringa av Thailand i 1867 kom etter kambodsjansk initiativ, for å få vern mot thailandsk aggresjon.

⁵⁶ Vietnam vart mistenkt for å arbeide for eit samla Indokina (Vietnam, Kambodsja og Laos) med Vietnam som sentrum.

⁵⁷ Kiernan s. 63

variant av kommunismen. Marxismen skal per definisjon verke samlande på tvers av landegrensene, men Raude Khmer vurderte etnisitet som eit vel så viktig skiljemerke som ideologi.

3.5. Dei norske avisene om maktovertakinga og Raude Khmer-styret

1975

Den 9. april skildrar *Klassekampen* korleis Lon Nol har flykta i panikk frå Kambodsja etter at FUNK (Front Uni National du Kampuchéa, det offisielle namnet på frigjeringsstyrkane) har klart å stenge av Mekong-elva for forsyningar, og såleis kan svelte ut regimet i hovudstaden.⁵⁸ Lon Nol rømte frå landet den 1. april. Avisa sin motstand mot ”imperialismakta” USA og ”sosialimperialismakta” Sovjetunionen vert uttrykt gjennom fordømming av desse supermaktene si støtte til Lon Nol, og av kritikken deira mot opprørsstyrkane sitt ansikt utad, Kong Sihanouk: ”USA er det landet som har holdt og holder juntaene i Indo-Kina oppe. Midlene er kjente: Penger, våpen, bombing og krigshandlinger med amerikanske tropper.” Og ”Sovjetunionens rolle (...) er historien om hvordan sovjetlederne i fem år har drevet politisk spekulasjon i kampen mellom revolusjon og reaksjon i Kambodsja.” Avisa dreg fram artiklar og fråsegner frå sovjetiske aviser og telegrambyrå som fordømmer Kong Sihanouk ”for fullstendig å ignorere de virkelige interessene til det kambodsjanske folket”.

I *Aftenposten* kan ein dagen etter maktovertakinga, den 18. april 1975, lese den fyrste leiaren av året om Kambodsja.⁵⁹ Avisa meiner at det kvite flagget som i går gjekk til topps over Phnom Penh, må ha verka som eit frigjeringssteikn for innbyggjarane i eit land som i fem år har ofra og lidd i ein nådelaus krig. Men sjølv om dei ikkje lenger treng søkje tilflukt for å verne seg mot granatane frå Raude Khmer-styrkane, så veit kambodsjanarane at framtida er uviss. Den lange og innbitte kampen viser at det har funne stad eit maktskifte som ein stor del av folket motsette seg, og at frigjeringsstyrkane ikkje har folket sin heile og fulle tilslutnad: ”Phnom Penhs maktkamp kunne ikke ha vart så lenge hvis den nasjonale reisning hadde vært så omfattende som det gis inntrykk av. Det ble ikke sluttet fred eller inngått våpenhvile. Det blodige drama endte med den ene parts betingelsesløse overgivelse.” Avisa innser no at heile området har falle på kommunistiske hender, og vil verte påverka frå storebror i aust: ”Erobringen av Kambodsja og Syd-Vietnam er nok skjedd i den

⁵⁸ Klassekampen 09.04.75 s.9: ”’Upletet junta’ – USAs siste desperate trekk”

⁵⁹ Aftenposten 18.04.75 s.2: ”Krigen er slutt”

nasjonale frigjørings navn, men det kan med største sikkerhet forutsies at dette område vil bli dirigert fra Hanoi.” Det vert fastslått at maktovertakinga er eit nederlag for USA, men eit stikk mot sigerherrane kjem: ”...i den politisk fordreide debatt om Vietnam og Kambodsja er det lykkes aktivister å få folk til å betrakte den amerikanske hjelp som en forbrytelse og den sovjetiske og kinesiske som en velsignelse.” Sihanouk si uforsonlege line mot det tidlegare regimet vert kritisert, og avisa vonar at eit nytt blodbad kan unngåast: ”Phnom Penhs erobrere vil også vinne en stor psykologisk og moralsk seier hvis de motstår fristelsen og ikke lar seg forlede til å besudle det hvite flagg med røde blodsdråper.”

I *Klassekampen* den 14. mai tek avisa for fyrste gong opp tømninga av Phnom Penh.⁶⁰

Leiarartikkelen kritiserer den imperialistiske og borgarlege vestlege pressa som ”bombarderer det frie Kambodsja med løgn og hets på linje med den verste anti-kommunismen i 50-åra”. USA har tapt det militære slaget om landet, og Pentagon og CIA prøver difor febrilsk å vinne politisk initiativ etter det sviande tapet med ein lygn-krig som middel. Og dei får hjelp frå Moskva, der Pravda kalla den heltemodige fridomskrigen for ein ”broderkrig”. Anten teier revisjonistpartia sine presser i Vest-Europa om Kambodsja sin kamp og si atterreising, eller så angrip dei landet indirekte. Aftenposten, Arbeiderbladet og Dagbladet får full ryggstøtte frå Washington og Moskva. Klassekampen greier ut om den spesielle nasjonalkongressen som vart halden 27. og 28. april, der det vart vedteke at alle kambodsjanarar bør ta del i byggjinga av det nye Kambodsja, der jordbruksproduksjonen skal aukast kraftig. Denne kampanjen er ein viktig del av rekonstruksjonen av landet, der jordbruket vil vere den leiande faktoren i produksjonen. Det meste av den vesle industrien som fanst, har USA-imperialistane gjort sitt beste for å bombe sønder og saman, og å satse storstilt på å utvikle jordbruket i ein slik situasjon er ei sjølvfølge. Den store marsjen ut av byane var dessutan både naturleg og naudsynt av ein annan grunn, nemleg at dei var overfylte av flyktningar. I Phnom Penh budde neppe meir enn 400.000 menneske før kuppet i 1970, men krigen førte hundretusenar vekk frå landsbygda og inn i dei Lon Nol-juntakontrollerte storbyane: I hovudstaden fanst det truleg nesten to millionar flyktningar, som dels levde av forsyningane som frigjeringsrørsla førte inn i byen i det stille, men hovudsakleg av maten som vart flogge inn av USA sine militærfly. Då 17. april nærma seg, datt luftbrua saman, og hungersnuden truga på kort sikt. Og på lang sikt kunne sjølvstekt Phnom Penh vere ein flyktningleir.

⁶⁰ Klassekampen 14.05.75 s.2: ”Svart hets mot det frie Kambodsja”

Difor bør ein stille spørsmålet: Kvifor skulle flyktningane *ikkje* få dra attende til landsbygda der dei opprinneleg budde? Når det gjeld påstandane om masse mord, meiner Klassekampen at "sjelden har løgnene hatt så lange og skrøpelige bein å gå på". Dei såkalla "opplysningane" baserer seg på andre, tredje, fjerde og femtehandsinformasjon, og det må vere pinlig for norsk og utanlandsk presse som brukte ein fransk lege sine "opplysningar om 300 massakrerte" til siste dråpe, for deretter å måtte bringe dementi frå den same legen etter at det viste seg at dei berre baserte seg på lause rykte. Kissinger hadde òg prøvd seg med påstanden om at alle offiserar i den tidlegare Lon Nol-hæren vart avretta. Men slike ville skuldingar seier meir om Kissinger og åndsbrørne hans, enn om ei reell frigjeringsrørsle og styresmaktene i eit nytt demokrati i Indokina: "Alle 'massakrepåstander' har hittil falt til jorda som bevisste løgner." Klassekampen sidestiller landssviket til Lon Nol med Vidkun Quisling sitt, og meiner det er naturleg at kriminelle av denne typen må betale med livet. Avisa spør: "Mener de hyklende redaktørene i Aftenposten, Arbeiderbladet, Dagbladet og likesinnede organer at Quisling skal graves opp av grava og hans navn gis heder og verdighet igjen? For det er den naturlige konklusjon på deres omsorg for Lon Nol og hans likesinnete i Kambodsja i dag." Alle som hugsar kampen mot fascistmakta Tyskland under siste verds krig, må avvise den forrykte kritikken mot landet: "Den ville borgerhetsen etterlater for øvrig ingen tvil: Det frie Kambodsja har valgt en riktig vei og trår den støtt."

Den fyrste *Aftenposten*-leiaren som reagerer på utdrivinga frå storbyane, kjem den 16. mai.⁶¹ Haldninga til det nye styret skin gjennom når fridomen til det norske folket, symbolisert via morgondagens 17. maifeiringar, vert sett opp mot tilhøva for folket i Indo-Kina, som bur i kommunistiske regime som ikkje tolererer dei fridomsidealane som vi i Noreg kan lovprise. Det nye styret i Kambodsja vert omtala spesielt, grunna konflikten med USA rundt det amerikanske skipet SS Mayaguez (som vart bordra utanfor kambodsjanisk farvatn, men overgitt etter amerikansk flybombing). Avisa trur at det vart lettare for president Gerald Ford å gje ordre om aksjonen grunna "redselsskildringene fra Kambodsja etter gerilja-troppenes innmarsj i Phnom Penh".

Den 16. juni trykkjer same avisa ein reportasje frå New York Times,⁶² som omhandlar "den lange marsjen fra Kambodsjas byer og inn i hjertet av landet". Denne marsjen er no ved enden for omtrent to millionar kambodsjanarar, men enno finst det ei rekkje problem som stend att å løyse, som kolera og mangel på jordbruksreiskapar til den livsviktige risdyrkinga. Ei rekkje menneske har klart å flykte

⁶¹ Aftenposten 16.05.75 s.2: "Fred og frihet" og "Lønnen – og prisen"

⁶² Aftenposten 16.06.75 s.8: "Hard omstilling for kambodsjanere: Sykdommer og redskapsmangel"

over grensa til Thailand dei siste vekene, og skildrar livet etter maktovertakinga til vestlege journalistar. Dei fortel om marsjen ut frå Phnom Penh, der ”folk ble drevet ut fra sine hjem i hovedstaden, kastet ut av sengene i sykehus og tvunget nordover truet av geværmunninger”. Det vert hevda at to millionar menneske har blitt forflytta. Marsjen mot landsbygda (”hovedkriteriet for marsjretningen var hvor den enkelte familie opprinnelig kom fra”), og ankomsten, var prega av mangel på mat og drikkevatt. Fleire flyktingar har fortalt at dei såg born med oppsvulma magar då dei kom fram til destinasjonen sin. Og i fleire av områda har det brote ut kolera, grunna at områda brått har blitt tett folkesett.

Den 2. juli kan *Klassekampen* fortelje at nyhendebyrå sensurerer og omskriv meldingar frå byråa sine eigne folk, for å sverte det nye regimet i landet.⁶³ Avisa refererer til journalisten Richard Boyle, som i engelske *The Guardian* fortel korleis rapportane hans frå Kambodsja vart sensurerte av byrået Associated Press. Fokus vert deretter dreia mot norsk presse, og hetskampanjen mot Kambodsja som fortset både i den trykte pressa og i NRK. 16. juni hadde *Aftenposten* eit stort oppslag om forholda i Phnom Penh, og om korleis frigjeringsstyrkane jaga folk ut av byen, og NRK følgde opp i same stil i eit program 22. juni. *Klassekampen* poengterer at frigjeringsstyrkane måtte evakuere folk frå sjukehus for å betre forholda for dei 25.000 såra som var stua saman under forferdelege forhold: ”Det hele foregikk godt organisert, og styrkene var godt utstyrt med medisiner.” For å sikre forsyninga av matvarer i det frie Kambodsja, må folk sendast ut på landsbygda: ”Men det er ikke snakk om at folk ble drevet bort fra sine hjem, som *Aftenposten* hevder. Folk vender tvert imot tilbake til landsbyer og hjemsteder de måtte rømme fra under USA’s bombing”.

I *Aftenposten* sin leiar den 26. juli, vert *Arbeiderbladet* si dekning av perioden etter maktovertakinga kraftig kritisert.⁶⁴ Avisa meiner at det ikkje finst tvil om kva som skjedde dei fyrste par vekene etter at Raude Khmer-styrkane tok makta: ”Det er nok av troverdige rapporter om en massefordrivelse av bybefolkningen ut på landet og om de lidelser denne tvangsforflytning påførte de ulykkelige mennesker som på denne måte ble drevet på flukt i sitt eget land.” Det er difor utruleg freidig av *Arbeiderbladet* å prøve svekkje sanningsgestalten i desse fyrste (og dei seinare) skildringane av den tragedien som ramma kambodsjanarane etter ”frigjeringa”. Mange aviser rundt om i verda, spesielt aviser som såg med sympati på det styrta Lon Nol-regimet som USA heldt oppe i fem år, anklagast for å ha vist ein forferdande mangel på kjeldekritikk i omtalen av dei sigrande ”Raude Khmerar” sitt

⁶³ *Klassekampen* 02.07.75 s.14: ”Groteske løgner mot Kambodsja”

⁶⁴ *Aftenposten* 26.07.75 s. 2: ”Dårlig unnskyldning”

Kambodsja. Det seiest at denne fullstendige mangelen på sikre informasjonskjelder mogleggjorde ukritiske redselsreportasjar, som tydeleg tok sikte på å svartmale dei nye makthavarane. Men dette er ”en hard dom over aviser og deres medarbeidere som Arbeiderbladet ellers omtaler med den største respekt”.

Det skal innrømast at desse organa av og til kan trykkje artiklar som ikkje er heilt dekkjande for dei faktiske omstenda. Men det kan ikkje vere eit uhell når ein amerikansk diplomat som har skriva ein artikkel i New York Times, vert framheva som det beste sanningsvitnet, medan alle andre som har hatt ei anna historie å fortelje om Kambodsja, har kjelder som er upålitlege og suspekter. Tillitserklæringane til denne amerikanaren skuldast påstandane hans om at flyttinga frå Kambodsja sine større byar ikkje var ein dødsmarsj, slik det er påstått i vestleg presse, men i røynda ei reise vekk frå den visse sveltetød: ”Det er ikke overraskende at Arbeiderbladet liker denne versjonen av ’frigjøringen’ i Kambodsja, men det gjør den ikke mer troverdig enn de mange andre beretninger om de uhyggelige tilstander der.” Det er forståeleg at Arbeiderbladet og andre som i beundring følgde Raude Khmer si maktovertaking, føler seg ille berørte over det som seinare skjedde i Phnom Penh og andre byar i landet. Men ”det hender av og til at heltene svikter og skuffer, og det har de også gjort i Kambodsja”. Det kan vere vanskeleg å vedgå det, men det hjelper ingen å prøve bortforklare dei faktiske forholda. I Kambodsja er dei av ein slik natur at store delar av verda har reagert med sjokk over dei brutale metodane som vert brukte for å tvinge gjennom ein ”bonderevolusjon”. Det er ei dårleg orsaking at bybuarane vart jaga på landet fordi makthavarane var redde for at dei skulle svelte i hel i tettbygde strøk.

Den 15. oktober skriv *Klassekampen* ein heilsides kronikk om at det har gått fem månader sidan det kambodsjanske folket kasta USA-imperialismen ut av landet, og at sjølv om dei kambodsjanske leiarane er ordknappe, er gjerningane deira desto meir talande.⁶⁵ Ordgyteriet til CIA har i det siste dempa seg litt, og Arbeiderbladet har nikka anerkjennande til utflyttinga frå Phnom Penh. Klassekampen fokuserer på tømninga sin effekt for utlukinga av fiendtlege einingar i hovudstaden. Etter at Raude Khmer hadde teke kontroll over elva Mekong, stod det klart for imperialistane at fyrste omgang var tapt. USA og Lon Nol gjekk difor inn for å sikre ei ny runde med krig. Frigjeringsstyrkane som rykte inn i Phnom Penh, fann skisser til ein plan utarbeida av CIA for å ta attende makta i løpet av seks månader: Agentar var etterlatne blant folket for å skape uro og spreie

⁶⁵ Klassekampen 15.10.75 s.13: ”Borgerpressa tier om gjenoppbygginga, mens Kambodsjas folk vinner nye seire”

mistillit, regjeringssoldatar hadde fått ordre om å overgje seg for deretter å gå til motoffensiv etter frigjeringa, og ein utspekulert plan som involverte 20.000 prostituerte skulle korrumpere frigjeringsstyrkane: ”Fiendens planlagte motangrep og forsyningsproblemet viser at det som sto på spill var folkemaktas framtid i Kambodsja. Å tømme Phnom Penh var det eneste tiltaket som kunne sikre mat til befolkningen og knuse fiendens plan så fort som mulig.” Det var umogleg for FUNK å forsyne ein by med tre millionar innbyggjarar, ein million meir enn venta. USA greidde det med naud og neppe, med 30.000-40.000 tonn importerte matvarer i månaden. Visestatsminister Ieng Sary kunne berette at byen var folketom i løpet av fem dagar, at 70% av innbyggjarane då ernærte seg betre enn før frigjeringa, og at ”det er klart at de øvrige 30% mistet sin tidlige overflod og luksus”. Hetsrapportane i europeisk borgarpresser stammar frå CIA, som ikkje har anna enn andrehands kjelder å vise til. Alle skildringar frå augevitne frå ikkje-kambodsjansk hald omtalar fråflyttinga av Phnom Penh som ”et livsviktig, nødvendig og godt organisert tiltak”.

1976

Den 9. mars 1976 har leiaren i *Aftenposten* den bastante tittelen ”Kambodsjas ragnarokk”.⁶⁶ Sjølv om få kjelder har kunna opplyse om tilstandane i landet, verkar det klart at situasjonen har forverra seg det siste året: ”Lon Nols korrupte regime, som de røde khmerer felte med våpenmakt, var ingen velsignelse for Kambodsja, men må nå i ettertid allikevel fremstå som et mindre skrekkbringende alternativ for landets innbyggere.” Den svenske Beijing-ambassadøren Kaj Bjørk har nett vitja delar av Kambodsja, blant anna eit Phnom Penh som no er nede i 100.000 innbyggjarar (mot 2,5 millionar året før). Millionar er drivne ut på landsbygdene, både for å arbeide på rismarkene og for å splintrast slik at einkvar politisk motstand vert umogleggjort. Bjørk seier i eit intervju med Reuter at han ikkje tvilar på at det har vore, og er, betydeleg lidning blant folket.

På eittårsdagen for maktovertakinga i landet, den 17. april, skriv same avisa om den planlagde markeringa, i Kambodsja og i Noreg.⁶⁷ Men dei nye makthavarane og deira klakkørar her heime får ha avisa orsaka for at ho ikkje tykkjer dette er noko å feste for. Kaj Bjørk kunne fortelje at 600.000 etniske vietnamesarar har blitt kasta ut av landet, men dei forholda som massetransporten av dei har gått føre seg under, er ukjende for omverda. Men ”ukjent er imidlertid ikke den brutalitet som de nye makthavere anvendte for å tømme de store befolkningssentra kort etter maktovertagelsen – skjønt det

⁶⁶ Aftenposten 09.03.76 s.2: ”Kambodsjas ragnarokk”

⁶⁷ Aftenposten 17.04.76 s.2: ”Festen i Kambodsja”

skal innrømmes at matmangelen i f.eks. hovedstaden gjorde beslutningen om evakuering noe mer forklarlig”.

I 1975, stiftingsåret for *Ny Tid*, trykte ikkje avisa reportasjar om Kambodsja i det heile. Ikkje før den 17. september 1976 skriv Bjørn Gjelsvik om utdrivinga i den heilsides artikkelen ”Ingen massakrer i Kampuchea!”.⁶⁸ Artikkelen skal vise at den vestlege propagandaen mot Raude Khmer byggjer på lygn og lite truverdige flyktninghistorier. Det velrennomerte amerikanske bladet *Time* vert trekt fram som den einaste publikasjonen som har sagt kva dei meiner om dei såkalla ”massakrane” på det kambodsjanske folket. Bladet skriv at med eit folketal på over 3 millionar under Lon Nol-styret, så følte dei nye styresmaktene seg utrygge på makta si. Dei kunne ikkje stole på sitt eige folk. Difor, skriv *Time*, har dei tydd til terror for å kunne herske mot folket si vilje. *Ny Tid* dreg på si side fram at den amerikanske teppebombinga, som Lon Nol-klikken var ansvarleg for, gjorde at folket sin sympati definitivt låg på opprørsstyrkane si side. Etter makttovertakinga vart fråflyttinga i vestleg presse skildra som om folk døydde i tusenvis av matmangel. Men er dette ei sannsynleg historie? *Ny Tid* tvilar: ”Det virker jo helt tullete at et styre som så klart hadde fått folkets støtte og sympati helt fram til dette tidspunkt, plutselig skulle gå inn for en linje som selvsagt hadde snudd hele befolkningen mot dem.” Og heldigvis er det fritt oppspinn, noko som kan dokumenterast gjennom augevitne-skiildringar, fyrst frå *Le Monde* sin korrespondent i Phnom Penh, seinare frå eit fransk ektepar. *Le Monde* sine regimekritiske Kambodsja-artiklar er derimot ikkje skrivne av ein av avisa sine faste journalistar, men av François Ponchaud, ”en katolsk misjonær (...) som er nært knyttet til gamle franske koloni-interesser.”

Ny Tid viser vidare til eit sitat frå eit hefte utgitt av det uavhengige forskingsinstituttet Indochina Resource Center i september 1975 (”The politics of food”), som skriv at skuldingane ikkje vert stadfesta av augevitne-skiildringar frå Phnom Penh og omliggande distrikt, og heller ikkje av forteljingane som kambodsjanske flyktningar gav til journalistar i Thailand: ”Disse fortellingene gir et helt annet bilde av evakueringen – en evakuering som var planlagt i den minste detalj for å lette de vanskeligheter som befolkningen i Phnom Penh ville stå overfor når de skulle reise ut på landsbygda.” *Ny Tid* meiner at denne gjennomgangen har vist at *Time* sin påstand om at det nye styret fryktar det kambodsjanske folket, ikkje har rot i røynda. Det rette er å snu påstanden på hovudet, det vil seie at leiinga i Kambodsja er det sanne uttrykket for folkeviljen i landet. *Time* påstår

⁶⁸ *Ny Tid* 17.09.76 s.18: ”Ingen massakrer i Kampuchea!”

òg at ein koleraepidemi herja landet i dagane etter utflyttinga, og at denne skal ha teke så mange som 100.000 menneskeliv. Men vi veit i dag at FUNK-leiinga frykta utbrot av kolera i byen, fordi det var mangel på reint vatn. Dette var jo òg ei av årsakene til tømninga.

Kva må då konklusjonen bli, etter å ha gått gjennom artiklane til Time og andre vestlege medium? Ny Tid meiner det er prova at grunngevinga for å hevde at det har foregått ”massakrar” ikkje er haldbar. Difor vert den einaste konklusjonen ein kan trekkje, at det her har foregått ei av dei større lygnkampanjene i moderne tid: ”Denne bakvaskelseskampanjen har som formål å få folk til å glemme de forbrytelsene som USAs regjering har gjort seg skyldig i overfor et lite og nøytralt land.” I tillegg kjem det at Kambodsja, som eit lite land, har sigra over USA, og byggjer seg opp med eigne krefter. Difor er landet eit farleg døme til etterfølgjing for land i den tredje verda.

1977

”Aksjon for et fritt Kambodsja” vart starta opp i april, og *Aftenposten* sin leiar den 5. april omhandlar denne.⁶⁹ Aksjonen er viktig, fordi ”i midten av denne måneden er det to år siden Røde Khmers kommunistiske maktovertagelse i Kambodsja – dagen bør ikke feires, men den bør markeres”. Landet lei sterkt under Vietnamkrigen som slutta for to år sidan, og det er anslått at krigen kosta 600.000 kambodsjanarar livet. Men ”selv slike uhyggelige tall blir overgått av de tap som landets nye makthavere har påført befolkningen, og det til og med i en toårs-periode hvor det ikke lenger hersket krigstilstand”. Ingen som evnar å sjå og som ynskjer å vite, kan lenger vere i tvil om at dei nye makthavarane i Phnom Penh har gjennomført eit folkemord av historiske dimensjonar i sitt vesle land, og ein har ingen indikasjonar på at dei har mildna. Og ”i tillegg til de mange menneskeliv som gikk tapt da millioner av byboere ble drevet ut til nye landsbyer, ofte etter uke- eller månedslange dødsmarsjer, hersker det i dag heller ingen tvil om at store samfunnsgrupper er blitt systematisk tilintetgjort”.

Den 15. april skriv Per Egil Hegge ein regimekritisk artikkel i same avis: ”Folkemord utføres som oftest mot minoriteter. Her er det kambodsjanere som utrydder kambodsjanere, med en systematikk og en grusomhet som man må til 30- og 40-årenes Europa for å finne eksempler på”.⁷⁰ Hegge refererer til den franske forfattere og Kambodsja-kjennaren François Ponchaud, som i si bok

⁶⁹ Aftenposten 05.04.77 s.2: ”Kambodsja-aksjonen”

⁷⁰ Aftenposten 15.04.77 s.9: ”Uhyrlige massakrer i Kambodsjas etterkrigstid”

”Kambodsja År Null” skildrar ein systematisk utryddingspolitikk overfor det gamle regimet sine tilhengjarar. I tillegg til å fortelje om massakrar, fortel han om brutaliteten i det storbyane vart tømde for folk etter maktovertakinga. Skildringane stammar ikkje berre frå kambodsjanarane, men òg frå utlendingar som var i landet då Raude Khmer rykte inn. I alle byar vart bybuarane kommanderte ut på landsbygda på kort varsel. Dei måtte gå. Grunngevinga, slik ho vart gitt av utanriksminister Ieng Sary, var at dei nye makthavarane ikkje klarte å skaffe mat, grunna at folketalet hadde svulma opp over alle handterlege mål. Dei måtte ut på landet, der maten var. Dei som kom seint i gong, og sjukehuspasientane som vart ”tippa ut i gata som vognlast”, døydde i den steikande varmen: ”Beretningene er samstemmige om de råtnende, ubegravde lik som lå langs veiene der kambodsjanerne slepte seg frem – mange av dem fortvilte foreldre som lette efter barn de hadde mistet i folkevrimmelen. Og skutt ble den som ikke ville forlate byen.”

Den 20. april markerer *Klassekampen* at det er to år sidan det kambodsjanske folket sigra i sin heroiske kamp mot USA-imperialismen og den fascistiske Lon Nol-juntaen, og frigjorde landet sitt.⁷¹ Leiar-artikkelen kritiserer Dagbladet si dekning av toårsdagen. Avisa har skrive at ”byene ble systematisk rensset for folk” og at ”under marsjen fra byene og ut til landsbygda døde tusener”. Klassekampen presiserer at det var stor matmangel i dei tidlegare Lon Nol-kontrollerte områda etter frigjeringa. I områda som vart frigjorte under krigen, fanst det derimot mat, og dette var bakgrunnen for fråflyttinga – ei fråflytting som føregjekk velordna og godt organisert. Ei rekkje vitnemål frå vestlege pressefolk, som sjølve vart evakuerte frå Phnom Penh etter frigjeringa, fortel dette, og ”de tusener av døde eksisterer bare i Dagbladets fantasi”. Påstandane om over ein million avretta menneske er eit forsøk på å dekke over drapstala påført gjennom USA-imperialismen si terrorbombing og sine masseavrettingar mellom 1970 og 1975. Kvifor stiller det ”liberale” Dagbladet seg på same side som den svartaste reaksjonen? Kapitalistane fryktar dømet Kambodsja kan setje som pesten, og Dagbladet er ei avis som har teke side i klassekampen. Utanriksdekninga er prega av stoff frå pressebyråa i dei store imperialistiske landa, og Dagbladet sin ”saklege informasjon” ser difor ut som Joseph Goebbels sin skrekkpropaganda.

Den 15. august tek *Klassekampen* eit oppgjær med borgarpressa si viktigaste kjelde til det avisa meiner er hetsen mot Kambodsja: François Ponchaud, og boka hans, ”Kampuchea År Null”.⁷² Ponchaud freistar framstå som radikal, men han er likevel ein forsvarar av den franske kolonialismen:

⁷¹ Klassekampen 20.04.77 s.2: ”Når Dagbladet feirer Kampuchea”

⁷² Klassekampen 15.08.77: ”’Kampuchea år null’ – Forsvarsskrift for USA-imperialismen”

”Han sier at den franske koloniseringa av Kampuchea i 1863 ’hadde ført med seg orden og fred’”. Ponchaud vart sjølv evakuert i siste pulje frå Phnom Penh til Thailand, og har ikkje opplevd anna enn at flyktningane ”var meget ivrige etter å reise tilbake til jorda si”. Likevel dreg Ponchaud den konklusjonen at fleire hundre tusen døydde under utdrivinga, sjølv om han ikkje har sett nokon ”massakrar” sjølv. Han framstiller Lon Nol som nasjonen sin forsvarar under kuppet i 1970, og vert stempla som rasist: ”Frekk som bare en trofast kolonitjener kan være det, sier Ponchaud at folket i Kampuchea er feigt ’slik at de er som sauer som blir ledet til slaktebenken’. Dette og lignende rasistiske uttalelser kommer Ponchaud fram med som ’argumenter’ for å forsvare løgnpåstandene sine”. Klassekampen kritiserer han òg for berre å bruke kjelder frå høgare lag av samfunnet, kjelder som dermed støtta Lon Nol.

Den 17. desember brukar *Aftenposten* si ’lørdagsside’ på ein artikkel frå Brian Eads i The Observer, som skriv om skrekkveldet i Kambodsja.⁷³ Etter å ha intervjuet flyktningar, desertørar og diplomatar i månadsvis, kan han fortelje mange grusame historier om tilhøva i landet. Kambodsja sine byar ligg aude, med unntak av dei leiande Raude Khmer-kadrane som enno bur der. Phnom Penh sitt folketal har gått frå 2,5 millionar til 50.000. Med unntak av ein handfull personar som driv med enkel industriproduksjon, er heile folket sysselsett i jordbruket på landsbygda. Utrenskingane og brutaliteten starta rett etter at Raude Khmer hadde teke makta. 2,5 millionar menneske ”ble da drevet ut av byen som kveg – inkludert syke og sårede, oldinger og barn. Familiene ble splittet. Ektefolk ble skilt fra hverandre og barn skilt fra sine foreldre og søsken.” Sidan den gongen har Raude Khmer heile tida fylgt opplegget: ”Driv folk ut i omgivelser som de ikke kjenner. Forvirr dem. Bryt ned deres selvtillit og tilliten til hverandre. Fjern mulighetene for motstand. Få dem til å forstå at ’all visdom ligger hos Angka’ og at Angka ikke tåler innsigelser.”

I leiaren den 20. desember tek *Klassekampen* eit oppgjer med denne reportasjen, ein reportasje som ”tyr til åpenbare falsknerier og bruker bilder av CIA-agenter for å framstille grusomme og ’følelseskalde’ frigjøringssoldater”.⁷⁴ Eit hovudpoeng for den norske reaksjonen er utdrivinga frå Phnom Penh i 1975. Det er velkjent at denne redda folk frå massedød, for kvar skulle dei få maten frå om dei ikkje drog ut på landsbygda for å produsere han? I ein tosiders reportasje angrip avisa *Aftenposten* si dekning av situasjonen i landet. Ho skriv at ”millionar av menneske vart drivne ut av

⁷³ *Aftenposten* 17.12.77 s.23: ”Skrekkvelde i Kambodsja”

⁷⁴ *Klassekampen* 20.12.77: ”Aftenposten dikter redselsfulle historier om Demokratisk Kampuchea: Med sitatfusk og falske bilder – solid planta fra imperialismens side”

byen som kveg”. Men USA si teppebombing dreiv folk frå landsbygda og inn til byane, slik at Phnom Penh sitt folketal gjekk frå 600.000 før 1970 til 3 millionar i 1975. Tømminga av hovudstaden var naudsynt av fleire grunnar. For det fyrste vende folk heim til landsbyane sine, som USA og deira lakei, Lon Nol, hadde drive dei bort frå. Der fekk dei tildelt jord av den lokale administrasjonen. For det andre hadde ikkje Phnom Penh, som hadde blitt vanstyrt over fem år, nok ressursar verken av mat, vatn, medisinar eller hus, til å ta seg av dei 3 millionane på skikkeleg vis. Og var det slik at folk vart drivne ut ”som kveg”? Nei, eit senter ved hovudstaden registrerte alle som drog ut, og fordelte dei til regionar alt etter kvar dei kom frå. På heimstadane fekk dei deretter tildelt jord. Alle fekk nok mat under fråflyttinga – i påvente av sigeren var det på førehand samla opp ris nett til ein slik situasjon. Ein fransk eks-offiser fortalte til *Le Monde* at dei evakuerte flytta seg sakte og tok lange pausar av omsyn til born og eldre. Det vert difor gale når borgarpressa seier at byen vart tømt på ”få timar”. Operasjonen tok sju dagar, og var planlagd ned til minste detalj. Klassekampen kan òg fortelje at alle sjuke fekk spesialhandsaming under flyttinga. Grunnen til at ein del sjuke måtte flyttast, var at sjukehusa var overfylte og ikkje kunne ta seg av mange av dei sjuke. Ifølgje rapportar var sjukehusa rå og usanitære.

1978

Den 27. januar melder *Klassekampen* at ”Morgenbladet går over streken i Kampuchea-hets”.⁷⁵ Morgenbladet skreiv dagen før om 2,5 millionar drepne, ekstrem svolt og kannibalisme under flyttinga frå Phnom Penh i aprildagane 1975. Klassekampen er ikkje samd: ”Til og med svært reaksjonære forteller at den foregikk rolig, uten ’massakrer’ og med nok mat til alle.” Når skal dei reaksjonære undersøkje før dei skriv? ”Er det god presseskikk, Morgenbladet, å servere påviselige løgnhistorier i kilometervis?” Oppgjeret med Morgenbladet fortset dagen etter.⁷⁶ Ein kan plukke frå kvarandre all lygnpropagandaen ved å setje dei ulike reaksjonære imperialistvenlege journalistane og ”kjeldene” opp mot kvarandre. Den franske *Le Monde*-journalisten Patrice de Beer, som sikkert hatar Kambodsja like mykje som Morgenbladet gjer, overvar tømminga av Phnom Penh etter frigjeringa. Han såg seg nøydd til å vedgå at det heile føregjekk i ordna former, og at folk var entusiastiske: ”Han kom dermed i skade for å torpedere ’rapportene’ som gikk i verdenspressa om ’massakrer’ og ’utrolige pinsler’, skrevet av journalister fra skrivebordene i Thailand, som ikke sjøl overvar evakueringa.”

⁷⁵ Klassekampen 27.01.78 s.7: ”Morgenbladet går over streken i Kampuchea-hets”

⁷⁶ Klassekampen 28.01.78: ”Morgenbladet om Kampuchea: Slår seg sjøl på kjeften”

Den 19. april skriv *Klassekampen* om feiringa på treårsdagen for Kambodsja si frigjering.⁷⁷ Ny Tid-journalist Egil Ulateig heldt tale til festmøtet, der han tok føre seg dei få hovudkjeldene for hetsen mot det frie Kambodsja. Den eine gjaldt nyhenderapportane om ”tvangsevakueringa av Phnom Penh”. Ulateig meiner at denne myten er skapt av New York Times-journalisten Sydney Schanberg. Han såg ikkje eitt einaste tilfelle av at nokon vart drepne, eller at nokon vart drivne ut med vald. Han berre ”hørde om det” i den franske ambassaden i Phnom Penh. Historiene hans vart grunnlaget for den amerikanske spaltisten Jack Anderson sine artiklar, der han kalla utdrivinga frå byane for ”det største brotsverket som er begått sidan nazistane dreiv jødane i gasskamra”. ”Sjelden har rapporter med så uvederheftig innhold gått over verdens massemedia”, skriv Ulateig i talen som vert trykt i sin heilskap to dagar etter.⁷⁸ ”Men den andre siden kom vel også frem? Beretningene om en velordnet marsj, planlagt i flere måneder, satt i scene for å redde liv og unngå kaos etter krigens ødeleggelser? Det finnes tallrike slike beretninger. Men vi leste eller så dem ikke. De passet ikke inn i mønsteret.”

Den internasjonale Kambodsja-høyringa (som skal handle om utviklinga i landet etter Raude Khmer si maktovertaking) skal haldast i Oslo mellom 21. og 23. april 1978, og vert arrangert av krinsane rundt Unge Høyre, biskop Alex Johnson og Haakon Lie. I det høvet skriv *Aftenposten* om det store flyktningproblemet i landet under Raude Khmer sitt regime: ”17. april 1975 falt Kambodsjas hovedstad Phnom Penh. De kommunistiske Røde Khmer-styrkene tok over kontrollen av landet og satte i verk en grufull forflytning av innbyggerne fra de største byene til landsbygden. Alle ble drevet ut, ung som gammel, frisk som syk. Det er vanskelig å fastslå hvor mange tusener som omkom i denne prosessen.”⁷⁹ Under høyringa kunne Nai Oum, ein tidlegare lege i Phnom Penh, fortelje at ”evakueringen av sykehusene var et mareritt. Alvorlig syke og nyopererte ble tvunget til å dra avsted og ble liggende langs veikanten hvor de døde. En barneavdeling ble en stor fellesgrav fordi ingen fikk lov til å hente barna”.⁸⁰

Kambodsja-høyringa vert omtala i *Ny Tid* den 18. mai.⁸¹ Journalist Kjetil Paulsen er naturleg nok skeptisk til høyringa, men trur samstundes at når det gjeld tømninga av byane etter maktovertakinga, så skjedde ho ”antakelig ikke uten brutale metoder”. Ein kan neppe førestille seg at Phnom Penh sine

⁷⁷ Klassekampen 19.04.78 s.9: ”Feiringa av Kampuchéas frigjøring: Bred front mot løgnkampanjen”

⁷⁸ Klassekampen 21.04.78 s.9: ”Løgnkampanjens fire pillarer” (sic)

⁷⁹ Aftenposten 20.04.78 s.4: ”Kambodsja: Tusener av flyktninger fra et lukket land”

⁸⁰ Aftenposten 29.04.78 s.3: ”Umenneskelige lidelser”

⁸¹ Ny Tid 18.05.78 s.14: ”Problemet Kampuchéa”

3 millionar innbyggjarar av fri vilje og totalt disiplinerte kunne forlate byen på så kort tid. Regimet hevdar at utflyttingane var naudsynte grunna overfolkinga i byane som følgje av amerikanarane si teppebombing på landsbygda. Paulsen skyt inn at Saigon òg var i ein liknande situasjon etter frigjeringa, men der var det likevel ikkje snakk om noka dramatisk folkeflytting. Ny Tid nemner òg eit anna faktum: utdrivinga gjorde det vanskeleg for einkvar opposisjon mot Raude Khmer. Byane var industrielle, kulturelle og intellektuelle senter der motkrefter lett kunne oppstå. Kambodsja-høyringa sitt ”trumfkort”, Jean Lacouture, hevda at dette var hovudårsaka til utflyttinga.

I same utgåve skriv Egil Ulateig om den kambodsjske revolusjonen, som han meiner er eksemplarisk frå eit maoistisk synspunkt.⁸² Øydeleggingane etter amerikanarane si bombing var utrulege, både sosialt og demografisk. Av menneske på flukt frå dei djevelske B 52-flya svulma Phnom Penh sitt folketal opp frå ca 500.000 til 2,7 millionar på få år. Dette er eit sentralt punkt for å skjønne den såkalla ”dødsmarsjen” ut av hovudstaden i april 1975: ”I denne byen, hvor en liten elite veltet seg i luksus og offiserer daglig svindlet millionbeløp, var det ingen som tenkte på flyktningenes velferd.” Sjukehusa kunne best skildrast som likhus, og då frigjeringa kom, vedgjekk statsministeren i Lon Nol-regjeringa at det berre fanst matforsyningar i byen for seks dagar. Ulateig skriv at ”jeg ser ’dødsmarsjen’ ut av Phnom Penh, mot en landsbygd med rismarker og fiskerike elver, som en revolusjonær, human gjerning som trolig reddet titusener av menneskeliv.” Det var inga halslaus gjerning: Det finst talrike vitneutsegner som røper at marsjen var temmeleg godt planlagt. Det var til og med laga identitetskort. Og ”det rare er jo at alle de som har spredt redselsskildringene fra marsjen aldri har sett noen dø, når de blir omhyggelig utspurt.” Ulateig innrømer at sjølvsagt fanst det òg andre motiv bak utdrivinga, som til dømes ei reell frykt for undergravande element.

3.6. Reservasjonar rundt intervju om hendingar frå fortida

Eg har vore heldig nok til å få intervju tre personar som var aktive i debatten rundt Kambodsja i den aktuelle perioden. *Elisabeth Eide* var medlem av AKP(m-l), og var ein av medlemene i den einaste norske delegasjonen som fekk vitje landet under Pol Pot sitt styre.⁸³ *Egil Ulateig* var journalist i Ny Tid mellom 1975 og 1978, og var kanskje den i avisa som var mest oppteken av (og skreiv mest om)

⁸² Ny Tid 18.05.78 s.14: ”En farbar vei”

⁸³ Eg tok òg kontakt med andre som var involverte i Klassekampen og/eller AKP(m-l) på denne tida. Finn Sjøe hadde diverre ikkje tid til å ta del. Sigurd Allern verka positiv til å ville svare på spørsmåla eg sende, men returnerte aldri med svar. Pål Steigan svarte ikkje på brev.

tilstandane i landet.⁸⁴ *Per Egil Hegge* var redaktør i *Aftenposten* på denne tida, og skreiv dei fleste av leiarartiklane om Kambodsja mellom 1975 og 1977.⁸⁵

Tone Kvernbekk har skrive ein artikkel om etterpåklokskap (*hindsight*) i samband med historieskriving, der ho karakteriserer denne som eit tveeggja sverd.⁸⁶ På den eine sida er retrospeksjon ein naudsynt føresetnad for å kunne konstruere eit historisk perspektiv. Men på den andre sida er attendeskoding ei kjelde til upresis attforteljing og urettvis dømning, noko som kan forstyrre forståinga vår av historia sin sanningsgrad.

Eit attendeskodande perspektiv treng kunnskap om ei ending, i vårt tilfelle om korleis historia om Raude Khmer sitt styre slutta, og korleis dei eigentlege forholda vart avdekka i tida etter. Med denne kunnskapen kan ein forteljar reevaluere tidlegare hendingar ut frå kva som hende etterpå. Tidlegare hendingar får ein ny status, fordi ein endrar dommen over meininga deira sett i etterpåklokskapen sitt lys, ved hjelp av breiare og djupare kontekstar. Å sjå fortida gjennom samtida, som vi naudsynleggjer, gjer det umogleg for oss å skildre ting som dei ”verkeleg var”.

Det er ei kjend sak at nokon av intervjuobjekta har endra eller moderert den ideologiske ståstaden sin i ettertida, og dermed ikkje lenger kan stå inne for meiningane dei hadde på denne tida. Slike faktorar kan altså vere med på å påverke svara intervjuobjekta gjev på visse spørsmål, og dette er vanskeleg å gardere seg mot. Sjølv om intervju kan vere ein framifrå måte til å få fyrstehandskjennskap til konfliktlinene i dåtida, er det difor viktig å ha visse reservasjonar i mente. I tillegg ligg hendingane langt attende i tid, og ein må ta atterhald om at minne kan vere uklare, eller at ein hugsar feil.

3.7. Drøfting av Klassekampen si dekning

Klassekampen, på same måte som AKP(m-l), bestod primært av ungdom og unge vaksne som hadde vakse opp med Vietnamkrigen. Og protestaksjonane og -rørslene mot denne krigen påverka nok korleis medlemene såg på frigjeringsrørslar generelt. Med Raude Khmer spelte nok òg den

⁸⁴ Eg prøvde òg ta kontakt med tidlegare SV-formann og *Ny Tid*-skribent Berge Furre for å få synspunkta hans. Han var tidvis i konflikt med Egil Ulateig, og representerte eit anna syn på Kambodsja-debatten spesielt og SV sin politikk generelt. Diverre var Furre sin helsetilstand for dårleg til at han kunne late seg intervju.

⁸⁵ Eg fekk òg intervju Gunnar Filseth, som var utanriksjournalist i *Aftenposten* mellom 1969 og 2001. Diverre kom svara hans litt for seint til at eg fekk brukt dei i oppgåva.

⁸⁶ Kvernbekk s. 639-650

geografiske faktoren inn – landet var nabo med Vietnam, og hadde blitt utsett for amerikanske bombetokt i stort omfang i åra før. Lon Nol-regimet vart halde oppe av amerikansk støtte, både militært og materielt, og det verkar såleis ganske naturleg at norske venstreradikale grupper støtta opp om Raude Khmer sin geriljakrig. Om sjølve Raude Khmer-organisasjonen visste ein lite – men med tanke på kven som var fienden, så verka det nok rimeleg sjølv sagt å gje opprørarane støtte. Som Østvik påpeikar, trudde venstresida at Raude Khmer var ei kommunistisk rørsle av same type som FNL i Vietnam, og dei vart difor sett på som ei nasjonal og sosial frigjeringsrørsle.⁸⁷

Elisabeth Eide var som nemnt medlem av AKP(m-l) i desse åra, og var med i den norske delegasjonen som vitja Kambodsja hausten 1978. Om Raude Khmer seier ho at ho kjende altfor lite til dei, og at ho trur dei fleste kjende mykje betre til det som hende i Vietnam. Ho seier seg samd i at Vietnamkrigen nok påverka forholdet hennar til Raude Khmer si maktovertaking, og at USA si bombing av Kambodsja tidleg på 1970-talet gjorde at ho såg på Raude Khmer med mildare auge enn ho elles ville ha gjort. Men ho legg til at dette ikkje er noka orsaking for manglande sjølvstendig kritisk sans.⁸⁸

For Eide verka tømninga av Phnom Penh i etterkant av maktovertakinga i 1975 delvis logisk, i og med at bistanden frå USA til byen tok slutt. Og Raude Khmer hadde ikkje støtte frå Sovjetunionen, i motsetning til Vietnam. Folketalet i byen hadde dessutan svulma kraftig opp, grunna bombinga av landsbygda. På den andre sida hadde Raude Khmer kontakt med Kina, som kanskje kunne ha hjelpe dei lidande bybuarane. Og i ettertid meiner ho at det er lett å sjå dette som eit ledd i Raude Khmer si etablering av kontroll over folket, ved å få dei flytta til områda dei kontrollerte.

Mange kjelder, som Sydney Schanberg og François Ponchaud, kunne fortelje ein ganske annan versjon av utdrivingsprossessen enn den som kom frå Raude Khmer-hald. Eide fortel at det i ml-rørsla herska ein generell mistillit til kjelder som ikkje delte deira egne synspunkt, og trur dette bidrog til ei åndeleg forkrøpling som hemma kritisk og uavhengig tenking. Det fanst meir sjølvstendige kjelder som forsvara fråflyttinga, som dei franske forfattarane Jerome og Jocelyne Steinback (i ”Phnom Penh Libérée”) – men kor uavhengige dei eigentleg var, vart vel aldri undersøkt. Med Schanberg (ikkje minst gjennom filmen ”The Killing Fields”) starta for hennar del erkjenninga av feilvurderinga.

⁸⁷ Østvik s. 54

⁸⁸ Eide i e-post til forfattaren, 14.02.2014, jf. appendiks

Eide las òg Ponchaud, og tykte i ettertid at han verka relativt etterretteleg. Klassekampen var derimot særskild kritisk til den franske presten, og til boka han skreiv om tilhøva i landet ("Kambodsja år null"). Avisa meinte at Ponchaud var "ein katolsk misjonær som var ein nær ven og svoren tilhengjar av Lon Nol".⁸⁹ Ut frå innhaldet i Ponchaud si bok, finst det vel neppe noko grunnlag for å påstå at han hadde eit personleg forhold til Lon Nol, og heller ikkje at han støtta han på noko vis. Han skildrar i staden regimet som "korrupt og forhatt".⁹⁰

AKP(m-l) hadde eit varmt forhold til Kina, som støtta Raude Khmer økonomisk og militært. Eide meiner at denne assosiasjonen nok hadde ein del å seie, men lurar samstundes i ettertid på om Kina var skeptiske til delar av Raude Khmer sin politikk.

I 1975 tok partiet eit oppgjær med det såkalla *høgreavviket*. Bygd på Tron Øgrim sine "teser om høyreavviket" frå året før, var det eit oppgjær med tendensar i partiet som gjekk mot den opprinnelege radikalismen som partiet var bygd på. Partiet hadde, ifølgje tesane, blitt for rundt i kantane, og for lite fokusert på opprinnelege mål som arbeidet for revolusjon og proletariatet sitt diktatur. Øgrim sitt skriv vart sirkulert i AKP(m-l) sin sentralkomite, og godteke som korrekt kritikk. Dette førte til skifte av partiformann (frå Sigurd Allern til Pål Steigan), og til ei markant radikaliseringsprosess, noko som nok gjorde at støtta til Raude Khmer-regimet vart sterkare enn ho elles ville ha blitt. Eide meiner dette utvilsamt er tilfelle, og at det var starten på eit liv i ei meir politisk isolert og sekterisk verd. "Alt" vart gjort til høgreavvik, og avviket bestod ikkje minst av å verte påverka av utanforståande sine meiningar (som per definisjon var feilaktige) – inkludert alternative meiningar om tilstandane i Kambodsja. Eide trur at Tron Øgrim sin påverknad kan ha vore vel så viktig som at Pål Steigan tok over som partiformann. Og den påverknaden er nok ein konstant storleik i denne perioden av rørsle si historie. Han var av mange rekna som den største tenkjaren, om ikkje akkurat den største organisatoren.

Eide var ein del av den norske AKP(m-l)-delegasjonen som reiste til Kambodsja hausten 1978. Landet hadde vore hermetisk lukka for omverda sidan revolusjonen, og Eide erkjenner at dei hadde særskild lite kunnskap om kva som gjekk føre seg i landet. For hennar del, som ikkje var medlem av partileiinga, vart det berre kort tid før avreise gjort klart at dei ikkje berre skulle til Kina, men òg til

⁸⁹ Klassekampen 03.05.77 s.2: "Nytt 'namn' i CIA-fronten mot Kampuchea"

⁹⁰ Ponchaud s. 15

Kambodsja. Tida til førebuingar vart difor knapp. I ettertid har det kome kritikk over at medlemene av delegasjonen under opphaldet var for lite innstilte på å stille kritiske spørsmål, og å finne ut av ting på eiga hand. Eide er samd i at dette burde ha blitt gjort, om ein hadde hatt ei anna og kritisk innstilling "uten partiloyal enøyddhet". Dei gjekk i gatene, éin gong aleine, så vidt ho hugsar. Viktigare er vel dei manglande konklusjonane av det dei såg. Ho har tidlegare skrivne at det heng saman med ei heilt sviktande forståing av land i "den tredje verda" og utviklinga deira. Til dømes: Kva utgangspunkt hadde Kambodsja før bombinga starta, og Raude Khmer, ei i utgangspunktet marginal rørsle, styrka seg? Eide er usikker på om dei hadde noko "glansbilete" av landet på førehand – dei reiste til eit krigsherja område. Samstundes er ho heilt samd i at dei burde ha vist ein større kritisk sans. Og sjølvsgt hadde dei eit eige ansvar for å unnvike kambodsjanarane sine framviste glansbilete. Men problemet var at "partiånd" på denne tida innbaud til å stole på dei ein hadde samband med, og som delte same ideologi, noko som bidrog til at den kritiske sansen vart lagt vekk.

3.8. Drøfting av Ny Tid si dekning

Egil Ulateig jobba som journalist i Ny Tid mellom 1975 og 1978. På spørsmål om kva kjennskap han hadde til Raude Khmer før maktovertakinga i 1975, svarar han at han trudde han hadde god kjennskap til organisasjonen, men at han etter kvart oppdaga at informasjonen var sterkt ideologisk farga. Dette var informasjon frå artiklar og bøker som var skrivne av personar med ulik tilknytning til krinsar rundt AKP(m-l). Han hadde på denne tida reist mykje rundt i den fattige verda, og var, som bondegut sjølv, overtydd om at utviklinga måtte skje på landsbygda. Vietnamkrigen hadde ikkje så mykje å seie for den haldninga. Det hadde heller ikkje USA si bombing av Kambodsja tidleg på 1970-talet, sjølv om han var ein sterk motstandar av nesten alt USA gjorde i fattige land over heile verda. Så inntrykket av Raude Khmer før 1975 var definitivt positivt.⁹¹

Raude Khmer si maktovertaking hende fire månader før Ny Tid såg dagens lys. For å stille eit kontrafaktisk spørsmål: Korleis ville avisa sin analyse ha sett ut, om ho hadde eksistert på dette tidspunktet? Ulateig meiner at Ny tid og SV aldri var store tilhengjarar av Raude Khmer. Mellom andre var Berge Furre særskild kritisk. Ulateig og Furre hadde så å seie ikkje noko forhold til kvarandre. Ulateig såg på Furre som ein gamaldags, borgarleg sosialist. Dessutan var han, etter Ulateig sitt syn, altfor venleg innstilt overfor kommunismen i aust. Ulateig hadde alltid forakta sovjetkommunismen,

⁹¹ Ulateig i e-post til forfattaren, 31.01.2014, jf. appendiks

og vasallregima deira i Aust-Europa, men Furre forsvara dei stadig vekk. Ulateig trur difor at Ny Tid ville ha vore varsame i støtta si til Raude Khmer. Ulateig sjølv var på dette tidspunktet heilt overtydd om at organisasjonen ville frigjere landet frå det korruperte Lon Nol-styret, og var òg viljug til å ”sjå gjennom fingrane” andsynes dei harde metodane som vart brukte for å knekkje det han kalla landssvikarane.

Om utdrivinga i dagane etter maktovertakinga i april 1975, seier Ulateig at han hadde forståing for denne politikken, men at han byrja tvile då han skjønna graden av tvang som var involvert, og hørde om dei harde metodane som vart nytta. Men han såg framleis føre seg at dette var ein overgang, i ein desperat situasjon. No byrja han likevel verte skeptisk til informasjonen. Og ikkje minst vart han skuffa over eit møte med utsendingar frå Raude Khmer-styret i Oslo i 1978, under det AKP(m-l)-initierte alternativet til den omtala ”Kambodsja-høyringa”. Han hevdar å ha stilt kritiske spørsmål, men berre fått meiningslause svar. Han reagerte òg på korleis AKP(m-l) totalt hadde regien over heile opplegget.

Ny Tid skreiv som nemnt ikkje ein einaste reportasje om Kambodsja før september 1976. Ulateig trur at mykje av grunnen til dette ligg i splittinga på venstresida. Dette var ei tid med parallelle støttekomitear, både for Vietnam, Kambodsja og Palestina. SV og Ny Tid vart overkøyrde av AKP(m-l) i Kambodsja, og dessutan var leiinga i partiet, og difor avisa, etter kvart særskild kritisk til Pol Pot. Ulateig var ein av dei få som hadde vanskar med heilt å ta avstand frå Raude Khmer, og han fekk mykje intern kritikk. Med rette, legg han til.

Korleis var kjeldeutvalet som Ny Tid brukte for å finne ut kva som hende i Kambodsja? Om François Ponchaud, den franske misjonæren som budde i Phnom Penh under maktovertakinga, fortel Ulateig at han personleg var i konfrontasjon med han under Kambodsja-høyringa i Oslo. Han leit ikkje på han.⁹² Ulateig var tilhengjar av eit syn på revolusjon i den fattige verda som sprang ut av Franz Fanon og Fidel Castro. I ein polemikk med Berge Furre i Aftenposten, nytta Ulateig den gamle aforismen til Thomas Jefferson: ”To make an omelette, you have to crack some eggs”. Ny Tid hadde på denne tida ein særskild samansett redaksjon av ymse grupperingar på venstresida – gamle Arbeiderpartifolk, kommunistar, og meir liberale venstreradikale som Steinar Hansson. Ulateig vart på det næraste skulda for å vere ein AKP(m-l)-moldvarp der. Han presiserer at han aldri var med i dette partiet, men

⁹² Som nemnt i førre del, omtala Ny Tid-journalist Bjørn Gjelsvik Ponchaud som ”en katolsk misjonær (...) som er nært knyttet til gamle franske koloni-interesser”

kjende fleire av dei sentrale leiarane, og han likte ikkje terrormetodane dei nytta andsynes sine egne medlemmer. Til dømes forakta han Sigurd Allern og Pål Steigan.

3.9. Drøfting av Aftenposten si dekning

Per Egil Hegge var redaktør i Aftenposten i denne perioden. Han hadde lita tru på at det nye styret kunne føre til ei forbetring i levkåra hjå folk flest, men hadde likevel ein von om at det ikkje kunne verte stort verre enn under Lon Nol sitt styre. På spørsmål om i kor stor grad Aftenposten si negative haldning til maktovertakinga var ei naturleg følge av avisa si støtte til USA i Vietnamkrigen, trur han at det nok heng saman, men at Raude Khmer i tillegg hadde synt lite vilje til demokrati og respekt for menneskerettar.⁹³

Om tømninga av byane i etterkant av maktovertakinga, meiner han at forklaringane til det nye styret (byane mangla mat, og landsbygda trong fleire hender) var rasjonelle nok. Det som derimot ikkje var rasjonelt, var den massive nedslaktinga av forsvarslause landsmenn dersom ein mangla arbeidskraft. Han vart tidleg overtydd om at det nye styret ville føre til ein katastrofe for landet, då dei fyrste meldingane om dei brutale brotsverka kom – og dei kom ganske raskt.

Hegge skreiv dagen etter maktovertakinga at ”Kambodsja (...) vil bli dirigert fra Hanoi”. Kor stor påverknad Vietnam ville ha på Kambodsja sin politikk framover, meiner han var heilt på det uvisse. Men i Aftenposten visste dei for lite om den etniske konflikten mellom khmerar og vietnamesarar. Han var ein mykje sterkare faktor enn ideologien.

På spørsmål om Aftenposten i 1975 var venlegare innstilt til Kina enn til Sovjetunionen (gitt USA sin oppmjukingspolitikk og Nixon si vitjing til Beijing i 1972), og om dette spelte ei rolle for avisa sitt syn på det Kina-vende Raude Khmer, seier Hegge at Aftenposten ikkje var mellom dei som vurderte galskapen under kulturrevolusjonen i Kina særleg positivt. I så måte var avisa på line med det kinesiske september-plenumet i 1978 (der Deng Xiaoping angreip kulturrevolusjonen og arven etter Mao).

⁹³ Hegge i e-post til forfattaren, 29.01.2014, jf. appendiks

Aftenposten brukte kjelder som den franske misjonæren François Ponchaud, som budde i Phnom Penh under maktovertakinga. Aviser som Klassekampen meinte at slike (ein kristen misjonær tilhøyrande den tidlegare kolonimakta) ikkje var til å stole på. På spørsmål om han nokon gong følte at han hadde grunn til å tvile på kjeldene, som òg inkluderte den Pulitzer-vinnande journalisten Sydney Schanberg, tykte Hegge at dei verka, og skulle vise seg å vere, særst truverdige. Avisa trykte allereie i mai 1975 skildringane frå nedslaktinga i sjølve hovudstaden, då kambodsjanarar som levde saman med vestlege menn eller kvinner vart henta ut frå den franske ambassaden og klubba ned utanfor gjerdet. To svenske kollegaer, frå Sveriges Radio og Expressen, såg det. Hegge påstår at det sjølvstakt var utenkjeleg for AKP(m-l) at ein pater kunne snakke sant. Han møtte Schanberg i Phnom Penh i november 1972. Han verka særst solid og truverdig – og modig. Det viste seg òg seinare, då han grov fram historia om korleis tidlegare guvernør og visepresident Nelson Rockefeller døydde. Det var Schanberg sin fotograf som gav råmaterialet til filmen *Dødsmerkene*, som Klassekampen oppmoda om boikott av fordi han inneheldt ”imperialistisk løgn og historieforfalsking”.

Når ein vil analysere Aftenposten sine haldningar til maktovertakinga, må ein òg ha i mente avisa si historie. Ho vart starta som ei konservativ avis, og knytte seg tidleg til partiet Høgre. Som nemnt viste ho frå tidleg av ei fiendtleg haldning til sosialistiske rørsler. Ho var distinkt USA-venleg, og fronten mot sosialismen skjerpa seg då den kalde krigen tok til. Aftenposten var særst pro-amerikansk både under Koreakrigen og Vietnamkrigen. Medan ein alt i 1967 kunne finne ein viss motstand mot USA si krigføring i Arbeiderbladet og Dagbladet, var VG og Aftenposten mykje meir forståande. Aftenposten stilte seg særst negativ til forslaget om ei støtteerklæring til utanriksminister John Lyng, som i ein tale til FN 4. oktober 1967 tok til orde for at USA burde innstille bombinga av Vietnam. Dette trass i at Lyng representerte Høgre, eit parti som avisa hadde tette band til – sjefsredaktør Torolv Kandahl var til dømes medlem av partiet sitt sentralstyre.⁹⁴ Oddbjørn Melle meiner at det låg eit distanserende vern over Høgre og Aftenposten mot å ta innover seg denne krigen. Dette samsvarar med ein tendens i pressa – medan Arbeiderbladet mellom 1964 og 1968 hadde 68 leiarartiklar med Vietnam som hovudtema, og Dagbladet hadde 63, hadde Aftenposten berre 40.⁹⁵

Sigurd Allern viser at det same gjer seg gjeldande for Kambodsja i perioden mellom 1970 og 1973. Medan Arbeiderbladet hadde 61 nyhendeartiklar om USA si krigføring i landet, hadde Aftenposten berre 30. Allern påstår at Aftenposten tona ned stoff om USA sin Kambodsja-krig av politiske

⁹⁴ Melle s. 327

⁹⁵ Melle s. 329

grunnar: ”Avisas korrespondentnett, ressurser og stoffavtale med New York Times burde nemlig ha sikret Aftenposten en nyhetsdekning om bombekrigen som heller overgikk Arbeiderbladets.”⁹⁶

Bombinga i Nord-Vietnam vart uansett fyldig dekt. Etter at bombetokta vart gjenopptekne, vart dei grunngeivne med at Hanoi hadde slått vekk USA si utstrakte hand, og ikkje vist nokon oppmuntrande teikn på å omfamne ei fredeleg løysing på konflikten. Avisa meinte at forhandlingane mellom president Johnson og ”hans kommunistiske motpart” ikkje kom til å bere frukt, fordi sistnemnde var den aggressive parten. President Johnson vart framstilt som den tålmodige og ”lydhøre” parten, medan Nord-Vietnam vart beskrive som ”hardnakka” og med aktivitetar som ”infiltrering”.⁹⁷ Avisa hadde òg eit mykje større fokus på lidingane til dei amerikanske styrkane enn til dei sivile på den vietnamesiske landsbygda. Med tanke på at Kambodsja dei siste åra vart involverte i Vietnamkrigen, ein krig der USA måtte gje tapt på same tid som Raude Khmer overtok makta, så er det nok ikkje unaturleg at Aftenposten hadde lite til overs for dei nye makthavarane i Phnom Penh.

Eg har no gått gjennom hovudtrekka frå tida før og under maktovertakinga til Raude Khmer i 1975, og dei norske avisene sin reaksjon på denne. Her stod frontane nett som dei hadde gjort i Vietnamkrigen, med kommunistar mot kapitalistar, venstreside mot høgreside. Men då eitt kommunistisk land (Vietnam) invaderte eit anna (Kambodsja) tre og eit halvt år seinare, var den norske venstresida delt i reaksjonen sin. Neste kapittel fokuserer på grunnane til dette: Splittinga innan den kommunistiske verda, ei verd som frå ein vestleg-kapitalistisk ståstad hadde framstått som ein *monolitt* – lenge eit vestleg aksiom under den kalde krigen.

⁹⁶ Allern s. 277

⁹⁷ Hjeltnes s. 229

4. Splitting på venstresida – globalt og nasjonalt

4.1. Innleiing

I den vestleg-kapitalistiske verda vart kommunistblokka lenge sett på som einsarta og monolittisk, styrt frå Moskva. Det ligg i kommunismen sin natur at arbeidarklassen skal stå samla mot den utbytta kapitalistiske klassen, men klassisk kommunistisk teori sa lite om korleis arbeidarane skulle sameinast på tvers av nasjonale grenser. Den internasjonale samanslutninga av kommunistiske og venstresosialistiske parti (Komintern), stifta i 1919, var tenkt å skulle ha ein slik funksjon. I Noreg var Det Norske Arbeiderparti medlem av organisasjonen i 1920-åra. Men Komintern vart oppløyst under andre verdskrig, og utover 1950-talet starta den kommunistiske blokka slå sprekkjer.

Det var dei to største kommunistiske landa, Sovjetunionen og Kina, som opplevde aukande ideologisk og realpolitisk usemje seg imellom frå andre halvdel av 1950-talet. Konflikten utvikla seg til det som i ettertid har blitt kalla ”den sino-sovjetiske kløyvinga”. Fyrste del av kapitlet tek føre seg korleis og kvifor konflikten voks fram, og presenterer viktige forskarar sine teoriar om grunnane til kløyvinga. Korleis kunne slik fiendskap oppstå mellom to land som i prinsippet delte same ideologi?

Deretter ser eg på følgjene av kløyvinga i ein regional kontekst. Korleis fekk konflikten mellom dei to kommunistiske supermaktene innverknad på situasjonen i Indokina? Vietnam og Kambodsja følgde både den kommunistiske leiinga, men måtte ta stilling til kven av dei to stormaktene dei ville lene seg mot. Dei valde kvar si lei, noko som skulle få stor innverknad for konflikten mellom dei to landa, ein konflikt som kulminerte i Vietnam sin invasjon i 1978.

Eg ser fyrst på Kambodsja. Raude Khmer allierte seg med Kina lenge før organisasjonen kom til makta i heimlandet, og denne alliansen heldt heilt til regimet vart styrta. Var det fleire grunnar til dette enn dei ideologiske?

Eg tek så føre meg Vietnam. Trass ei historie prega av fiendskap mot naboene i nord, var det Kina som vart landet sin næraste allierte i frigjeringskampen og i fyrste del av Vietnamkrigen. Men etter kvart forverra forholdet mellom landa seg, og Vietnam vende seg mot Sovjetunionen. Kva var grunnen til dette?

Eg vender til slutt attende til Noreg. Som ein parallell til den sino-sovjetiske kløyvinga, vart òg den norske politiske venstresida splitta mot slutten av 1960-talet. Ei gruppe som braut ut frå Sosialistisk Ungdom i 1969, danna AKP(m-l) i 1972. Noreg hadde no si eiga kløyving mellom den sovjetiske og den kinesiske leia. Kva var grunnen til at Kina, eit land på andre sida av kloden, kunne ha så sterk dragkraft at det splitta eit politisk parti heime i Noreg?

4.2. Den sino-sovjetiske kløyvinga

Frå allierte til ideologiske konkurrentar

Då det kinesiske kommunistpartiet (KKP) tok makta i landet i 1949, vart den sitjande nasjonalistiske regjeringa drive på flukt til naboøya Taiwan. Det nye styret var fronta av Mao Zedong (1893-1976), den ”fyrste blant likemenn” i partiet. Mao var opprinneleg oppteken av å ikkje ta side i konflikten mellom den Sovjetunionen-styrte austblokka og det USA-dominerte vesten. KKP hadde nemleg sett med irritasjon på ein del sovjetiske handlingar under andre verdskrig, og Stalin hadde vore avventande med å gje partiet støtte. Men i eit møte mellom dei to landa sine leiarar same året, vedgjekk Moskva sovjetiske feil i handsaminga av KKP. Relasjonane mellom dei to landa hadde betra seg betrakteleg innan Folkerepublikken Kina vart stifta den 1. oktober 1949.

”The Sino-Soviet Friendship, Alliance and Mutual Assistance Treaty” vart signert den 14. februar 1950. For Kina verka alliansen, som var meint å vare i tretti år, som ei sikring mot japansk og amerikansk imperialisme, og medførte mottak av økonomisk hjelp for rekonstruksjonen av landet. Etter eit månadslangt opphald i Moskva, kom Mao og Stalin til semje om vilkåra. Partnerskapen var basert på tre pilarar: Partibygging, militær hjelp (Kina stod svakt militært, og frykta amerikansk støtte til eks-regimet i Taiwan), og økonomiske relasjonar (Kina trong store lån for å kunne byggje opp industrien).

Lorenz Lüthi meiner at røtene til den sino-sovjetiske kløyvinga ligg i grunnidéen bak den fyrste kinesiske femårsplanen, som vart sett i gong i 1952.⁹⁸ Den sovjetiske modellen som Kina arva, førte til ei strukturell krise mellom jordbruk og industri. Kina sitt landbruk opererte under andre parameter enn det sovjetiske – der Sovjetunionen hadde store mengder av ubrukt landareal, låg Kina allereie på sitt naturlege brestepunkt. Dei sovjetiske låna førte til industriell vekst, medan landbruket vart

⁹⁸ Lüthi s. 41

hengande etter. Mao si misnøye med landsbrukspolitikken var ein av grunnane til initiativet ”Det store spranget”, som vart gjennomført mellom 1958 og 1961, og som resulterte i ein hungersnaud som tok livet av minst 45 millionar menneske.

Den 25. februar 1956 heldt det sovjetiske kommunistpartiet sin generalsekretær, Nikita Khrusjtsjov, ein tale på den tjuande kommunistpartikongressen som i ettertid har fått tilnamnet *den hemmelege talen*. Her tok han eit oppgjær med Stalin og regimet hans, og ankla han for å ha gjennomført terror, deportasjonar og avrettingar av politiske motstandarar. Denne kongressen skulle etablere det ideologiske fundamentet for konfliktane som skulle ryste sino-sovjet-partnarskapen i dei komande åra.⁹⁹ Oppgjeret med Stalin, kalla *avstaliniseringa*, truga med å undergrave Mao sin posisjon innanlands. Sidan 1955 hadde han stått for ein politikk som likna den Stalin hadde stått for gjennom eit kvart århundre. Khrusjtsjov sin kritikk av Stalin var såleis farleg for Mao, fordi han indirekte sette fokus på Mao sine eigne mistak. Sjølv om han prøvde avgrense plassen denne kritikken fekk i partidiskusjonane utover året, var han ute av stand til å eliminere han totalt.

I 1957 tok Sovjetunionen og Kina ideologiske steg i høvesvis høgre og venstre retning. I Sovjetunionen prøvde dei mest høglydde kritikarane av avstaliniseringa å få Khrusjtsjov fjerna frå makta. Men han klarte stå unna angrepet, og etter at han knuste pro-stalinist-fløyen, glei landet lenger mot høgre. I Kina, derimot, vart leiinga ytterlegare radikaliseret etter at kampanjen ”Lat hundre blommar bløme” feila på spektakulært vis. Kampanjen skulle stimulere folket til å leggje fram alternative syn, og vere kritiske overfor samfunnsproblem. Men etter kort tid følte leiinga i kommunistpartiet at kritikken gjekk for langt. Idéen om å la ”hundre tankeretningar stridast” vart knust av ei hardhendt anti-høgre-kampanje, som tok livet av hundretusenar av opposisjonelle. Fiaskoen overtydde Mao om at avstalinisering var feil veg å gå, og at Kina trong ei politisk og økonomisk utvikling som var meir i tråd med dei gamle revolusjonære stalinist-linene. Mao var overtydd om at avstaliniseringa var *revisjonisme* av marxismen, og dette var fyrste gongen han skilte mellom syna til ”dei subjektive revisjonistane i Moskva” og ”dei objektive marxistane i Beijing”.¹⁰⁰ På seinsumaren 1957 var dermed Kina og Sovjetunionen på avvikande stiar i den ideologiske utviklinga.

Den kinesiske publiseringa av den såkalla *Lenin-polemikken*, i april 1960, utgjorde eit skifte i Mao si utfordring av Khrusjtsjov si leiing av den sosialistiske leiren: Frå diskusjon om økonomisk

⁹⁹ Lüthi s. 46

¹⁰⁰ Lüthi s. 63

utviklingsteori og avstalinisering, og over mot kva som var den korrekte måten å gjennomføre verdsrevolusjonen på. Lenin-polemikken vart utgitt for å heidre Lenin sin 90-årsdag, og utgjorde eit angrep mot sovjetisk revisjonisme. Han bestod blant anna av krav om at ekte marxist-leninistar måtte avvise fredeleg sameksistens med den vestlege verda. Desse utsegnene rysta Moskva. Khrusjtsjov vart så provosert at han bestemte seg for å bruke den komande rumenske partikongressen i Bucuresti til gjengjelding. Sovjetunionen prøvde isolere Kina, og skulda KKP for å mistyde felt som den nyare historiske perioden, spørsmål om krig og fred, og fredeleg sameksistens. I eit møte i midten av juli fastslo det sovjetiske kommunistpartiet at den kinesiske leiinga hadde gjort store mistak sidan 1957. Khrusjtsjov uttala at ”når eg ser på Mao Zedong, så ser eg berre Stalin, ein eksakt kopi”.¹⁰¹ Og i eit møte blant toppane i det sovjetiske kommunistpartiet, kalla han Mao ”ein ultra-venstremann, ein ultra-dogmatist, og ein venstre-revisjonist”.¹⁰² Den 18. juli bestemte Moskva seg for å trekkje ut alle sovjetiske spesialistar og arbeidarar som jobba i Kina. Handelen mellom dei to landa vart sterkt redusert, og Kina vende seg no i større grad utover mot ikkje-sosialistiske land for å finne handelspartnarar. Odd Arne Westad påstår at beslutninga om uttrekket var eit mistak med vidtrekkjande konsekvensar: Med eitt slag hadde Khrusjtsjov nærast eliminert Sovjetunionen sin sjanse til å påverke utviklinga i Kina.¹⁰³

Etter ein periode med eit relativt stabilt forhold mellom dei to landa frå 1960, forverra det seg ytterlegare mellom 1963 og 1964. Fleire anti-sovjetiske polemikkar vart trykte i kinesisk presse i løpet av perioden, med intensjon om å diskreditere den sovjetiske leiarskapen ytterlegare. Stadige grenseproblem, i hovudsak forårsaka av Kina, førte òg til spenningar. Det sovjetiske kommunistpartiet, provoserte over grensetvistane og dei stadig meir ytterleggåande kinesiske polemikkane, opplevde at tilsvar berre førte til publisering av nye. Khrusjtsjov følte at Mao hadde ”blitt komplett gal, ved å følgje ein politikk med blodgyting, animalsk hat og drap på politiske motstandar”.¹⁰⁴ Konfliktane desse åra vart øydeleggande for den internasjonale kommunistrørsla. Mao hadde bestemt seg for at han anten ville ha eit reint brot med det sovjetiske partiet, eller ei komplett sovjetisk overgjeving. Kompromiss var ikkje eit alternativ. Lüthi meiner at denne strategien hadde både eit utanriks- og eit innanrikspolitisk mål for Mao: Når han hadde oppnådd internasjonal

¹⁰¹ Lüthi s. 174

¹⁰² Westad s. 25

¹⁰³ Westad s. 26

¹⁰⁴ Lüthi s. 284

leiarsskap, kven ville då kunne utfordre han på heimebane?¹⁰⁵ Men frontane var sette, og heldt seg stabile i åra framover, trass i kinesisk frykt for sovjetiske militære angrep mot slutten av 1960-talet.

Årsakene til splittinga av "den monolittiske kommunismen"

Kva var årsakene til den sino-sovjetiske kløyvinga? Lorenz Lüthi trur at sjølv om ho hadde mange årsaker, så var ideologi den klart viktigaste. Usemjene var sentrerte rundt tre felt: Den *økonomiske utviklinga* til Kina følgde den stalinistiske sosioøkonomiske utviklingsmodellen. I 1955 erstatta Mao modellen Kina hadde arva frå Stalin, med ein utviklingsstrategi som likna på tidlegare Sovjetstrategiar som allereie hadde blitt forkasta i Sovjetunionen. Sjølv om dei feila, så vende Mao attende til desse idéane under "Det store spranget framover" mellom 1958 og 1960, med katastrofale følgjer. *Avstaliniseringa* i Sovjetunionen var den andre grunnen til ideologisk konflikt. Medan Khrusjtsjov sin hemmelege tale i februar 1956 hadde røter i innanrikspolitiske forhold, gav han gjenlyd gjennom den sosialistiske verda. Som eit resultat av dette, tok Mao og Khrusjtsjov gjennom 1956 og 1957 opp motsette syn på Stalin som teoretikar og praktikar. Det tredje feltet dreia seg om *internasjonale relasjonar*. Diskusjonar om den korrekte måten å forhalde seg til imperialismen på, førte til sino-sovjetiske ideologiske tvistar. Khrusjtsjov sitt mål om fredeleg sameksistens med USA, lansert i 1956, førte ikkje til noka konflikt med dei kinesiske kommunistane i starten, ettersom dei var opptekne med konflikten rundt avstaliniseringa. Men frå 1957 og framover auka kjeklinga rundt denne politikken, og utover 1960-talet dominerte ho dei sino-sovjetiske relasjonane. Lüthi meiner at dei fleste andre stridsemna i konflikten anten var eit resultat av desse ideologiske usemjene, eller av mindre relevans.¹⁰⁶

Odd Arne Westad påpeikar at sjølv om landa var knytt i hop gjennom felles tekstar, språk, symbol og oversetjingar gjennom den kinesiske tilpassinga av sovjetisk marxisme, så hadde forholdet mellom dei vist synlege teikn på brestar heilt frå starten av. Gjennom dei 40 åra med samarbeid, hadde dei to partia jamt over vore usamde om organisatorisk struktur, militære strategiar og klasseanalyse. Dei hadde mistenkt kvarandre for svik, og dei hadde mistydd kvarandre sine mål grunna personlege rivaliseringar og kulturelle forskjellar. Både sider hadde til tider blitt villeia i politikktutforminga si grunna tiltrua deira på ein delt ideologi. Westad trur at det at ideologien var så viktig for både partar, sjølv om han aldri var *felles*, er essensielt for å skjønne opp- og nedturane i den sino-sovjetiske

¹⁰⁵ Lüthi s. 285

¹⁰⁶ Lüthi s. 2

alliansen. Utan marxisme hadde det ikkje funnest noka allianse, eller noka kinesisk tilpassing av sovjetiske modellar i politikk, økonomi, vitskap, utdanning eller kunst. Likeså hadde alliansen neppe kollapsa rundt 1960 utan Mao sin dramatiske sving mot venstre midt på 1950-talet.¹⁰⁷

Mingjiang Li tek føre seg ulike tradisjonelle perspektiv på kløyvinga.¹⁰⁸ *Realist-perspektivet* legg vekt på forskjellane i nasjonale interesser. Tilhengjarar av dette peikar på at den amerikanske handel-embargoen tidleg på 1960-talet førte til kinesisk avhengigheit av Moskva si støtte og assistanse. Dette førte ikkje berre til auka kinesisk frustrasjon over Moskva sin dominans i forholdet, men òg til større og større byrder for Sovjetunionen. Men medan dette perspektivet kan forklare somme spesifikke hendingar, påstår Li at det ikkje kan produsere ei overtydande forklaring for det store biletet. Til dømes ville Kina sine konflikhtar med både dei to supermaktene ikkje tilfredsstillte landet sine nasjonale sikringsinteresser, og realistparadigmet vert difor vanskeleg å anvende. Det *ideologiske perspektivet* vektlegg at partane hadde ulike tolkingar av ortodoks marxisme og leninisme. Tilhengjarane av dette perspektivet meiner at hovudårsaka til kløyvinga var Mao si ideologiske radikaliserings, til dømes gjennom "Det store spranget" frå 1958 og framover. Men dette perspektivet forklarar ikkje endringane i intensiteten på disputtar og konfrontasjonar til ulike tider, og heller ikkje opphavet til ideologiske forskjellar mellom dei to partane. Andre vektlegg at kløyvinga i hovudsak hadde grunnlag i *Mao sine ambisjonar* om leiarskap i den internasjonale kommunistrørsla. Her vert det lagt vekt på at Mao ikkje var viljug til å akseptere at Kina var den svake parten i alliansen. Problemet med dette perspektivet er at mesteparten av kampen for allianser og sympatisørar innan kommunistleiren og i den tredje verda, fyrst fann stad etter at kløyvinga var eit faktum. Med andre ord var kampen for innverknad ein manifestasjon av svekkinga av alliansen, heller enn årsaka til ho.¹⁰⁹ Til slutt har vi det *strukturelle* perspektivet. Hovudtanken her er at politiske relasjonar mellom Moskva og andre sosialistiske land var basert på ei leninistisk partidoktrine som vektla hierarkisk autoritet, disiplin, og lydnad. Denne rigide strukturen kunne ikkje tolerere store skilnader i nasjonale interesser, nasjonal politikk, ideologiske tolkingar og personlegdomar mellom det sovjetiske kommunistpartiet og dei andre. Når slike skilnader oppsto, kom det uunngåeleg til politiske spenningar i den sosialistiske verda. Hovudproblemet med dette perspektivet er at det ser på desse skilnadane som gjevne, og at det ikkje legg vekt på menneskelege faktorar. Det forklarar til dømes ikkje kvifor mange av usemjene i den sosialistiske leiren gong på gong vart løyste utan altfor store problem.

¹⁰⁷ Westad s. 30

¹⁰⁸ Li s. 2-11

¹⁰⁹ Li s.3

Li, på si side, konsentrerer seg om sammenhengen mellom følgende to faktorar: På den eine sida, dei ideologiske forskjellane mellom Moskva og Beijing, som vart klarare etter at Khrusjtsjov og Mao utarbeidde radikalt ulike planar for innanriks utvikling. Og på den andre sida: den stadig meir intense politiske kampen mellom Mao og partikameratane hans i Kina utover 1960-talet. Li konkluderar med at sammenhengen mellom faktorane i stor grad forklarar den sino-sovjetiske kløyvinga. Mao kopla dei politisk-ideologiske kampane innanlands og utanlands, og manipulerte og eskalerte sino-sovjetiske ideologiske kranglar for innanrikspolitiske føremål: Både når det gjaldt radikale innanrikspolitiske tiltak, fremjing av si eiga ideologiske overlegenheit, og for å avgrense makta til dei politiske rivalane sine, som Mao fordømte for å stå for dei same revisjonistiske ideologiske standpunkta som Sovjetunionen sine leiarar. Heile mønsteret i dei sino-sovjetiske relasjonane, frå usemje og open disputt til komplett separasjon og fiendtleg konfrontasjon, kan i følgje Li såleis forklarast gjennom denne sammenhengen mellom innanriks- og utanriksrelaterte faktorar.¹¹⁰

4.3. Kambodsja, Kina og Sovjetunionen

Når det er snakk om Kambodsja sine forhold til nabolanda, meiner eg i denne sammenhengen Raude Khmer-eliten. Denne eliten var hovudsakleg utdanna i Frankrike på 1950-talet, og vart påverka av det marxist-leninistiske studentmiljøet ved universiteta. Når den sino-sovjetiske kløyvinga vart merkbar utover 1960-talet, er det kanskje ikkje så rart at gruppa fall ned på Mao si side. Både geografisk og kulturelt stod Kambodsja mykje nærare Kina enn Sovjetunionen. Kinesarar utgjorde den største etniske minoriteten i Kambodsja (ca 425.000 på slutten av 60-talet). Desse utgjorde 92 prosent av medlemene i den kambodsjanske handelsstanden. Og relasjonane mellom kinesarane og khmerane i Kambodsja var generelt gode.¹¹¹

Allereie i 1956 kan ein sjå frampeik til den komande alliansen med Kina. Den 20. sovjetiske partikongressen vart halden i februar same året, og Khrusjtsjov lanserte begrepet sitt om ein ”parlamentarisk veg til sosialismen” (som skulle leie til doktrinen om fredeleg sameksistens). Tanken bak dette var at kommunistpartia burde kome til makta gjennom val, i staden for gjennom klassekamp og revolusjonær vald. Dette vart ein av dei grunnleggande ideologiske forskjellane mellom Moskva

¹¹⁰ Li s. 5

¹¹¹ <http://countrystudies.us/cambodia/45.htm>

og Beijing. Idéen hørdest framand ut for Pol Pot, grunna det kambodsjanske kommunistpartiet sine røynsler frå vala i 1955 og 1958, som vart manipulerte av kong Sihanouk.

Ei vitjing til Beijing i 1965 styrka Pol Pot si tru på den kinesiske modellen. Det var eit glødande radikalt islett i Kina sitt politiske klima som gjorde han opprømt. Landet stod oppe i ein omfattande ideologisk kampanje kalla ”den sosialistiske utdanningsrørsla”, som var meint å skulle endre tenkjemåten til mange hundre millionar kinesiske bønder. Ein banebrytande artikkel signert av forsvarsminister Lin Biao, med tittelen ”Lenge leve sigeren til Folkets Krig!”, vart publisert. Bodskapen var at folket i Asia, Afrika og Latinamerika no var verdsrevolusjonen sine faneberarar, som ville storme over kapitalismen i USA og Europa og stålsetje kommunistane i utviklingslanda. Pol Pot fann her ei stadfesting på alle sine egne argument.¹¹²

I eit brev Pol Pot sende til den kinesiske sentralkomiteen våren 1967, lovprisa han kulturrevolusjonen. Han hevda at ”vi har studert, studerer og er fast beslutta på å studere han, uavbrutt og utan opphald”. I tillegg hylla han Mao som kulturrevolusjonen sin arkitekt, ”den store leiestjerna som uavbroten bringer sigrar”.¹¹³ I fyrste halvdel av 1970-talet fekk Raude Khmer mykje materiell hjelp frå Kina i kampen mot Lon Nol sitt styre. Kinesarane sende fem millionar dollar i kontantar kvart år, pengar som skulle brukast til å kjøpe våpen frå regjeringsstyrkane. På same tid strøymde kinesiske våpen ned Ho Chi Minh-stien, som kinesiske ingeniørar hadde utvida og utstyrt med ei fleksibel oljerørledning som gjekk heilt sør til den laotiske grensa.

Etter at Raude Khmer tok makta i 1975, søkte François Ponchaud tilflukt i den franske ambassaden i Phnom Penh, saman med dei fleste andre utlendingane. Han kunne fortelje ein anekdote som illustrerer Raude Khmer-soldatane sine syn på den kinesiske og sovjetiske versjonen av kommunisme:

”En liten avveksling fikk vi om ettermiddagen 19. april. Fire menn og tre lyshårede kvinner ble ført inn i ambassaden, med bakbundne hender og med Røde Khmers geværer i ryggen, det var sovjetiske og østtyske diplomater. Sovjetrusserne hadde slått opp store plakater med fransk tekst på ambassadeporten, nær den franske ambassaden: ’Vi er kommunister og brødre. Kom til samtale og ta med fransktalende tolk.’ De unge Røde Khmer leste dette, men kan ikke

¹¹² Short s. 178

¹¹³ Short s. 190

ha forstått det. Skjebnens ironi ville at Røde Khmer isteden slo seg inn med sitt russiske B 40 anti-tankvåpen! Vel innenfor lette de opp diplomatene og tok dem med seg til kjøkkenet og kjøleskapene, de tok ut alle eggene og knuste dem foran bena på ambassadens folk. En handling som sovjetrusserne ikke forstod, en anklage for revisjonisme. En sann kommunist, etter khmer-oppskrift, spiser nemlig ikke egg. Eggene får han ruget fram til kyllinger (...) for å kunne spise kyllingene (...) i et kollektivt måltid.”¹¹⁴

Etter maktovertakinga vart det offisielt avvist å be om hjelp frå utlandet. Pol Pot meinte at det ville påverke landet si politiske line dersom ein takka ja til ekstern assistanse. Han såg òg med mistanke på import frå utlandet, som han meinte kunne svekkje landet si utvikling mot total uavhengigheit. Hjelp frå dei kinesiske brørne, derimot, var ei heilt anna sak. Nokre få dagar etter maktovertakinga, reiste Pol Pot med følgje til Beijing. Her hadde han samtalar med toppane: Mao, Deng Xiaoping og Zhou Enlai. Mao var henrykt over motet Pot viste ved å tømme byane for folk, sjølv om han vedgjekk at dei sjølve nok aldri kunne ha gjort det same. Sjølv om han var gamal og sjuk, var Mao klar nok i hovudet til å innsjå at den nye verda som kambodsjanarane drøymde om, kunne verte eit luftslott. Kina hadde allereie leika med tanken på å avskaffe pengesystemet, men slo han frå seg som upraktisk. Og stengjinga av skular under kulturrevolusjonen hadde laga fleire problem enn ho hadde løyst. Sjølv Mao måtte vedgå at ”det store spranget” på 1950-talet, som Raude Khmer i praksis skulle innføre ein endå meir ekstrem versjon av, hadde vore ei katastrofe for landet og ført til at 20 millionar menneske svalt i hel. Men Pol Pot ville trakke sin eigen sti, og dei to partia diskuterte i ettertid sjeldan ideologiske spørsmål. Og når dei fyrst gjorde det, var dei usamde.¹¹⁵

Kina tilbød Kambodsja storstilt økonomisk hjelp, teknisk opplæring, militære forsyningar og ein marknad for landet sin beskjedne eksport. Ein formell avtale vart underteikna i februar 1976. Den militære hjelpa var gratis, og utstyret skulle leverast i løpet av ein treårsperiode. Ho inneheldt nye fly og båtar, nytt regimentutstyr, reparasjon av eksisterande utstyr, nye flyplassar og marinebasar, lager og verkstader, og ei mengde våpen og militære køyrety. Den økonomiske bistanden var like imponerande. Vegar og jernbaneliner vart bygde og utbetra, og eksportvarefabrikkar vart attreiste etter krigen sine herjingar. I tillegg vart fleire enn 300 kinesiske offiserar og teknikarar, og eit stort antal sivile, sende til Kambodsja for å gjennomføre opplæringsprogram, medan 600 kambodsjanarar reiste andre vegen for å få opplæring i Kina. Totalkostnaden for tiltaka er vanskeleg å estimere, men

¹¹⁴ Ponchaud s. 23

¹¹⁵ Short s. 324

ei diplomatisk kjelde i Beijing rapporterte at kinesarane sine militære utlegg overgjeikk ein milliard amerikanske dollar, eit anslag som truleg er altfor lågt.¹¹⁶ Den økonomiske bistanden kom ifølgje den kinesiske regjeringa opp i over 300 millionar dollar, og dette i form av reine bidrag.

Raude Khmer vende seg altså mot Kina, og ikkje Sovjetunionen. Dette hadde både ideologiske, kulturelle og geografiske grunnar. Men kvifor valde Kina å støtte Raude Khmer sitt regime i Kambodsja, og kvifor var støtta så enorm med tanke på at dei kinesiske leiarane hadde reservasjonar rundt dei mye makthavarane sine metodar? For trass i desse reservasjonane hadde Kina allereie bestemt seg for å gje regimet si fulle støtte. Vietnam var ein nøkkelfaktor for Kina, som det var for Kambodsja, og det var ein nær perfekt symmetri mellom dei tre landa. For Vietnam var Kina det som Vietnam var for Kambodsja, nemleg ein stor og mektig nabo som truga med å skaffe seg hegemoni. Både Vietnam og Kina hadde gjort store offer, både i form av menneskap og pengar. Dels for å hjelpe revolusjonane til sine allierte, men òg for å kunne tøyte dei og bevare overherredømet sitt. Etter kvart som forholdet mellom Hanoi og Beijing kjølna, var Kambodsja det einaste landet (Laos vart rekna som for svakt) som kunne ventast å motsetje seg vietnamesarane sin ekspansjon, og dermed òg sovjetmakta. Mange i den kinesiske leiinga såg på Vietnam som eit pro-sovjetisk trugsmål langs deira sørlege grense – mykje på same måte som USA såg på Cuba – og for kinesarane utgjorde Kambodsja ein praktisk og radikal alliert.¹¹⁷ Landet vart sett på som ei barriere mot spreiding av Vietnam si makt. Til sist var det nok såleis meir realpolitikk enn ideologi som førte Kina og Kambodsja saman.

4.4. Vietnam, Kina og Sovjetunionen

Vietnam sitt forhold til Kina var frå gammalt av prega av sistnemnde sin dominans og sine erobringar. Etter den kinesiske revolusjonen i 1949, og slutten på den fyrste indokinesiske krigen (1945-1954), vart Kina likevel ein viktig militær og økonomisk bidragsytar på den vietnamesiske sida. Bidraga var grunna i både ideologisk lojalitet og i Mao sitt val om å engasjere seg i eit aktivt forsvar mot amerikansk imperialist-aggresjon på tre frontar: Korea, Taiwan og Vietnam.

Frå starten av 1950-talet byrja usemjene mellom Kina og Sovjetunionen rundt global strategi å få følgjer for Vietnam. Kina var i 1950 det fyrste landet som anerkjende Vietnam diplomatisk, og Mao

¹¹⁶ Short s. 325

¹¹⁷ Chandler s. 221

var viktig for å få Stalin til å følge etter.¹¹⁸ I fyrste halvdel av 1950-åra forsynte Beijing Hanoi med store mengder artilleri, våpen og ammunisjon. Kinesisk militær hjelp var avgjerande for den nordvietnamesiske sigeren ved Dien Bien Phu på våren i 1954, ein siger som styrka Hanoi sin forhandlingsposisjon under Geneve-konferansen, som igjen enda den fyrste Vietnamkrigen.

Den kinesiske økonomiske hjelpa frå 1954 til tidleg på 1960-talet var gigantisk. Mykje kom i form av matvarer, assistanse til reparasjonar av infrastruktur som vart øydelagt under krigen, kunnskapsutveksling, og lån av tekniske spesialistar. Og frå 1956 til 1963 gav Beijing 320 millionar yuan i militær hjelp. Til samanlikning gav Sovjetunionen utelukkande militær hjelp, men i mindre skala enn Kina. Ifølgje sovjetiske kjelder sende landet to tusen spesialistar, samt 317 millionar rublar, i hjelp mellom 1955 og 1964.

Sidan 1960 hadde det vietnamesiske kommunistpartiet prøvd å spele ei meklingsrolle i den sino-sovjetiske disputten, både for si eiga vinning og for å ha eit godt forhold til båe landa. Men då det på vårparten i 1963 vart klart at det sino-sovjetiske sambandet var nær eit samanbrot, flytta partiet seg nærare sitt kinesiske broderland.¹¹⁹ I mars 1963 sa partiet sin generalsekretær, Le Duan, seg usamd i det sovjetiske ynskjet om fredeleg sameksistens. Han vende seg i staden mot Mao sin politikk, som favoriserte nasjonale frigjeringskrigar. Men i motsetning til Mao, hadde Le Duan ikkje noko ynskje om å bryte alle banda til Sovjetunionen.

Og under Vietnamkrigen, frå opptappinga etter Tonkinbukta-affæren i 1964, vart den kinesiske hjelpa auka i påvente av den amerikanske eskaleringa av konflikten. I desember same året signerte Kina og Vietnam ei militær assistansepakt. Den inneheldt lovnad om å sende 300.000 infanterisoldatar og antifly-skyts til Nord-Vietnam, for å erstatte dei som vart flytta lenger sør. Dei siste detaljane vart forhandla fram i april 1965, og dei fyrste kinesiske troppane ankom månaden etter.

I motsetning til Kina, viste Sovjetunionen under Stalin og Khrusjtsjov lita interesse for den vietnamesiske fridomskampen. Sjølv etter Tonkinbukta fortsette Moskva sin passive politikk. Men Khrusjtsjov sitt fall, to månader seinare, førte til ei endring i sovjetisk politikk overfor krigen i Indokina. Frå hausten 1964 til våren 1965 auka den sovjetiske støtta til Vietnam betrakteleg.

¹¹⁸ Lüthi s. 304

¹¹⁹ Lüthi s. 305

Utanriksminister Aleksej Kosygin vitja Hanoi i starten av februar 1965, og denne vitjinga viste at Hanoi var på veg mot ein nøytral posisjon i den sino-sovjetiske ideologiske disputten.¹²⁰

Beijing irriterte Hanoi med si negative innstilling til å la sovjetisk hjelp få passere over kinesisk territorium. Mao sin ideologiske fanatisme gjorde at det kinesiske kommunistpartiet sine leiarar ikkje kunne vedgå at Sovjetunionen sine haldningar andsynes Vietnam hadde endra seg. Dette førte til at Nord-Vietnam starta revurdere forholdet til sin kinesiske nabo, og til sine sovjetiske allierte lenger borte. Men det var vanskeleg for Hanoi å halde seg nøytral i den sino-sovjetiske disputten. Den sovjetiske militære hjelpa, no oppe i ein million rublar per dag, gjorde at kinesisk propaganda om manglande sovjetisk hjelp mista substans. Kina merka seg haldningsendringane i Hanoi, og noterte i interne skriv at Nord-Vietnam var ”under påverknad av sovjetisk revisjonisme”.¹²¹ Forholdet mellom Hanoi og Beijing starta kjøle allereie mot slutten av 60-talet. I 1972, medan Vietnamkrigen framleis stod på, vitja USA-president Richard Nixon Kina. Hanoi kalla i ettertid dette starten på Kina sitt svik mot Vietnam.

Etter krigen sin slutt i 1975, prøvde landet å halde ved like krigstids-relasjonane til både Sovjetunionen og Kina. Men auka spenning i forholdet til Beijing førte til at Hanoi i stadig aukande grad såg til Moskva for økonomisk og militær assistanse. Seint på året vart fleire viktige avtalar signerte mellom dei to landa. Dei kinesiske leiarane vurderte Vietnam i aukande grad som eit sovjetisk bruhovud i Asia, som Moskva ville bruke til å spreie innverknad i heile regionen. Etter Raude Khmer si maktovertaking, tok Kina dermed valet å støtte Kambodsja heller enn Vietnam. Seinare same året kom Le Duan til Beijing for å be om kinesisk hjelp til oppattbyggjinga av landet etter krigen. Rykta om summane Kina hadde lova bort til Kambodsja i form av militær og økonomisk hjelp, vart truleg lekka rett før Le Duan si vitjing, for å underbygge Kina sitt avslag overfor vidare støtte til Hanoi. Deng Xiaoping irettesette han for å ha kome med kinesisk-fiendtlege fråsegner i vietnamesisk presse, og gav han ei lang remse om treverdsteorien for å vise kva dei meinte om Vietnam si tilnærming til Sovjetunionen. Knapt fem månader etter Saigon sitt fall, markerte dette at Kina og Vietnam sine vegar skiltest. Le Duan reiste heim i raseri, etter å ha avlyst den tradisjonelle avskjedsbanketten for vertskapet. I oktober reiste han til Moskva, der han vart lova tre milliardar dollar til landet sin femårsplan. Beijing og Hanoi flytta seg langsamt inn mot kollisjonskurs.

¹²⁰ Lüthi s. 312

¹²¹ Lüthi s. 329

I 1977 starta forholdet mellom Vietnam og Kambodsja å forverre seg. Året vart innleia med samanstøyt på grensa, dei fyrste på mange månader, og dei fortsette utover våren. Hanoi hadde no omsider innsett at kambodsjanarane gjennomførte omfattande anti-vietnamesiske utrensingar. Det urgamle etniske hatet mellom dei to folka var i ferd med å flamme opp att. Samstundes låg Vietnam i ruinar etter krigen, og trong all hjelpa landet kunne få. Sovjetunionen gav allereie vietnamesarane betydeleg støtte, og var viljuge til å gje meir, sjølv om kvaliteten på utstyret ikkje alltid var den beste. På forsumaren reiste den vietnamesiske statsministeren Pham Van Dong til Moskva. Der inngjekk partane ein avtale om omfattande militær og økonomisk hjelp. Deretter reiste han til Beijing, der han vart motteken av visestatsminister Li Xiannian. Om han hadde hatt von om ei oppmjuking av Kina si haldning, vart han vonbroten. Li heldt ein besk monolog der han klaga Vietnam for å ha bakvaska Kina og skada venskapen mellom dei to landa. Konklusjonen var, ikkje overraskande, at det ikkje ville bli gitt bistand.

Philip Short meiner at Pham Van Dong sine vitjingar i Moskva og Beijing sumaren 1977 endra den internasjonale konteksten som konflikten mellom Kambodsja og Vietnam utspelte seg i. I løpet av dei neste ni månadane var det periodar då båe sider vakla, og prøvde unnsleppe konsekvensane av sidene dei hadde teke. Men terningen var kasta. Vietnam hadde valt den sovjetiske leiren. Kina såg dermed ikkje noko anna alternativ enn å støtte sine brysame kambodsjanske allierte.¹²²

I 1978 starta gamle konflikhtar mellom Kina og Vietnam å blusse opp att. Disputtane var i stor grad territorielle, der striden stod om grensegangen i Tonkinbukta, samt to øygrupper i Sørkinahavet. Kjeklinga gjaldt òg Vietnam si handsaming av si største etniske minoritetsgruppe, den kinesiske Hoa-gruppa, som talde nesten 2 millionar menneske. Vietnam slo ned på denne gruppa grunna hennar aktive handelsverksemd i Sør-Vietnam. Regjeringa tvang tusenvis av Hoa-kinesarar til å flytte til Kina.¹²³

Same sumaren kansellerte Kina dei attverande hjelpeprosjekta sine. I tillegg vart konflikten mellom Vietnam og Kambodsja meir kritisk, og i september 1978 la Pham Van Dong ut på ei reise som var førebudd i all hast, for å søkje diplomatisk støtte i regionen til det komande angrepet på landet. Freistnader på å beile til dei ikkje-kommunistiske sørasiatiske statane var mislukka. Tilnærminga til USA likeså: President Carter hadde bestemt seg for at forholdet til Kina var viktigast, og at ei

¹²² Short s. 400

¹²³ <http://countrystudies.us/vietnam/60.htm>

normalisering av forholdet til Vietnam måtte vente. Tre veker seinare reiste Le Duan, Van Dong og andre til Moskva. Der fekk dei ei usedvanleg venleg mottaking av sovjetleinga. Le Duan og det sovjetiske kommunistpartiet sin generalsekretær, Leonid Brezjnev, underteikna ein venskapstraktat som blant anna la grunnlag for at dei to landa kunne treffe ”passande og effektive skritt for å verne om si sikkerheit”. Det umiddelbare føremålet var å skremme Kina frå å trappe opp konflikten med Vietnam.¹²⁴

Sovjetisk støtte var særst viktig for Vietnam under invasjonen av Kambodsja i romjula 1978. Samla militær hjelp dette året låg på 800 millionar dollar. Vietnam sitt samarbeid med Sovjetunionen, samt invasjonen i Kambodsja og overgrepa mot Hoa-minoriteten, provoserte Beijing nok til å ville ”gje Hanoi ein lærepeng”. Kina angreip vietnamesiske grensepostar den 17. februar 1979, og trekte seg attende den 5. mars, utan at noko særleg var oppnådd. Grunna okkupasjonen i Kambodsja og åttaket frå Kina, steig den sovjetiske økonomiske hjelpa til Vietnam i 1979 til nesten 1,4 milliardar dollar.¹²⁵

4.5. Konflikt på den norske venstresida

I dag kan ein spørje seg om kvifor splittinga i Sosialistisk Ungdomsforbund (SUF) kom, med utgangspunkt i det relativt radikale partiet som Sosialistisk Folkeparti (SF) faktisk var. Som Jans Petter Sjøli påpeikar: I nabolanda grodde dei unge marxist-leninistiske klikkane ut av ”revisjonistpartia” – dei moskvatru kommunistpartia. Men i Noreg var SUF eit barn av ”det snille, velmenende, og venstresosialdemokratiske SF”.¹²⁶

For å skjønne dei grunnleggande konfliktane mellom AKP(m-l) og SF/SV, må ein gå attende til den sino-sovjetiske kløyvinga. Kina og maoismen fekk på 1960-talet mykje større appell enn Sovjetunionen blant unge radikale rundt om i verda. Innan 1963 var kløyvinga eit faktum, men samstundes låg 1968-opprøret nokre år fram i tid. Det har seinare vakse fram ein distinksjon mellom såkalla 63-maoistar og 68-maoistar. Den fyrste nemninga er brukt om gruppene som vart danna som ein direkte konsekvens av kløyvinga, medan den siste vart danna med bakgrunn i det som skjedde i 1968: Studentopprør i Paris, sovjetiske tanks i Praha, med meir. Den fyrste gruppa var meir teoretisk og studerande av seg, medan den siste hadde større fokus på leninisme og oktoberrevolusjonen i

¹²⁴ Short s. 418

¹²⁵ <http://countrystudies.us/vietnam/61.htm>

¹²⁶ Sjøli s. 19

Russland, og var yngre og meir handlingsretta. AKP(m-l) var då òg oppretta av 68-maoistar. SV var nok sympatisk innstilt til maoismen, men hadde òg sterke band til Sovjetunionen og Aust-Europa. Partiet tok difor ikkje side i den sino-sovjetiske kløyvinga. MI-rørsla, på den andre sida, var anti-Sovjetunionen frå fyrste dag.¹²⁷

Kvifor denne fascinasjonen for Kina, i staden for Sovjetunionen? Ei gjengs oppfatning var at Sovjetunionen hadde stagnert, at landet hadde fjerna seg frå marxismen og leninismen, og at det vart styrt av sidrumpa gamle menn som var meir interesserte i å halde på si eiga makt enn å styre samfunnet i sosialistisk retning. Mao slo allereie i 1964 fast at det ”kontrarevolusjonære” Sovjetunionen var eit storborgardiktatur av den tyske fascistiske typen. Kina stod for ein ”reinare” marxisme, utan den korruperande lasta som tynga Sovjetunionen. Den kinesiske kulturrevolusjonen, frå 1966 og utover, verka utad som eit nytt og friskt tiltak for å sikre at landet si leiing ikkje gjekk mot same lagnad som ho gjorde i Sovjetunionen. Mao si oppreinsking i partiet, og oppmodinga hans til studentane om å gjere opprør mot lærarar og andre autoritetar, må ha hatt ein appell til unge intellektuelle i Europa. Studentopprøret i Paris i 1968 var nemleg i stor grad forårsaka av autoritære og konservative forhold ved universiteta.

Nik Brandal påpeikar at draumar om utopiar har ein lang tradisjon i den vestlege verda. Og nesten like lenge som folk i Vesten har drøymt om utopiar, har ein òg sett ein særleg sterk fascinasjon for Kina. Knappt nokon stad ligg lenger borte, og denne avstanden kan i seg sjølv gje større fridom når ein skal tolke hendingar, tekstar og idéar. Det har ofte vore vanskeleg for folk i Vesten å sjekke om omsetjingar heldt vatn, om bileta er sanne, og nett difor kunne ein tilpasse stoffet i det store grå feltet som låg mellom ideologiproduksjonen i Kina og dei vestlege samfunna. Det var lett å omforme det orientalske til å verte vestlege ideal.¹²⁸

Dei maoistiske rørslene fokuserte påfallande lite på å skaffe seg kunnskap om eller setje seg inn i samfunnstilhøva i utopiane i aust. Såleis opna utopiane for at ideala kunne tilpassast og formast slik at kartet og terrenget kunne samstemmast, og det sterke ynskjnet om å sjå realiseringa av eit anna samfunn vart grunnlag for ein kraftig og sinnerik selektiv persepsjon i møte med dei. Kina låg langt unna, både mentalt og geografisk. Dei hadde tradisjonar særst ulike dei ein fann i Vesten, og tala eit komplisert språk som det var vanskeleg å lære seg. Kunnskap om utopiane fekk ein difor i regelen

¹²⁷ Sjøli s. 121

¹²⁸ Brandal i Sørensen et al s. 133

berre gjennom autoriserte omsetjingar av sentrale tekstar under kontroll av styresmaktene i desse landa.¹²⁹

Tilhøvet mellom ml-arane og resten av venstresida var relativt godt på starten av 1970-talet. EF-saka verka samlande, og etter AKP(m-l) sin oppstart i jula 1972, gjekk partiet breitt ut for å få stor tilslutnad med tanke på stortingsvalet året etter. Partiet valde difor å tone ned den anti-sovjetiske retorikken. Men blant anna drapet på Salvador Allende i Chile førte med seg minskta tillit til demokratiske prinsipp, og kampen mot høgrekreftene i partiet spissa forholdet til dei andre partia på venstresida. Sovjetunionen vart no anteken å vere ei ekspanderande supermakt. I 1974 melde tidsskriftet Røde Fane at landet snart var klart til å ta opp kampen med USA om å vere verdas sterkaste, og skriftet føresåg ein ny verdskrig. Same året, rett før det store oppgjeret med høgreaavviket, utvikla AKP(m-l) eit standpunkt som innebar ei aukande antagonisering overfor resten av venstresida: Partiet sidestilte dei to supermaktene Sovjetunionen og USA. Mange SV-arar og andre på venstresida hadde problem med dette – det gjaldt ikkje minst Moskva-tru NKP-folk. AKP(m-l) isolerte seg frå dei andre partia på venstresida, og vart klart radikalisert på midten av 70-talet. I partiet sine auge gjorde òg Mao sin død den 9. september 1976 sitt til å forstyrre balansen mellom supermaktene. Framtida var dyster, og Klassekampen melde at ”Sovjetunionen styrker seg i kampen om verdensherredømmet”.¹³⁰ I det fyrste fellesmøtet mellom dei seks nordiske ml-partia, vart det uttalt at

”sjøl om de nordiske revisjonistpartienes politikk varierer så har de ett felles: I dag opptrer de ikke bare som et agentur for sitt eget borgerskap i arbeiderklassen, men har blitt et talerør for måla som en imperialistisk supermakt streber etter. De revisjonistiske partiene har ingenting annet til felles med kommunismen enn navnet. [De er ikke] sjølstendige, men lar sosialimperialistene bestemme politikken i mange land fra et sentrum i Moskva.”¹³¹

Forholdet mellom AKP(m-l) og SV vart no stadig verre. SV vart gradvis opphøgdt til å verte ml-rørsla sin taktiske hovudfiende, og vart betrakta som potensielle femtekolonistar i den venta storkrigen. I ein artikkel frå Sigurd Allern i 1975, vart partiet kalla quislingar og herskapsklassen sin trojanske hest i arbeidarrørsla. Det vart sett på som ein reiskap for dei sovjetiske ekspansjonistane. Og seinare same

¹²⁹ Brandal i Sørensen et al s. 146

¹³⁰ Sjøli s. 121

¹³¹ Sjøli s. 122

året fastslo Røde Fane at krigsfaren var overhengende – med Sovjetunionen som den mest aggressive parten. Ml-arane hadde valt hovudfienden sin, og meinte at Noreg raskt ville bli teke av sovjetiske styrkar. Og skulle så hende, ville deira fyrste mål vere å eliminere ml-arane. Partiet vart no krigskommunistisk, ein krigsførebuande organisasjon. Fiendskapen på venstresida vart endå djupare: NKP og SV vart sett som sosialimperialismen sine agentar i Noreg.

Eg har no sett på bakgrunnen for splittinga i den kommunistiske verda på ulike nivå. I globalt perspektiv har eg teke føre meg den sino-sovjetiske kløyvinga mellom Sovjetunionen og Kina. Denne fekk følgjer for forholdet mellom Kambodsja og Vietnam. Og i Noreg førte ho til ei splitting på venstresida, der AKP(m-l) tok avstand frå den sovjetiske ”revisjonismen”. Då Vietnam invaderte Kambodsja i desember 1978, var det altså ikkje noka monolittisk kommunistisk verd som var bakteppe i konflikten. Neste kapittel handlar blant anna om dekninga av invasjonen i Klassekampen, Ny Tid og Aftenposten, og drøftar i kva grad ideologien farga dekninga til avisene.

5. Vietnam invaderer

5.1. Innleiing

Utover 1978 auka konfliktnivået mellom Kambodsja og Vietnam jamt og trutt. Det kom stadig oftare til militære trefningar i grenseområda, og minoritetane langs grensene i "feil" land vart utsette for drap og overgrep. I desember gjekk talrike vietnamesiske militærtroppar over grensa til Kambodsja, og okkuperte landet etter ei relativt kort periode med kampar. Raude Khmer vart fråtekne makta, og grupperinga trekte seg attende til områda mot grensa til Thailand i vest, for å kjempe med geriljametodar. Ei Vietnam-venleg regjering vart innsett i Phnom Penh, leia av Heng Samrin, ein kambodsjanar som hadde flykta over grensa til Vietnam året før. Reaksjonane på Vietnam sin invasjon og okkupasjon var delte, både i Noreg og verda elles.

I fyrste del av kapitlet fokuserer eg på dei utvalde norske avisene sine reaksjonar rundt desse hendingane. Eg ser kronologisk på korleis Klassekampen, Ny Tid og Aftenposten dekte konflikten. Frå sumaren 1978 kan ein lese om det auka konfliktnivået mellom landa. Eg fyl dekninga av invasjonen i romjula 1978, og okkupasjonen utover 1979, fram mot skiftet til det nye tiåret, då utanlandske journalistar og hjelpearbeidarar hadde fått kome inn i landet, og sanninga om Raude Khmer si grufulle regjeringstid hadde blitt fortalt. Denne delen er strengt refererande, og sterke og subjektive ord og uttrykk i teksten kjem såleis frå avisene sjølve, og ikkje frå forfattaren.

I dei neste delane drøftar eg debatten rundt temaet i dei utvalde avisene. Eg startar med å oppsummere og gjere generaliseringar, og spør deretter: Kvifor tok avisdebatten den forma han gjorde? Eg tek føre meg dei einskilde avisene i kvar sine delar, og som i kapittel 3 nyttar eg meg av intervju med Elisabeth Eide, Egil Ulateig og Per Egil Hegge. Eg ser så på forholda mellom partia og avisene. Til slutt spør eg: Korleis har konfliktane mellom norske parti og aviser på denne tida fått etterspel i nyare tid? Eg ser på den såkalla "Hagtvett-debatten" frå 2003. Kvifor var det enno, 24 år etter at Raude Khmer vart jaga frå makta, framleis så mykje uoppgjort mellom dei ideologiske motpartane her heime i Noreg?

5.2. Dei norske avisene om Vietnam sin invasjon og okkupasjon

1978 – grensetvistar og militær opptrapping

Året var prega av stadige grensekrenkingar frå både sider, med påfølgande kamphandlingar. I ettertid har det vore semje om at Kambodsja var den mest aggressive parten. Men *Klassekampen* ser annleis på det, og skriv sin fyrste Vietnam-kritiske leiar den 30. juni.¹³² Han omhandlar den vietnamesiske hæren sin invasjon av kambodsjansk territorium. Avisa legg vekt på Sovjetunionen si rolle i det som skjer i Indokina, og peikar på at ”den sovjetiske sosialimperialismen har lenge hatt en drøm om å vinne kontroll over Sørøst-Asia”. Landet sitt viktigaste strategiske mål er å innringe og isolere Kina, og ”på sikt å nedkjempe sosialismen i Kina og vinne kontroll i et Kina der kapitalismen er gjenopprettat”. Sovjetunionen prøvde sabotere Kambodsja sin frigjeringskamp, og var òg nølande i støtten til Vietnam under krigen. Men i dag har landet lukkast i å gjere Vietnam til ei brekkstang for utvida kontroll i regionen. På same tid har Vietnam lenge hatt sine egne ambisjonar om ein ”indokinesisk føderasjon” der landet sjølv er den leiande makta: ”Angrepene på Kampuchea er først og fremst et uttrykk for at Sovjet vil styrke sine posisjoner i Sørøst-Asia. Samtidig viser den at lederne i Vietnam sjøl har ambisjoner i retning av å legge under seg Kampuchea”. Brezjnevs-klikken har sett seg som mål å gjere Vietnam til ein av fleire basar som skal gjere landet sterkt nok til å starte ein verdskrig i strevet sitt etter verdsherredøme.

Aftenposten kommenterer den 2. september at ”Solidaritetskomiteen for Vietnam” (Solkom) har blitt lagt ned, grunna at Vietnam ser ut til å vere den aggressive parten i grensekampane mellom dei to landa: ”Det syn som ’Vennskapssambandet Norge-Kampuchea’ forfekter, blir herefter den nye melodi”.¹³³ Artikkelen innleiar med at ”selv marxist-leninistene, som er eksperter på å gi begrunnelser for de merkeligste standpunkter, har gitt opp å støtte begge parter i grensekonflikten. (...) Krigen mellom de sydøst-asiatiske brødre har fått sitt første hjemlige offer.” Ein skulle tru at grunngevinga for å danne ei rørsle var basert på meir idealistiske kjensler enn det å ta stilling til konflikten mellom Kina og Sovjetunionen, og i så måte er nedleggjinga av Solkom illustrerande. Nedleggjinga er òg avslørande på andre vis: ”Den har avlivet myten som mange venstreradikale har forsøkt å skape: At frontorganisasjonene er uavhengige av partiet AKP (m-l).” Det har ein gong for alle blitt prova at Solkom var eit underbruk, slik ”Vennskapssambandet Norge-Kampuchea” er det i dag. Truverdet til sistnemnde vil neppe auke etter dette: ”AKP har nå valgt mellom to diktaturer i

¹³² Klassekampen 30.06.78 s.3: ”Invasjonen i Kampuchea”

¹³³ Aftenposten 02.09.78 s.3: ”Ny melodi fra AKP: Rød Vietnam-bevegelse avlives”

Indo-China, og valgt det verste.” Artikkelen avsluttar med at ”borgerkrig på venstresiden er alltid morsomt, ikke minst fordi Steigan & Co. alltid kan gi en begrunnelse for et hvilket som helst standpunkt, uansett om man tidligere har ment det samme eller det stikk motsatte.”

Januar 1979 – invasjon og okkupasjon

Invasjonen av Kambodsja starta den 25. desember 1978, då 150.000 vietnamesiske soldatar kryssa grensa. Innan 7. januar 1979 var mesteparten av landet okkupert, inkludert Phnom Penh. Den 8. januar vart ei pro-vietnamesisk regjering innsett i hovudstaden, og ein ti år lang okkupasjon var i gang.

Den fyrste leiarartikkelen som omhandla invasjonen i *Aftenposten*, kom på trykk den 4. januar.¹³⁴ Det kan ikkje herske tvil om at det er vietnamesiske troppar som deltek i militære operasjonar på kambodsjansk område, sjølv om dei vietnamesiske makthavarane hevdar at kampane skuldast samanstyrt mellom lokale opprørarar og Pol Pot-regimet sine styrkar: ”I virkeligheten er Vietnam rykket inn i Kambodsja for ’å hjelpe’ til med den nasjonale frigjoring, slik det gjorde i Syd-Vietnam og Laos.” Kommunist-leiarane i Hanoi har starta siste fase i ein prosess som skal eine dei tre indo-kinesiske statane til eitt rike under deira kontroll. Pol Pot og mennene hans har utmerka seg som omsynslause undertrykkjarar, men det er òg på det reine at vietnamesiske kommunistar ”brutalt har fratatt sine landsmenn de elementære menneskerettigheter. Masseflukten fra Vietnam er et uhyggelig vidnesbyrd om forholdene i Vietnam.” For innbyggjarane i Kambodsja tyder innmarsjen at dei vert truga av enno ein krig, med tap av menneskeliv og materielle øydeleggingar som konsekvens: ”Det hardt prøvede folk går mot en ny ulykke.” For nordmenn bør hendingane vere av spesiell interesse, fordi Stortinget har løyvt 35 millionar kroner til Vietnam: ”Efter Vietnams offensiv mot Kambodsja melder spørsmålet seg om dette er vel anvendte penger med fornyet styrke.” Vietnam er eit fattig land som utvilsamt treng hjelp for å kunne gje folket sitt menneskelege levekår. Men ”dets ledere bør ikke få utenlandsk assistanse som gjør det lettere for dem å gjennomføre et felttog mot et naboland. Det er det den norske bistand indirekte bidrar til. En slik gavmildhet overfor de erobringslystne kommunister i Hanoi er egnet til å øke opinionens tvil og usikkerhet om vårt lands U-hjelpspolitik.”

¹³⁴ Aftenposten 04.01.79 s.2: ”U-hjelp i vanry”

Den 9. januar kjem same avis med ein ny reaksjon på den vietnamesiske invasjonen.¹³⁵

Kommunistleiarane i Kambodsja har seg sjølve å takke for at det vil bli felt få tårer over fallet deira (og sjeldan har det vore så laber stemning for å vise sympati for makthavarane i eit medlemsland i FN sitt tryggingråd), men det er ein annan realitet i den klagen som rådet skal handsame denne veka: det at Vietnam har sendt inn militære troppar i landet for å styrte Pol Pot og kadrane hans. Det er ingenting FN i realiteten kan gjere for å få styrkane til å trekkje seg ut, og sidan ingen partar vil risikere kontrovers på dei vekkjaga despotane i Phnom Penh sine vegne, kan kommunistleiarane i Hanoi triumfere: ”De har tatt et nytt og kanskje avgjørende skritt for å kunne realisere drømmen om en indo-kinesisk føderasjon under sin kontroll.” Det viktigaste i tida framover, vert å hindre at dette lokale oppgjeret utviklar seg til å bli ein stormaktskonflikt. Sovjetunionen var raskt ute med å skildre den vietnamesiske innmarsjen i Kambodsja som ei rein frigjering, medan Kina har stilt seg på Kambodsja si side: ”Kina er den dominerende nasjon i en del av verden hvor alle vokter seg for å ’miste ansikt’. Det er all grunn til å følge kinesernes utspill i Sikkerhetsrådet med den største oppmerksomhet”. Avisa påpeikar at dette er fyrste gong to ”kommunistiske brør” har tørna saman i ein åpen konflikt, som forlengjer folket sine lidingar: ”Hvor er de mange som for få år siden samlet seg til store demonstrasjonstog for å kreve slutt på krigen i Vietnam? Den gang var Vietnam det store ideal – også blant nordmenn. Hvorfor er dets beundrere så tause idag?”

I Aftenposten-leiaren den 10. januar vert norske offentlege instansar kritiserte for ikkje å fordøme inntoget i Kambodsja.¹³⁶ Om invasjonen ”sies det ikke et eneste ord i den uttalelse som mandag kom fra Utenriksdepartementet” – det talast kun om ”konflikten i Indo-Kina”, og vona verkar vere at ”en internasjonal konfrontasjon med uberegnelige følger” kan hindrast. Den svenske utanriksministeren, Hans Blix, har allereie ”reagert meget sterkt mot krenkelsene av menneskerettighetene i Kampuchea”, der han slår fast at utanlandsk intervensjon er i strid med FN sine statuttar, og utgjer eit trugsmål mot alle småstatar sine interesser. Utanriksminister Knut Frydenlund vonar at oppattbyggjinga som no finn stad i Vietnam, ikkje vert vanskeleggjort av konflikten. Men ”betyr dette at hensynet til norske u-hjelps-prosjekter rangeres høyere enn respekten for grunnleggende prinsipper i FN-pakten, at vi ikke skal ta hensyn til de enkelte lands politikk når vi velger u-hjelps-partnere, men i stedet tilpasse vår utenrikspolitikk til den politikk som disse partnere velger å føre?” Avisa lurar på om Noreg sitt medlemskap i tryggingrådet kan vere ei av årsakene til at utanriksdepartementet si utsegn har blitt politisk kastret, noko som i så fall er særars alarmerande:

¹³⁵ Aftenposten 09.01.79 s.2: ”Vietnam på krigsfot”

¹³⁶ Aftenposten 10.01.79 s.2: ”Norge på gummisåler”

”Medlemskapet der skulle jo snarer tjene til å styrke Norges diplomatiske profil, fremme vårt internasjonale renommé og trygge FN-paktens fundamentale prinsipper. Vi oppnår det stikk motsatte hvis vi herefter ifører oss verdens tykkeste gummisåler hver gang vi beveger oss ut på den diplomatiske parkett.”

Pål Steigan, formann i AKP(m-l), skriv utanrikskommentaren i *Klassekampen* den 10. januar.¹³⁷ Han kritiserer spesielt NRK og ”visse politikere” for å forsvare maktovertakinga i Kambodsja, og for å omtale Vietnam sin invasjon med uttrykka ”de kampucheanske opprørerne” og ”geriljastyrkene”. Steigan samanliknar Vietnam sin invasjon med Tyskland sin invasjon av Noreg den 9. april 1940, der Pol Pot si regjering er Nygårdsvold-regjeringa, og eventuelle kambodsjanske overløparar er quislinger: ”En invasjon blir ’opprør’, quislinger blir ’opprørere’ og logikken fortsetter.” SV-politikaren Stein Ørnhoi har uttala at det ikkje dreiar seg om ein invasjon, men eit ”indre opprør”, og at ”et regime som har brei folkelig støtte lar seg ikke løpe overende i løpet av ei natt”. Men: ”Overfør dette på Norge i 1940, Ørnhoi. Blir ikke det en rettferdiggjøring av Tyskland og Quisling? Oslo ble tatt på ei natt. Norge ble tatt på noen uker.” Vietnam sitt quislingregime i Phnom Penh krev å verte anerkjent, og det hevdast at Pol Pot si regjering har ”opphøyr å eksistere” fordi ho har forlate hovudstaden. Men ”på akkurat samme måte hevdet tyskerne og Quisling at regjeringa Nygårdsvold hadde opphørt som landets regjering fordi den flykta fra Oslo.” Men denne var Noreg si lovlege, sjølv om ho hadde flykta til London. Pol Pot si har ikkje eingong flykta ut av landet, og er i høgste grad Kambodsja si einaste rettmessige: ”Ei regjering som i likhet med Quisling er satt inn med fremmede bajonetter har ikke krav på anerkjennelse fra noen. Norge som veit hva det ville si å være okkupert med ei såkalt ’regjering’ innsatt av okkupantene, må minst av alle vakle på dette spørsmålet.”

Same dagen er *Ny Tid* si framside vigd til Kambodsja-konflikten. Overskrifta er ”Grensestrid og indre oppløsning ble Kampuchea-regimets bane – Pol Pots styre raste sammen som et korthus”. Ingressen slår fast at ”den Vietnam-støttede opprørsstyrken som har inntatt det meste av Kampuchea, vil oppheve en rekke av det gamle regimets tvangstiltak og satser på gjeninnføring av skolegang, avisutgivelser, penger og bysivilisasjon”. I hovudartikkelen tek Steinar Hansson for seg den siste utviklinga.¹³⁸ Fyrste nyårsdag annonserte Kambodsja sin president, Khieu Samphan, at landet vart invadert. Ei veke seinare hadde regimet falle saman ”som et korthus”, og tida var ute for det kommunistiske regimet som den vestlege verda tidlegare utropte til vår tid sitt største barbari.

¹³⁷ Klassekampen 10.01.79 s.7: ”Major Quisling i Phnom Penh”

¹³⁸ Ny Tid 10.01.79 s.7: ”Opprøret felte Pol Pot-regimet”

Haldningane til regimet hadde likevel vore litt på gli i seinare tid: ”Bakgrunnen er de klare storpolitiske frontene som ble trukket opp i Indo-Kina i løpet av fjoråret.” Vietnam kom med i Comecon og inngjekk ein venskapstraktat med Sovjetunionen, medan USA sementerte alliansen med Kina og dermed sjansen til å spele Kambodsja ut mot Vietnam: ”Når konservative nå glemmer sin voldsomme hets mot Kampuchea og retter anklagene mot Vietnam etter Phnom Penhs fall, skyldes dette derfor neppe omsorgen for det kampucheanse folk, men krokodilletårer over at omveltningen satte en strek for en storpolitisk gevinst over Sovjet og Vietnam i Indokina.”

Hansson trur at hovudkjelda til forståing for den siste veka sine hendingar, må søkjast i den konkrete indo-kinesiske røynda, gjennom to forhold: Pol Pot-regimet sin innanrikspolitikk, og landet sine grensestridar med Vietnam frå 1975. Om konfliktane langs landegrensa skriv Hansson at ”det ser ikke ut til å være noen tvil om at Kampuchea er den som satte i gang de første grenseprovokasjonene etter landets frigjøring i 1975.” Frigjeringsfronten som har styrta Pol Pot-regimet vart stifta i desember året før, er leia av vietnamesiske Heng Samrin, og ”kan med bakgrunn i sitt lederskap ikke avvises som en vietnamesisk marionettorganisasjon. Det er høyst sannsynlig at deres støtte i Kampuchea, også innen det regjerende kommunistparti, er langt større enn kinesiske og vestlige nyhetsmeldinger gir inntrykk av.” I dag flaggar opprørsfronten si raude fane over landet, ei fane som symboliserer Angkor Wat-tempelet, bygd av slavar på 1100-talet: ”Framtida vil vise om khmer-folket nå har blitt kvitt sine slavedrivere eller om de nok en gang føler seg påtrengt et uvelkomment lederskap.”

Den 12. januar tek *Klassekampen* eit oppgjer med Ny Tid si dekning av invasjonen, og kallar Steinar Hansson sin reportasje to dagar før for ”et skammens dokument”.¹³⁹ Hansson påstår at Pol Pot-regjeringa primært vart styrta av eit indre opprør, og ikkje gjennom ein vietnamesisk invasjon. Ingen skal skulde Klassekampen for å ha høge tankar om SV eller Ny Tid, men ”den pro-quislingpropagandaen som Hansson får drive i siste nummer er verre enn hva vi i våre villeste fantasier kunne forestilt oss. Det er et skammens dokument og det er nesten kvalmende å måtte argumentere mot det Hansson skriver. Men sannheten skal fram. Når massiv aggresjon og quislingregimer hylles så skamløst som i siste Ny Tid, har vi ikke rett til å overse det.” Hansson meiner at sidan Pol Pot-regjeringa ”raste sammen som et korthus”, så viser det at ho ikkje hadde støtte i folket. Men i så fall kan vel Sovjetunionen sin invasjon i Tsjekkoslovakia i 1968 forsvarast etter same logikken? ”Det Hansson presenterer er ikke argumenter, men en avskyelig okkupantlogikk

¹³⁹ Klassekampen 12.01.79 s.10: ”Ny Tid, nr 2, 1979: Et skammens dokument”

om den sterkeste rett. Det skremmende er at den kan anvendes på et hvilket som helst land, hvis den først blir akseptert.” Etter SV sitt prinsippprogram er partiet forplikta til å ta avstand frå Vietnam sine grove krenkingar av kambodsjansk suverenitet. Men i staden gjer partiavisa seg til talerør for denne krenkinga. Det er sjølv sagt vanskeleg for Ny Tid å påstå at Vietnam ikkje har invadert Kambodsja, når ei heil verd veit at dei har gjort nett det, men dei prøver framstille det som om ein ”frigjeringsfront” har vore den avgjerande faktoren. Men ”’frigjøringsfronten’ er humbug. Den er like mye et uttrykk for det kampucheanske folkets vilje som Quisling var et uttrykk for det norske folkets vilje.” Ny Tid og Steinar Hansson har med opne auge gitt støtte til noko dei veit er ein regulær invasjon, og dei har jubla over eit quislingregime som er sett inn av utanlandske bajonettar: ”Vi regner ikke med å overbevise Steinar Hansson. Han har tatt skrittet definitivt over i sosialimperialismens leir. Med kaldt blod har han gjort seg til talsmann for invasjon og et quislingregime.” Men Klassekampen godtek ikkje utan vidare at dette er SV sitt standpunkt, og oppfordrar partiet sine medlemmer til å forhindre at Steinar Hansson sin politikk vert SV sin politikk. For kvar enkelt SV-ar i Oslo-området er det mogleg å vise at han eller ho ikkje støttar invasjon og okkupasjon, ved å ta del i demonstrasjonstoget som ”Vennskapssambandet Norge-Kampuchea” arrangerer same dagen.

Fire dagar seinare er det SV-formann Berge Furre som vert kritisert i same avisa.¹⁴⁰ For to år sidan fekk han ein invitasjon til å ta del i ”Aksjon for et fritt Kambodsja”, etter initiativ av Håkon Lie med fleire, som han takka nei til trass i at han ”i polemikk med Egil Ulateig avslørde at han tok mykje av propagandaen om ’terrorstyret’ i Kampuchea for god fisk”. Knappe to år seinare uttalar Furre til Ny Tid at Pol Pot-regimet utvikla seg til eit mareritt for folket, og at det har falle for eit opprør med vietnamesisk støtte: ”Indirekte sluttar han seg til Ny Tids hyllest til invasjonen. Steinar Hansson legg i avisa fram bakgrunnen for standpunktet. Rått har SV-avisa slukt det verste av propagandaen til ’Aksjon for et fritt Kambodsja’ som Berge Furre avviste med slik demonstrativ forakt i mars 1977.” På Kambodsja-høyringa i fjor var François Ponchaud og Jean Lacouture kronvitne for reaksjonen, men i dag fordømmer desse den vietnamesiske invasjonen. Men Berge Furre, på den andre side, ”var stor i kjeften då det ikkje kosta noko med ein geip til Håkon Lie & Co. I dag talar han med Moskva si tunge. I dag står han til høgre for Høgre. Då det verkeleg gjaldt, eigde han mindre skam i livet enn dei han skreiv desse orda til: ’Om skam er eit ord De kjenner, bør de no la Kambodsja liggja’.”

¹⁴⁰ Klassekampen 16.01.79 s.3: ”Berge Furre – frå mars 77 til januar 79”

Dagen etter trykkjer Klassekampen eit intervju med partiformann Pål Steigan, som var i Kambodsja i september året før.¹⁴¹ Han innleiar med at landet i dag har eit overskot på ris ("du ser at folk er velfødde"). Vidare er det kle nok til alle, helsearbeidet er omfattande ("i dag er malariaen bortimot utrydda") og utdanninga er under oppbyggjing (i forhold til før revolusjonen kan mange fleire både lese og skrive). Difor: "Når folk som Steinar Hansson i Ny Tid sier at de vietnamesiske invasjonsstyrkene skal bringe sivilisasjonen til Kampuchea, så er dette en vanvittig og hårreisende påstand." Alle dei store framgangane har kome den fattige bondestanden til del. Overklassen og bysmåborgarskapet lever dårlegare enn før, "men for 90 prosent av befolkningen er det Pol Pot-regimet som står for den største framgangen de har opplevd. Derfor støtter de Pol Pot." Mykje av grunnen til Vietnam sin invasjon, er eit ynskje om å leggje under seg heile Indokina (til dømes kalla kommunistpartiet deira seg Indokinas Kommunistiske Parti på den tida då heile Indokina var ein fransk koloni). Kambodsja sin status som Indokina sin risbolle er ein annan grunn, ettersom Vietnam har eit prekært underskot på mat: "Vietnam trenger 'lebensraum' i Kampuchea. Det har allerede lagt Laos under seg. På lengre sikt vil det true de andre landa i området." Ei sær s viktig og gledeleg utvikling er den store verdsopinionen mot Sovjetunionen og Vietnam sin invasjon, frå land både i den andre og tredje verda: "Det er også viktig at folk som var mot Kampuchea nå ser det prinsipielle: at et uavhengig land er okkupert og påtvunget fremmedstyre ved hjelp av bajonetter. Det er livsfarlig om dette godtas."

Same dagen er framsida i *Ny Tid* på nytt via til konflikten i regionen. Overskrifta lyder:

"Kampuchebas nye revolusjonsråd har kontrollen – USA og Kina skaper isfront mot Vietnam". Ein artikkel av Steinar Hansson skildrar dei internasjonale reaksjonane etter invasjonen,¹⁴² medan leiaren tek eit oppgjær med vestlege massemedium si fordømming av han.¹⁴³ Avisa seier at "aldri har så mange fått så rene hender så plutselig." Ein skare av verda sine statar og politiske krefter ropar no ut si prinsipielle avsky for invasjonar og grensekrenkingar. Men skal ein tru på dei? Når vart USA motstandar av invasjonar på prinsipielt grunnlag, landet som har intervenert 784 gonger berre i Latin-Amerika? Eller Kina, som støtta invasjonen i Ungarn i 1956? Det same gjeld norske medium – kor mange amerikanske intervensjonar har Morgenbladet støtta sidan 2.verdskrig? Kvar er Dagbladet sine liberale prinsipp når det gjeld Israel sin ekspansjon i Midt-Austen? Ny Tid kan derimot vise at avisa

¹⁴¹ Klassekampen 17.01.79 s.8: "Pål Steigan mot Ny Tids okkupasjonslogikk: Falt Oslo 1940, Praha -68, Chile -73 også sammen 'som korthus'?"

¹⁴² Ny Tid 17.01.79 s.2: "USA og Kina får støtte til isfront mot Vietnam"

¹⁴³ Ny Tid 17.01.79 s.4: "Rene hender"

har reine hender, og ikkje hyller invasjonar: ”Vi finner det som skjer i Indokina i dag tragisk. Uhyre tragisk at et kommunistisk Vietnam har krysset grenser. Men skal vi fordømme Vietnam som om det var en stormakt som legger under seg et lite uskyldig land – en parallell til Sovjet og Tsjekkoslovakia eller USA og Guatemala?” Går ein berre eit lite skritt inn i den indokinesiske røynda, oppdagrar ein at nyvaska hender tenar til lite. Dei vert tilsmussa av Pol Pot sitt terrorregime, av utalege kambodsjanske grenseprovokasjonar, av Kina sitt kyniske spel mot Vietnam sin frigjeringskrig, av dei kinesiske leiarane sin sabotasje mot Vietnam sitt attreisingsarbeid, og av USA sine øydeleggingar av folk og jord i heile Indokina: ”Til fordømmerene kan vi si: Behold deres rene hender. Bla ikke engang i en avis eller bok som handler om Sørøst-Asia før 7. januar 1979.” Vietnam måtte ta mot 150.000 flyktingar frå Kambodsja etter frigjeringa, stogge oppbyggjingsarbeidet i grensestrøka grunna kambodsjanske raid, og sjå Pol Pot brenne vietnamesiske landsbyar. Men ein ting har vel dei rene hendene lagt merke til: Prins Sihanouk si utsegn i FN om at det var betre då området var under fransk kolonistyre: ”Vi mistenker etter hvert ikke bare USA, men også Kina, for å mene noe slikt. I den nye alliansens tjeneste skal tiden mellom koloniveldets blomstringsperiode og 7. januar 1979 glemmes. 40 års krig blir uvesentlig når nye alliansepartnere skal trykke hverandres skinnende rene hender.”

Same dagen skriv *Aftenposten* at Vietnam sin invasjon har blitt fordømt av størsteparten av verdssamfunnet.¹⁴⁴ Rett nok sørga eit sovjetisk veto i FN sitt tryggingråd for at makthavarane i Hanoi ikkje formelt vert uthengt som fredsforstyrarar, men ”verdssamfunnets moralske forargelse kan de ikke unnslipe.” Kommunistleiarane som for kort tid sidan vart hylla og beundra som fridomskjemparar, har med rette blitt stempla som eit trugsmål mot freden. Berre Sovjetunionen og deira ”lakeiar” Tsjekkoslovakia stemte mot tryggingrådet sitt resolusjonsforslag, som gjekk ut på akutt våpenkvile i Kambodsja og attendetrekking av framande troppar, samt å ta avstand frå eikvar innblanding i ein stat sine indre forhold. Avisar skriv at ingen vart overraska over at Tsjekkoslovakia sine utsende var dei einaste som støtta Sovjetunionen sitt veto – dei ”stemte jo til fordel for sitt regimes eksistens. Uten de sovjetiske okkupanter kan Husak og hans menn ikke overleve.” Kommuniststatane Jugoslavia og Romania, derimot, skilte lag med Moskva, og brukte eit språk i innlegga sine som burde ryste makthavarane i Kreml: ”Det er oppmuntrende igjen å kunne registrere at ikke alle kommunistregimer blindt adlyder ordre fra den sovjetiske partimetropol.” Ifølgje FN sine statuttar, har Vietnam kome skuldfrie ut av debatten i tryggingrådet. Men Sovjetunionen og

¹⁴⁴ Aftenposten 17.01.79 s.2: ”Vietnam fordømmes”

Tsjekkoslovakia ”har i virkeligheten dømt seg selv. Det er de som i dette forum er den nasjonale suverenitets fiender, men fremfor alt er det uhyrlige bak vietnamesernes falske maske blitt avslørt.”

Leiaren i *Klassekampen* den 19. januar kjem med meir kritikk mot Ny Tid.¹⁴⁵ Utgåve nr. 2/79 var ”eit skammens dokument”, og påfølgande utgåve er ikkje mykje betre. Overskrifta i Ny Tid er ”vi hyller ikke invasjoner”, og artikkelen held fram med å påstå at det er eit folkeleg opprør som har ført til maktskiftet i Kambodsja. Ny Tid er på defensiven når dei no nektar å fordøme invasjonen, fordi Vietnam ikkje er ei stormakt på line med USA og Sovjetunionen: ”Med dette har dei konstruert opp ein røvarlogikk verre enn den første. Spørsmålet om landet er ei *stormakt* eller ikkje er avgjerande for om vi skal fordøme okkupanten. Kan vi no vente at Ny Tid og SV-leiinga vil omvurdere Israels okkupasjon av Palestina, eller til dømes Indonesias okkupasjon av Øst-Timor? Kva med Etiopia og Eritrea?” Ny Tid reindyrkar eit forsvar for imperialistisk aggresjon berre landet er ”lite” nok. Men dette stakkarslege knepet bergar ikkje Ny Tid og SV-leiinga frå historia sin dom: ”Vi har før slått fast at SV-leiinga står til høgre for Høgre i denne saka. At dei no også plasserer seg – heilt friviljug – til høgre for president Carter – sjå det er eit politisk dilemma som vi overlet til Ny Tid og SV-leiinga å tenkje over.”

I ein kommentar i same avisa dagen etter, fortset kritikken mot Ny Tid.¹⁴⁶ Avisa skreiv som nemnt ”vi hyller ikke invasjoner”, men Klassekampen slår fast: ”Jau, Ny Tid hyllar og har hylla den vietnamesiske invasjonen i Kampuchea. Ingen taktiske krumspring og bortforklaringar held mot Ny Tids fyrste oppslag etter at den massive invasjonen var eit faktum: ’Pol Pots styre raste sammen som et korthus’.” I Ny Tid 2/79 vart det skrive at opprøret hadde det kambodsjanske folket i ryggen, medan avisa veka etter meinte at Vietnam sin invasjon ikkje kunne samanliknast med Sovjetunionen og USA sine, grunna at Vietnam var eit lite land, men Klassekampen er ikkje overbeviste: ”Den eine bortforklaringa kan vere like ’god’ som den andre. MEN UANSETT ER DET TO MÅTAR Å STØTTE VIETNAMS INVASJON PÅ.” Ny Tid skriv at Romania og Jugoslavia sine protestar mot invasjonen må sjåast på som markørar av sjølvstende, men at dei har lite med Indokina å gjere. Men det er mange land, store og små, ”i Sovjets periferi”. Og kanskje har desse landa ein reell grunn til å kjenne seg *truga* av Sovjetunionen, spesielt etter at landet, med Vietnam som stråmann, har gått til ein ny invasjon i eit anna land. Kan det vere slik at landet faktisk er *trugande* til å gå til invasjon i desse landa òg? Klassekampen minner om at Noreg òg er eit land ”i Sovjets periferi”, og at

¹⁴⁵ Klassekampen 19.01.79 s.3: ”Vi hyller ikke invasjoner...”

¹⁴⁶ Klassekampen 20.01.79 s.3: ”Jau, Ny Tid hyller invasjoner”

Sovjetunionen nok ville ha like små problem med å invadere Noreg som Vietnam har hatt med Kambodsja: ”Sanneleg – det er ’forståeleg’ at folk her i landet protesterer mot invasjonen i Kampuchea. For skulle Sovjet ta oss over natta, har vi berre fortent det!”

Same dag skriv SV sin formann, Berge Furre, eit innlegg i *Ny Tid*.¹⁴⁷ Han påpeikar at mykje i konflikten i Sørøst-Asia enno er uklart og vanskeleg å få tak på, og at den endelege dommen må vente. Men somme trekk trer allereie no klart fram: at revolusjonen i Kambodsja utvikla seg til eit blodig mareritt, at maktkamp og kuppforsøk har følgd Pol Pot-regimet sidan 1975, at landet har vore den mest aggressive parten i dei stadige grensetvistane med Vietnam, og at Kina etter kvart braut det økonomiske samarbeidet med Vietnam og skapte store problem for den vietnamesiske industrien (noko som er bakgrunnen for Vietnam sitt nære økonomiske samarbeid med Sovjetunionen). Etter tretti års nesten samanhengande krig, kom altså konflikten med Kambodsja: ”Verkar det på denne bakgrunn rimeleg å sjå Vietnam som uprovosert aggressor mot eit granneland og jamføra støtten til opprøret med f.eks. Sovjets innmarsj i Tsjekkoslovakia? Det ligg nærare å sjå støtten til opprøret som eit forsøk på å koma ut av ein umogleg og uholdbar situasjon som Kampuchea hadde skapt og som Vietnam ikkje såg annan utveg av.” Pol Pot-styret sine grensekrenkingar, og dets militære innblanding i Vietnam sine indre forhold, er ein vesentleg del av bakgrunnen for Vietnam si støtte til opprørsfronten: ”Vi kan såleis forstå bakgrunnen for Vietnams handlemåte og sjå at det var ein situasjon der dei ikkje såg annan utveg.” At ein kan forstå, tyder ikkje at ein støttar alle delar av handlemåten, men SV vil ikkje gå med i ein kampanje for å fryse ut Vietnam: ”Når såleis Kina og deira norske talerør går saman med USA om å fordøma og isolera Vietnam, må det bli utan oss.” SV vil ikkje bryte gamalt venskap på signal frå ein stormaktshovudstad, men vil i staden diskutere hendingane med sine vietnamesiske vener. Furre avsluttar med eit stikk til Klassekampen: ”Ny Tids handsaming av konflikten har vore både informativ og balansert, og det tener redaksjonen til ære. Når Klassekampen kallar det ’et skammens dokument’ må det vera fordi redaksjonen der ikkje veit kva skam er. Når dei vidare skriv at Ny Tid har ’hyllet invasjonen’, vitnar det om so store lesevanskar at redaksjonsmedlemene burde ha utsikt til å vinna fram med eit lukrativt erstatningskrav mot den grunnskule som ikkje har lært dei å lesa.”

Klassekampen svarar på Furre sin kritikk to dagar seinare.¹⁴⁸ Avisa bit seg merke i Furre si utsegn om at ”avgjerande for vårt syn vil måtta bli korleis framtida blir for Kampuchea – om opprøret fører til

¹⁴⁷ Ny Tid 24.01.79 s.5: ”Skal vi fordømme Vietnam?”

¹⁴⁸ Klassekampen 26.01.79: ”Ny Tid-lesarane mot Berge Furre”

betre og friare kår for folket i eit sjølvstendig Kampuchea, eller om opprøret utviklar seg til ein okkupasjon over tid”. Utsegna avslørar SV-leiinga sitt hykleri: korleis kan eit *opprør* bli til ein *okkupasjon*? ”Korleis kan opprørar i eit land okkupere landet *sitt*? Det kan berre finnast ei forklaring: *’Opprørarane’ kjem utanfrå!*” Ny Tid har i same utgåva gitt rom for ein debatt om det som skjer i landet, og alle innlegga frå lesarane er mot okkupasjonen. Furre påpeikar at dei fleste observatørane er samde om at Kambodsja har vore den aggressive parten i grensekonflikten, med territoriale krav på store delar av Vietnam. Men her stend lygnene i kø. For halvanna år sidan stod vietnamesiske styrkar 30 kilometer inne i Kambodsja. Og at Pol Pot-regjeringa har territoriale krav på delar av Vietnam i dag, er ei propagandalygn fabrikkert i Hanoi og Moskva. Furre kritiserer Kina for å bryte samarbeidet med og hjelpa til Vietnam. Og ”slik går det slag i slag, frå ein partileiar som er i beit for argument *for* invasjonen.”

Pål Steigan svarar på Berge Furre sin artikkel over to dagar i Klassekampen, den 29.¹⁴⁹ og 30. januar.¹⁵⁰ Steigan kallar artikkelen ”ynkelig og defensiv (...) Det er pinlig å se en historiker som prøver seg med en så plump historieforfalskning som det Furre gjør. Det er skremmende å se hvordan SV-formannen kaster vrak på alle historiske lærdommer og frivillig lukker øynene for fakta.” Furre snakkar om solidaritet med eit Vietnam som vart sønderbomba under krigen med USA, men gjekk ikkje denne ut over Kambodsja òg? Furre seier at revolusjonen i landet utvikla seg til eit blodig mareritt. Men dei einaste indikatorane på at dette er tilfelle, har kome gjennom intervju med flyktningar, og sa ikkje flyktningane frå oktoberrevolusjonen liknande ting? ”Verken Ny Tid eller Berge Furre har noengang dokumentert dette som de nå forsøker å gjøre til sitt trumfess.” Furre klarer ikkje sjå forskjell på ein opprørar og ein quisling i Heng Samrin, ein marionett sett inn av okkupasjonsmakta. Det er ingen tvil om at eventuelle interne opprørsstyrkar i Kambodsja ville ha vore såpass synlege at dei ville ha blitt omtala i pressa. At ingen slik omtale eksisterer, tyder på at desse heller ikkje fanst. Furre ”hører til den svært lille kretsen i verden som har så store skylapper at han ikke klarer å se at Vietnam har foretatt en regulær invasjon og okkupasjon i nabolandet.” Det er lett å skjønne kvifor SV har store problem med å ta avstand frå eit så openbart brotsverk som Vietnam sin invasjon: ”Alt SV tidligere har sagt om nasjonal sjølråderett, skulle tvinge dem til å fordømme invasjonen. Men dersom de fordømmer invasjonen, står faktisk hele SVs verdensbilde i fare.” Her er det nemleg USA som er den farlege supermakta, medan Sovjetunionen korkje er imperialistisk eller farleg. SV har bygd heile utanriks- og forsvarspolitikken sin på at dette er tilfelle. Etter

¹⁴⁹ Klassekampen 29.01.79: ”Når en historiker forfalsker historia”

¹⁵⁰ Klassekampen 30.01.79: ”Et verdensbilde rakner”

Tsjekkoslovakia, Angola og Eritrea starta verdsbiletet å sprekkje. Og ”når så Vietnam går til en aggresjonskrig som er på størrelse med den amerikanske invasjonen i Kampuchea i 1970, ramler verdensbildet sammen.”

Februar 1979

I *Klassekampen*-leiar den 5. februar er fokuset atter ein gong på SV-leiar Berge Furre, som ein ved å lese siste utgåve av *Ny Tid* skjønar at ”lengter tilbake til 60-åra”.¹⁵¹ Det er lett å seie seg samd i at Vietnam sin invasjon er eit trugsmål mot Furre sitt verdsbilete, og kanskje er det difor siste *Ny Tid* er kjemisk fritt for Kambodsja-stoff? For ”verden utvikler seg raskt, svært raskt, og Furre's verdensbilde stemmer ikke med terrenget.” Det er etter kvart vanskeleg å få det til å hengje ihop at USA er farlegast, og at Sovjetunionen er ei anti-imperialistisk kraft: ”Han vil så gjerne at det skal være slik og lengter tilbake til de ’gode’ 60-åra. Men selv i hans eget parti er det mange som ikke tror på det lenger.” Furre vil helst stille seg slik at han slepp å ta stilling til ”alt mellom himmel og jord”. Med dette utgangspunktet går det fortsatt an å forkludre ein masse internasjonale spørsmål for å dekke Sovjetunionen. Men mange, òg i Furre sitt eige parti, ser at verda endrar seg, at verdsbiletet hans er feil, og at det tenar sosialimperialismen: ”Når folk tar avstand fra Sovjet, nå sist i Kampuchea, vil Furre ’forstå’ Sovjet og legge skylda på Kina. Det skal ikke bli så lett å markedsføre den teorien, noe leserbrev i *Ny Tid* i det siste vitner om. Det var nok lettere å være revisjonist i 60-åra da Sovjet ikke var så avslørt som i dag.”

I ein leiar den 6. februar kjem *Aftenposten* med kritikk mot den norske venstresida.¹⁵² Lenge før vietnamesiske troppar rykte inn i Kambodsja, visste ei heil verd at landet sine kommunistiske makthavarar innførte eitt av historia sine blodigaste terrorvelde. Vestlege massemedium kunne skildre korleis folk vart jaga ut av Phnom Penh etter ”frigjeringa”, og om mange andre sider ved alt det forferdelege som skjedde bak landet sine grenser. Men i den kommunistiske blokka ”la et taushetens slør seg over dette helvete” – avfeia som simpel propaganda iscenesett av antikommunistiske krinsar og leia av CIA. Men no har dei fyrste utanlandske journalistane sluppe inn i landet, utvalde pressefolk frå kommunistiske land. Desse har sendt heim forteljingar som stadfestar alle historiene som vart spreidde av deira vestlege kollegaer – ”fremfor alt skildrer de folkets ustyrlige glede over å ha blitt kvitt Pol Pot og hans gjeng med mordere.” Det austtyske

¹⁵¹ *Klassekampen* 05.02.79 s.3: ”Furre lengter tilbake til 60-åra”

¹⁵² *Aftenposten* 06.02.79 s.2: ”Sannhetens erkjennelse”

kommunistpartiet sitt hovudorgan, Neues Deutschland, trykkjer i desse dagar ein serie artiklar frå avisa sin korrespondent, som gjev eit skremmande innblikk i dei djevlelike tilstandane som herska under Pol Pot. Men forteljningane innbyr òg til ettertanke: ”Trofaste lesere vil huske at før borgerkrigen i Kampuchea var avsluttet, lovpriste Neues Deutschland Røde Khmer-styrkene som kamerater som kjemper for fred og sosialisme.” Pol Pot sine norske vener sende ut fnysande protestar mot det Aftenposten og andre norske aviser skreiv om ”usannheter og forvrengingar” om revolusjonen i landet: ”Hvis de ennu skulle tvile på det vi kunne fortelle, anbefales de å lese Neues Deutschland. Riktignok kommer vår øst-tyske kollega sent, men den kommer godt.”

Svaret frå *Klassekampen* kjem dagen etter.¹⁵³ Aftenposten vert skulda for å ha brukt Neues Deutschland som ”sanningsvitne”, og avisa ”gleder seg over at Neues Deutschland sprer de samme løgnene om oppbyggingen av Demokratisk Kampuchea som Aftenposten har gjort i en årrekke”. Aftenposten skreiv i januar ein respektabel leiar som fordømte invasjonen, og som sa at krenking av statar sin suverenitet må fordømast. På same måte må Sovjetunionen sin invasjon i Tsjekkoslovakia i 1968 fordømast, men denne vart varmt støtta av ingen ringare enn Neues Deutschland. Og no, i staden for å reflektere over lygnene som i dag vert spreidde for å rettferdiggjere invasjonen, gjer Aftenposten Neues Deutschland til sanningsvitne. Men ”når ble det å gjenta løgner et kriterium på sannhet? Misjonen til Neues Deutschland er å være talerør for sovjetisk ekspansjon og undertrykking. Neues Deutschland har aldri latt seg hemme av presseetiske regler som er sjølsagte i Norge. Neues Deutschland skriver ikke det som er sant. Det skriver det som tjener Sovjet.” Det er ikkje berre presse frå austblokka som har vitja landet. Så seint som i desember 1978 var amerikanske journalistar i Kambodsja. Dei såg ingen teikn på skrekkveldet som sovjetisk og amerikansk propaganda har teikna i ei årrekke, og artiklane deira vart trykte i mange store, vestlege aviser: ”Aftenposten har kunnet velge fritt blant mange mulige sannhetsvitner om Kampuchea. Avisar har valgt Neues Deutschland.”

Den 14. februar skriv Jon Arild Johannessen eit lesarinnlegg i *Ny Tid* der han skuldar Pål Steigan for å kalle Berge Furre ein historieforskar og lygnar gjennom artiklar i *Klassekampen*.¹⁵⁴ Johannessen kallar hetsen ei forlenging av Stalin si line frå 1928, der sosialdemokratar skulle nedkjempast, fordi dei passivt fungerte som ei slags støtte for fascistane i Vest-Europa (òg kalla ”sosial-fascismeteorien”). Johannessen peikar på at dåverande partiformann, Sigurd Allern, i 1975 køyrde liknande kampanjar, der han hevda at SV var ein potensiell femtekolonnist i ein tenkt sovjetisk

¹⁵³ *Klassekampen* 07.02.79 s.3: ”Med Neues Deutschland som ’sannhetsvitne’”

¹⁵⁴ *Ny Tid* 14.02.79 s.23: ”Sosialfascisme – teorien til AKP”

invasjon av Noreg. Steigan ”er litt sludere i sine formuleringer enn Allern”, men insinuerer at SV ville ha støtta ein tenkt invasjon: ”Det Pål Steigan gjør er å føre social-fascismeteorien til Stalin & co ett hakk vidare fra det nivå Sigurd Allern prøvde på i 1975.”

Pål Steigan svarar på angrepet i eit brev i same avis to veker seinare.¹⁵⁵ Johannessen insinuerer at han meiner SV er eit ”quislingparti”, men dette er totalt misforstått. Steigan ynskjer at SV skal ha eit klart standpunkt, både mot invasjonen i Kambodsja og mot ein eventuell invasjon av Noreg. Dette er alvorlege spørsmål som ein ikkje leikar med, og difor er det skremmande at Ny Tid og Berge Furre grip til argument som kan brukast ”for å innsette sovjetiske quislingregimer ikke bare i Kampuchea, men hvor som helst.” Det uroar Steigan at SV nektar for at Sovjetunionen utgjør noko trugsmål mot Noreg eller andre land, og at partiet sin leiar rykkjer ut til forsvar for openlys imperialistisk aggresjon.

Ny Tid svarar på Steigan sitt innlegg i same utgåva.¹⁵⁶ Pol Pot-regimet la grunnlaget for sitt eige fall med den politikken det førte, og det kan såleis ikkje herske tvil om at det fanst eit materielt grunnlag for ei opprørsrørsle i landet, med ein reell folkeleg basis, som dermed vil ha Ny Tid si støtte. Det kan først ei rekkje argument for kvifor Vietnam fann det naudsynt å invadere, slik som stogga økonomisk hjelp frå Kina, manglande krigsskadeerstatning frå USA, problema med å ta hand om 150.000 flyktningar, og gjentekne grensekrenkingar frå kambodsjansk side. Det er eit anerkjent prinsipp innanfor den sosialistiske rørsle at eitkvart land har rett til sjølvstyre, men dette er ikkje eit overordna prinsipp – nasjonane stend ikkje heva over den internasjonale klassekampen: ”I dette ligger det at vi mener det kan tenkes situasjoner der det ville være korrekt å forsvare at et land intervenerte i et annet land, dvs. krysser grensene.” Difor kan intervensjonar der ei frigjeringsrørsle er truga (som MPLA i Angola), støttast: ”Ut fra dette tror vi at det er riktig å si at det ikke er noe bestemt og klart skille mellom intervensjon i et land til støtte for en bevegelse, og det å gi denne bevegelsen materiell støtte (...) Vi tror det viktigste punktet å holde fast blir: At det er åpenbart at intervensjonsstyrkene ikke overtar kampen på vegne av frigjøringsbevegelsen.” I Vietnam-Kambodsja-konflikten er det utvilsamt mogleg å skjønne Vietnam sin handlemåte, men dette må ikkje føre til at ein blindt forsvargar landet - tvert imot må invasjonen kritiserast. Det er mange grunnar til dette: At invasjonar har vist seg vere ein uegna måte å løyse internasjonale konflikhtar på, at invasjonar i sosialismen si interesse som regel har hatt som konsekvens å skade sosialismen si sak, at Vietnam sin invasjon primært er eit

¹⁵⁵ Ny Tid 28.02.79 s.23: ”Hva mener SV om Sovjet-aggresjon?”

¹⁵⁶ Ny Tid 28.02.79 s.23: ”Forstå – ikke forsvare”

uttrykk for forsvar av egne statsinteresser, og at det er ei fare for at okkupasjonen vert langvarig. Det vert teke eit atterhald til slutt: ”Skulle det vise seg at opprørsfronten i Kampuchea har en virkelig folkelig basis og følger opp sitt program i praksis, foruten at Vietnam trekker sine styrker ut, er det sjølsagt mulig at undertegnades standpunkt må vurderes på nytt.”

Den 23. februar skriv *Aftenposten* at den nye venskapsavtalen mellom Vietnam og Kambodsja gjer dei kommunistiske makthavarane i Hanoi til dei faktiske herskarane i det tidlegare franske Indokina.¹⁵⁷ Sjølv om nabolanda Laos og Kambodsja er formelt uavhengige statar, er det Hanoi som bestemmer gjennom sine handlangarar i Vientiane og Phnom Penh. Det har kosta hundretusenvis av døde og såra å innkassere vinstane - fyrst Sør-Vietnam, deretter Laos og til sist Kambodsja: ”Dominoene er falt overende en efter en.” Sjølv om fredsavtalen er ei freisting på å legalisere dei nye makthavarane i landet, er det ingen tvil om at styrtinga av Pol Pot sitt redselsregime vart gjennomført av regulære vietnamesiske soldatar, og henstillinga frå FN sitt tryggingråd om å trekkje ut troppane har blitt totalt oversett. Den nye avtalen slår fast at dei tre landa skal stå side ved side i kampen mot ”de internasjonale reaksjonære krefter” – noko som i vietnamesisk terminologi er Kina. Men det finst styrkar som er lojale mot Pol Pot, og som enno ikkje er knuste, og det kan ta lang tid for dei vietnamesiske inntrengjarane å slå ned lokal motstand. Som alle andre kommunist-styre snakkar leiarane i Hanoi gjerne om fred og venskap, men sjølve skyr dei ikkje å bruke militære middel for å realisere politiske ambisjonar: ”Folk som under krigen mot Syd-Vietnam så domino-teorien som en del av Hanois strategi, ble bespottet. Ingen måtte trekke nord-vietnamesernes idéelle motiver i tvil. De kjempet for frigjøring og demokrati mot kapitalistiske og imperialistiske undertrykkere og utbyttere. Dermed basta. Idag ligger dominoene veltet på brettet.”

Våren 1979

Dei fyrste vestlege journalistane har no fått vitje det okkuperte Kambodsja, og den 11. april slår *Klassekampen* attende mot vietnamesisk propaganda i landet.¹⁵⁸ Det kan ikkje vere tvil om kva som er føremålet med å vise vestlege journalistar rundt, nemleg å diskreditere Pol Pot-styret og gje det skulda for dagens prekære matmangel i landet. Men AFP-korrespondenten i Phnom Penh kunne fortelje om eit utal vietnamesiske soldatar i byen, og at folket levde i ytterste naud. I ein freistnad på å avleie verda si merksemd frå okkupasjonen, har vietnamesarane ”gått til det skritt å grave opp gamle

¹⁵⁷ *Aftenposten* 23.02.79 s.2: ”Vietnams domino-spill”

¹⁵⁸ *Klassekampen* 11.04.79: ”Spøkelser i Phnom Penh”

knokler og skjeletter som vises fram til utenlandsk presse". NRK viste nett ein amerikansk film der skjelett flaut i brønnar og rennesteinar som "prov" på det påståtte folkemordet, men "hva slags 'bevis' er dette? Nærmere en million kampucheanere mistet livet under krigen mot USA-imperialismen for bare fire år siden." For ytterlegare prov på terrorveldet, vert kambodsjanarar intervjuar om forsvunne og drepne slektningar: "Dette er uhederlig journalistikk. Hvilken kampucheaner våger å si noe positivt om Pol Pot-styret eller engang stille seg nøytral, når han blir intervjuet foran øynene på de vietnamesiske okkupasjentene?" Prins Sihanouk har diverre innleia ein kampanje mot Raude Khmer, som landet sine fiendar vil bruke til å legitimere okkupasjenten. Men kor etterretteleg er Sihanouk sine opplysningar, når han samstundes har fortalt at han i fire år levde isolert i husarrest, og ikkje fekk lese aviser og ta imot post? Sihanouk understrekar likevel at "intet kan rettferdiggjøre fortsatt vietnamesisk okkupasjon av mitt land". Pol Pot-regjeringa yter kraftig motstand mot Hanoi sin okkupasjentstyrke, og "denne forsvarskrigen mot Vietnam ville ikke vært mulig uten en betydelig støtte i befolkninga. Glem aldri hovedsaka: Å støtte Kampuchear folk og regjering mot Vietnams aggresjon og okkupasjon."

Den 22. mai handlar leiaren i same avisa om det såkalla folkemordet under Pol Pot.¹⁵⁹ Svenske Jan Myrdal har påpeika at det *har* vore eit folkemord i landet, og at det skjedde i 1970-1975. Truleg fall ein million av landet sine innbyggjarar som offer, og det er difor det er fullt av graver. Dei hovudansvarlege var USA sine leiarar, og deira marionett-regime i Phnom Penh. No skjer det eit nytt folkemord: "Vietnam har okkupert landet og installert en ny quisligregjering. Rismarkene legges øde, befolkninga terrorbombes av moderne sovjetiske bombefly. Sult, sykdom og massedrap er resultatet. Målet er å utrydde den kampuchearnasjon." Medan dette skjer, arbeider Vietnam sin propagandamaskin under høgtrykk. Stadig gjentakast påstandane om at Pol Pot-regjeringa er ansvarleg for mord på sitt eige folk. Massegraver frå fyrste del av 1970-åra vert grevne opp for å styrke propagandaen. I mellomtida sender Vietnam diplomatane sine rundt for å be om støtte: "En av dem, parlamentsmedlemmet Che Lan Vien, har nylig besøkt Norge. I siste nummer av SV-avisa Ny Tid gjengis hans offisielle løgner. Samtidig refererer avisa fra SV-sekretær Lasse Jahnsens hjertelige samtale med statsminister Phan Van Dong i Hanoi. Slik yter SV-ledelsen sitt bidrag til det nye mordet på Kampuchear folk."

¹⁵⁹ Klassekampen 22.05.79 s.3: "Folkemord"

Hausten 1979

Ein polemikk mellom Jon Michelet og Egil Ulateig kjem på trykk i *Klassekampen* i andre halvdel av september. Ulateig har slutta i Ny Tid for å ta over som redaktør i Alle Menn, og ser ut til å ha skifta standpunkt i Kambodsja-spørsmålet. Framsida av utgåve 37/79 presenterer reportasjen hans under tittelen "Verre enn Auschwitz – sjokkbildene fra Kampuchea". Jon Michelet skriv eit ope brev til Ulateig, som kjem på trykk den 18. september.¹⁶⁰ Over to sider i Alle Menn vert det vist eit bilete av ein haug kranie og knoklar. Men korleis har det seg at Ulateig "ikkje er i tvil" om at bileta er ekte? Kan ein sjå bort frå at dei døde på biletet kan vere offer for terror under Lon Nol-regimet, eller for USA si teppebombing? Fotografen, Jay Ulla, sa at alle han snakka med hevda at det var Pol Pot sine soldatar som hadde laga denne makabre pyramiden: "Men *hvem* var disse 'alle'? Har du noen grunn til å tro at Jay Ulla snakket med andre enn lojale Heng Samrin-tilhengere?" Ulateig skriv at journalistane som slapp inn i landet, ikkje hadde problem med å finne intervjuobjekt som kunne fortelje om overgrep og masse mord. Men "hva slags intervjuobjekter var dette? Tror du at det var uhildede, objektive intervjuobjekter – eller har du en mistanke om at det var håndplukkede folk som fortalte det Heng Samrins agenter ønsket at de skulle fortelle?" Michelet lurar på om motivasjonen til Ulateig for å skrive reportasjen er "en slags sjølgransking av tidligere standpunkter på bakgrunn av opplysninger som er kommet fram fra talsmenn fra Demokratisk Kampuchea om overgrep som *har* vært begått." Men dette forsvarar ikkje at Ulateig ukritisk og skråsikkert presenterer høgst tvilsamt materiale som om det skulle vere ei dagklar sanning. Ulateig skriv òg om svolten som i dag er det kambodsjanske folket sitt største problem. Men "synes du ikke at Alle Menns lesere burde fått vite at Kampuchea *ikke* sultet før Vietnams okkupasjon?"

Svaret frå Ulateig kjem på trykk den 27. september.¹⁶¹ Han bemerkar til Michelet at han ikkje kan fri seg frå "følelsen av at det ulmer en ypperlig dobbeltmoral et sted bak fingertuppene dine. Ville du lagt an en så kildekritisk tone dersom lignende bilder hadde kommet ut av Vietnam, eller Argentina for den saks skyld?" Ulateig presiserer at han tek avstand frå Vietnam sin okkupasjon, som no er i ferd med å ta livet av fleire menneske enn Pol Pot truleg klarte. Under Pol Pot var matvaresituasjonen i ferd med å bli akseptabel etter WHO-mål, medan hungersnuden som no brer seg over landet er ufatteleg. Ulateig var aldri i tvil om at Pol Pot sitt styre var hardhendt mot grupper som kunne tenkjast å motarbeide revolusjonen, men han meinte likevel å kunne hevde at påstandane om

¹⁶⁰ Klassekampen 18.09.79: "Kampuchea – 'verre enn Auschwitz'?"

¹⁶¹ Klassekampen 27.09.79 s.6: "Alle Menn og Kampuchea: -Hva skal vi forsvare?"

folkemord og uhemma blodbad var sterkt overdrivne. Men tyder det at ein for einkvar pris må forsvare det som har hendt eller hender i Kambodsja? Som journalist ”forbeholder jeg meg retten til når som helst å mene hva som helst om et hvilket som helst slags emne. De som betegner det som kuvending, altså implisitt noe negativt, å forandre oppfatning om en sak, har lite å tilføre denne verden.” Med omsyn til den konkrete saka, sjekka Ulateig kjeldene sine grundig, og ”etter alt som er kommet fram nå, er det vel ganske vanskelig å tvile på ektheten av bildene”. Men dette emnet er for viktig til å la det verte ein diskusjon om korvidt bilete er ekte eller ikkje: ”Det gjelder ganske enkelt om det kampucheanske folket skal overleve. Det er ikke Pol Pot eller Heng Samrin eller noen annen koryfé som trenger vår støtte nå. Det er de som sulter i utkanten av golde rismarker.”

Den 20. september handlar leiaren i *Aftenposten* om Kambodsja si rolle i FN.¹⁶² Hovudforsamlinga må bestemme seg for kven som skal innta landet sin plass i verdsorganisasjonen – Pol Pot sitt berykta terrorregime, eller Heng Samrin-regjeringa. Sjølv om ingen sørga då den vietnamesiske krigsmaskina sette ein stoggar for Pol Pot-regimet, utløyste måten det skjedde på ei djup uro – fyrst og fremst blant medlemslanda i ASEAN (Association of Southeast Asian Nations), som no vart styrka i frykta si overfor Vietnam sin aggressive utanrikspolitikk. Uansett kva kjensler regjeringane i området hadde for Pol Pot-regimet, representerte ikkje Kambodsja noko politisk eller militært trugsmål mot nabolanda, i motsetning til kva Vietnam gjer. Av den grunn går ASEAN-landa inn for at Pol Pot sine utsendingar framleis skal representere landet, både i FN og andre stader. Det er mogleg at FN vil la landet sin plass verte ståande tom, for å hindre ei alvorleg konflikt mellom Sovjetunionen og Kina, men truleg er det ikkje. Noreg går inn for at Pol Pot sin delegasjon framleis skal representere landet i FN, og det er ei rett haldning, så lenge ei slik støtte vert tolka som ei oppfordring til å styrke arbeidet i retning av ei forhandlingsløyising: ”Målet er å bidra til at Kampuchea får en regjering som verken ledes utenfra eller som massakrerer sin egen befolkning. En anerkjennelse av Heng Samrin ville være ensbetydende med å redusere mulighetene for en slik løsning.”

5.3. Oppsummering av avisdebatten

1978 såg auka spenning og sporadiske kamphandlingar langs den kambodsjansk-vietnamesiske grensa, og ikkje uventa hadde Klassekampen og *Aftenposten* ulike syn på kven som var den aggressive parten. Fyrstnemnde hadde eit klart definert stormaktperspektiv på uroa. Avisane såg

¹⁶² *Aftenposten* 20.09.79 s.2: ”Kampuchea i FN”

vietnamesisk aggresjon som eit resultat av Sovjetunionen sine ambisjonar om utvida kontroll i Sørøst-Asia. Aftenposten var mest oppteken av at Solidaritetskomiteen for Vietnam (Solkom) hadde blitt lagt ned, og at dette var prov på at komiteen var eit underbruk av AKP(m-l), som no hadde gitt opp å støtte både partar i konflikten.

Etter invasjonen i slutten av desember, var Aftenposten raskt ute med å slå fast at det var vietnamesiske troppar som var involverte, og ikkje, som enkelte hevda, kambodsjanske opprørsgrupper. Avisa slo fast at dette var siste fase av ein prosess med mål om å samle dei tre indokinesiske statane under vietnamesisk kontroll, og sette spørsmålstein ved om den norske u-hjelpsstøtten til Vietnam var vel anvende pengar. Klassekampen var raskt ute med å fordømme Vietnam, og drog parallellar til Tyskland sin okkupasjon av Noreg i 1940. Det vart understreka at Pol Pot si regjering var Kambodsja si einaste lovlege regjering. Ny Tid støtta derimot invasjonen, og stod med dette for fyrste gong i klar opposisjon til Klassekampen når det gjaldt sympatiar i Indokina. Avisa kom samstundes med utfall mot dei konservative, som no verka å ha gløymt den valdsame hetsen mot Kambodsja, og i staden retta anklagande peikefingrar mot Vietnam.

Klassekampen og Ny Tid si kjekling i etterkant av invasjonen, synleggjorde kløyvinga av venstresida i norske medium. Ny Tid kritiserte fyrst og fremst høgresida og deira ”nyvaska hender”. Avisa meinte at protestane mot Vietnam sine grensekrenkingar hadde lite truverd, med tanke på støtten konservative krefter hadde gitt til reaksjonære maktovertakingar andre stader i verda, som i Guatemala og Chile. Avisa meinte det vart feil å dømme Vietnam som om det var ei stormakt som la under seg eit lite, uskuldeg land. Klassekampen angreip dette ”forsvaret for imperialistisk aggresjon” berre landet var ”lite” nok, og kritiserte SV-leiinga for å stå til høgre for Høgre i denne saka. Ny Tid framheldt at dei ikkje ville verte med på å fordømme og isolere Vietnam på signal frå USA, men heller ville diskutere hendingane med sine vietnamesiske vener. Avisa meinte at konfrontasjonen var eit resultat av kambodsjansk aggresjon i grenseområda. Klassekampen og Ny Tid var òg grunnleggande usamde i denne perioden om korvidt styrtinga av Pol Pot si regjering hadde støtte i det kambodsjanske folket. Klassekampen meinte at Raude Khmer hadde total tilslutnad i landet, og at den vietnamesiske invasjonen var styrt av Sovjetunionen, som trekte i trådane. Ny Tid meinte at dei nye makthavarane vart sett på som ein frigjeringarmé av eit takksamt folk, som hadde fått nok av Raude Khmer sitt terrorregime.

Utover våren 1979 hadde utanlandske journalistar fått vitje det ”nye” Kambodsja. Etter kvart som rapportane strøymde inn om Raude Khmer sine ugjerningar, sette Klassekampen fokus på å argumentere mot det dei såg som vietnamesisk propaganda. Avisa meinte at alle skjeletta og knoklane som vart grevne opp, stamma frå amerikansk bombing på fyrste halvdel av 1970-talet, heller enn frå Pol Pot sitt regime. Og kambodsjanarar som stilte opp på kamera for å fortelje om regimet, frykta vietnamesiske represalie om dei sa sanninga. Avisa starta ein argumentasjonsteknikk ho har blitt skulda for å misbruke fram til i dag – nemleg å bortforklare Raude Khmer sin terror gjennom å påstå at den amerikanske bombinga var verre.

På hausten kom spørsmålet om kven som skulle få representere Kambodsja i FN opp. Det vart til slutt vedteke at Pol Pot sin delegasjon skulle få fortsetje å ha vervet. Aftenposten var samd i at dette var det rette. Valet var det minste av to vonde, og ei anerkjenning av Heng Samrin sitt nye regime ville redusere sjansane for ei forhandlingsløysing mellom partane.

5.4. Drøfting av Klassekampen si dekning

Klassekampen og AKP(m-l) var i perioden 1975-1979 særst sterkt samanknytte, og det har lite føre seg å skilje mellom avis og parti i denne perioden. Elisabeth Eide beskriv ei periode med særst tette forhold, med partidirektiv, jarndisiplin og innblanding, og tvilar på at det var nokon vesentlege forskjellar mellom dei to. Ho trur at det nok fanst ein viss opposisjon på innsida av partiet, blant anna hugsar ho Helge Øgrim sin kritikk, men han melde seg etter kvart ut. Eitt av partileiinga sine største problem, var ei frapperande evne til å avvise slik kritikk både frå medlemmer og utanfrå, for så gradvis å endre standpunkt utan å kreditere desse kritikarane. Ho meiner at dette, saman med forsvar for overgrep, medverka til partiet sitt manglande truverde og si gradvise oppløysing.¹⁶³

I tida før invasjonen, hadde konflikten mellom Kina og Sovjetunionen blitt kvassare. I januar 1978 flaug USA sin forsvarsminister, Harold Brown, til Beijing for å opprette eit nettverk av militære kontaktar mellom USA og Kina. Mot slutten av året skulle dette utvikle seg til ein *de facto* allianse mot Sovjetunionen. Den same månaden beskriv president Jimmy Carter sin nasjonale

¹⁶³ Eide i e-post til forfattaren, 14.02.2014, jf. appendiks

sikringsråd gjevar konflikten mellom Kambodsja og Vietnam, temmeleg upresist, som ”en stedfortrederkrig mellom Kina og Sovjetunionen”.¹⁶⁴

Treverdsteorien er viktig for å forstå kvifor AKP(m-l) hadde slik tillit til Pol Pot sitt styre i Kambodsja. Teorien var utvikla av Mao, og seier at verda er delt i tre. Den fyrste verda består av supermaktene: USA og Sovjetunionen. Den andre verda består av supermaktene sine allierte. Den tredje verda består av alle andre land, som er allianselause. Albania støtta ikkje teorien, og dette førte til ei splitting etter Mao sin død i 1976, kalla den sino-albanske kløyvinga. Konflikten førte til at verda sine marxist-leninistiske parti måtte ta stilling til teorien, og AKP(m-l) valde som så ofte før den kinesiske sida. I fylgje teorien vog Kambodsja (eit land i den tredje verda) sin kamp mot imperialistane (landa i dei to fyrste verdene) tyngre enn eventuelle klassekonfliktar internt i landet. Sidan Vietnam høyrde til den andre verda, som ein alliert til Sovjetunionen, var invasjonen eit overgrep frå ei imperialistmakt. Han var eit varsel om at Sovjetunionen atter ein gong var på frammarsj, heilt i utakt med interessene til verda sine folk.¹⁶⁵ Einkvar kamp som retta seg mot dei to supermaktene USA og Sovjetunionen var per definisjon progressiv, og måtte difor støttast.

Det tidlegare omtala ”oppgjeret med høgreavviket” i 1975 førte til ei markant radikaliseringsprosess i åra som fylgde, fram til 1978. Perioden overlappa såleis tidsromet for Raude Khmer sitt styre i Kambodsja. Det auka fokuset på revolusjonær handling, i staden for tilpassing til eit demokratisk styresett, kan ha vore med på å forsterke partiet si støtte til Pol Pot si regjering. Steigan seier at mykje av sekterismen og ultraradikalsmen til AKP(m-l) i perioden, vart grunnlagt på tesane frå oppgjeret. Dei skapte ei stemning der eit skritt til venstre nesten alltid kunne forsvarast.¹⁶⁶

Elisabeth Eide fortel at ho den gongen såg på invasjonen som eit overgrep, der Vietnam, støtta av Sovjetunionen, gjekk inn for å sikre seg regional kontroll. AKP(m-l) var lojale sympatisørar med både Kambodsja og Vietnam under Vietnamkrigen. Eide tykte det var tragisk då Vietnam invaderte, og føler at ho burde ha forstått betre at frigjeringsrørsler, anten dei heiter FNL eller Raude Khmer, langt frå er helgenar. Derimot er dei prega av både nasjonalisme, regionale motsetningar og den råskapen dei sjølve vert utsett for – og dessutan av ideologiar som ikkje har menneskerettar som grunnleggande rettesnor.

¹⁶⁴ Short s. 405

¹⁶⁵ Sjøli s. 155

¹⁶⁶ Steigan 2013 s. 298

Partiet var nært knytt til Kina, og såg på Sovjetunionen som revisjonistisk. At Vietnam var støtta av Sovjetunionen, var problematisk. Ifølgje Eide slo ml-rørsla etter oppgjeret med "høgreavviket" inn på ei line der Sovjetunionen vart framstilt som eit større trugsmål enn USA. Dette førte blant anna til ei sekterisk haldning til fredsørsla (sjølv om det kan innvendast at delar av ho tok lett på Sovjet-trugsmålet, som jo vart demonstrert med invasjonen i Afghanistan i desember 1979). Dette var nok òg eit resultat av den store rivaliseringa mellom Sovjetunionen og Kina. Ho hugsar at nokon i ettertid snakka om at dei "kjøpte ein pakke frå Kina", og meiner at det er mykje sant i dette.

Øystein Sørensen meiner at "venstreekstremistiske" grupperingar si kritikklause støtte til Pol Pot sitt Kambodsja, kan skjønast som eit spesielt ytterleggåande uttrykk for eit utbreidd fenomen i Noreg og Vesten for øvrig i moderne tid: Romantiske førestillingar om frigjering i den såkalla tredje verda.¹⁶⁷ Dette synet har utgangspunkt i ei førestilling om at den vestlege imperialismen og kolonialismen har undertrykt folket i den ikkje-vestlege verda. Støtta har vore grunna i at frigjeringsrørslar i denne delen av verda per definisjon er rettvise, og difor må støttast på sine egne premissar. Ho vert difor lett påfallande ukritisk, sjølv når desse rørslene har fått makt, og raskt utvikla seg til blodig undertrykkjande regime. Sørensen slår fast at i Noreg var AKP(m-l) dei som gjekk lengst i å utvikle ein teori som i ekstrem grad romantiserte og idylliserte frigjering i den tredje verda.

Eide seier at dette kan vere ei delvis forklaring på støtta Pol Pot sitt regime fekk frå den politiske venstresida i Noreg på denne tida, men ikkje heile. Ein avart av "tiersmondismen", eller treverdsteorien, er nok ein viktig faktor. Han handla ofte om ein sikkert subjektivt velmeint, men overflatisk og lite kunnskapsrik solidaritet (i ml-samanheng knytt til kinesisk politikk). At vestleg imperialisme og kolonialisme har undertrykt folk i den ikkje-vestlege verda, er vel noko meir enn ei førestilling (og godt dokumentert), men det er konklusjonane ein dreg om motstandarane deira som må granskast kritisk. *Påfallande ukritisk* kan vere ein dekkjande karakteristikk, trur Eide. Dei djupare årsakene til dette var kanskje som nemnt ei mistydd og grunn form for relativisme, som la langt mindre vekt på grunnleggande menneskerettar i "tredje-verda-land" enn land i vår eigen nærleik. Ein skal på den andre side heller ikkje gløyme at det finst ferskare døme på ukritisk støtte i dag, som politiske miljø si støtte til USA sin krig i Irak.

¹⁶⁷ Sørensen et al s. 26

5.5. Drøfting av Ny Tid si dekning

Ny Tid var ei relativt lita avis, og ein kan nok anta at einskilde journalistar sine personlege syn på Kambodsja-spørsmålet gjorde at avisa si dekning vart meir personavhengig enn dei to andre. Medan Klassekampen og Aftenposten verka særst einsretta i kvar sin ende av skalaen når det gjaldt haldningane til Raude Khmer, var Ny Tid meir prega av diskusjon mellom eigne journalistar. Til dømes trykte avisa ein polemikk mellom SV-formann (og hyppig skribent i avisa) Berge Furre og journalist Egil Ulateig, som viste ei sterk usemje om Raude Khmer sine metodar. Det er vanskeleg å sjå føre seg at dei to andre avisene ville ha tillate at slike interne stridar nådde det offentlege rom.

Ulateig var ein av dei som lenge forsvara Raude Khmer, men han byrja etter kvart å tvile. Som nemnt vart han kraftig provosert av den såkalla alternative Kambodsja-høyringa i Oslo i 1978. Dette var ei mothøyring til den meir kjende høyringa som vart halden etter initiativ frå personar som Haakon Lie og teologen Alex Johnson, og som hadde som mål å setje lys på overgrepa i landet. Ulateig dekte både høyringane, og han let seg provosere kraftig av både den offisielle og den alternative. Sistnemnde meinte han var ein skandale, og ho fekk han til å kutte banda til Pol Pot sine forsvararar. Han hadde eigentleg ei rolle som arrangør, men trekte seg gradvis ut fordi han "vart kvalm" av einsrettinga i val av t.d. innleiarar. Då han såg "diplomatane" til Raude Khmer og kunne diskutere med dei, skjøna han at han hadde "satsa på feil hest".¹⁶⁸ Han har alltid kjent på tvil om alle standpunkt han har teke, og ikkje minst det om å støtte Raude Khmer. Han las trass alt særst mykje av internasjonal litteratur, magasin og aviser, til dømes Der Spiegel, Sunday Times, The Observer og New Statesman, noko AKP(m-l)-arane aldri gjorde, og nærast såg på som eit brotsverk. På den andre side var det ein del forskarar som, etter Ulateig sitt syn, skreiv truverdige om Raude Khmer. Og han gjekk sjølv sagt heile tida med den overtydinga at CIA dreiv eit spel bak kulissane, til dømes med å spreie falsk informasjon. Det trur han i dag òg, om ikkje i like store dimensjonar. Men han hadde fått nok av undertrykkjinga av sanninga hjå dei som leia solidaritetsarbeidet i ml-leiren: "Det vart for dumt og eg skjøna inst inne at eg hadde 'drite meg ut'". Ulateig medgir at han aldri var nokon stor idelolog, men meir det han vil kalle ein bonderevolusjonær. I dag orkar han nesten ikkje sjå det han skreiv i artiklane sine på denne tida. Det han vil seie til sitt forsvar er at, i motsetning til nesten alle ml-arar, så gjorde han snøgt avbikt og bad offentleg om orsaking gjennom NRK.

¹⁶⁸ Ulateig i e-post til forfattern, 31.01.2014, jf. appendiks

Ulateig slutta i Ny Tid i november 1978. Han var ”møkka lei” av både SV og Ny Tid. Journalistisk var avisa ei katastrofe, med allmøte og ideologiske debattar om einskilde reportasjar. Det var keisamt å jobbe der, og han var meir av ein eventyrar som ville sjå action. Det fanst heller ikkje pengar til å drive skikkeleg avslørande journalistikk. Han likte heller ikkje dei fleste som styrte avisa og partiet, medrekna Furre, og spesielt den komande stjerna Erik Solheim. Den einaste han hadde sans for var Hanna Kvanmo. Han har i eit tidlegare intervju uttala: ”Nei – Ny Tid ble for smal og dogmatisk. Der skulle allmøtet bestemme ikke bare hva, men også hvordan folk skulle skrive.”¹⁶⁹ Ny Tid var berre eit talerøyr for SV-leiinga, og ikkje minst for Berge Furre. Redaktøren Audgunn Oltedahl var ein disippel av han, og våga ikkje tillate nokon journalistikk som var fri og radikal.

Då Vietnam invaderte Kambodsja i desember 1978, hadde Ulateig blitt redaktør i bladet Alle Menn, men han følgde enno godt med på utviklinga i Kambodsja. Han tok avstand frå både Raude Khmer sitt regime og frå Vietnam sin invasjon, men seier at han på det tidspunktet ikkje såg nokon motsetnad i dette. Han hadde jo lese historia, og visste at FNL ikkje var ute etter å hjelpe folket i Kambodsja, men heller å tryggje seg sjølve, og dei hadde òg sine imperiedraummar. Han var ei stund overtydd om at Vietnam ville gjere Kambodsja til eit lydrike, og at tilhøva for folket ikkje ville betre seg radikalt. Han trudde òg at Raude Khmer ville sprekkje, fordi det måtte finnast fraksjonar som ikkje kunne tole folkemordet. Der tok han òg feil, seier han, og han ser i dag at invasjonen var ei hjelp til frigjering frå Raude Khmer-veldet.

Han hadde altså slutta i avisa på dette tidspunktet, og var blitt så lei heile krigen på venstresida at han heldt seg utanfor striden mellom Ny Tid og Klassekampen. Ny Tid våga ikkje kome ned frå gjerdet, i det heile var avisa engsteleg for å ta parti i mange stridsspørsmål. Leiinga var konfliktsky og inkonsekvent. Ho valde side i nokre saker, og støtta ein del motstandsheltar, som viste seg å vere i same klassen som Pol Pot når det gjaldt metodar, om ikkje i valdsbruk. Dessutan var han no blitt meir kynisk i synet på alle slag frigjeringsrørsler. Men gamal vane var vond å vende, så ja, han kjende sneven av lojalitetskonflikt mellom to land han hadde sympatisert med. Men då hadde han blitt så overtydd om folkemordet til Raude Khmer at han eigentleg ikkje hadde noko lojalitet overfor nokon – bortsett frå dei fattige bøndene, både i Vietnam og Kambodsja, som alle saman berre var bønder på eit sjakkbrett, slike ein støtt ofrar fyrst.

¹⁶⁹ http://www.nrk.no/programmer/radioarkiv/sann_er_livet/samfunn/portrett/1263530.html

Ulateig tykkjer at Øystein Sørensen sin analyse, der han seier at støtten til Raude Khmer var eit uttrykk for romantiske førestillingar om frigjering i den tredje verda, høver særst godt til haldningane han hadde på denne tida. Dessutan er det eit viktig moment som kan vere ei åtvaring mot unge, både radikale og konservative: Han kom tidleg inn i ulike venstreradikale krinsar, og las venstreradikal litteratur. Han byrja altfor seint setje seg inn i ”den andre sida”, slik at han kunne vurdere konfliktane meir objektivt. Men nemnde han at han las, til dømes John Barron eller andre såkalla reaksjonære skribentar, vart han sett på med mistru. Han var ikkje ein av dei trufaste. Det var han eigentleg aldri, men haldninga hans til Raude Khmer var likevel prega av ”sjelegranskinga” til Øystein Sørensen. Han vart for seint moden, i politisk og intellektuell forstand. Det var fyrst på 1980-talet at ”hans tanke vart fri.” Faren er at ein etter oppvakinga kan bli for kynisk. Det trur han at han er i ferd med å verte.

For Ny Tid var konflikten mellom Kambodsja og Vietnam eit lite mareritt. Avisa hadde i åra fram mot invasjonen vore forsiktige med å ta side i debatten rundt Raude Khmer sitt styre. I utgangspunktet såg avisa med velvilje på både landa. Ho hadde vore ein aktiv tilhengjar av Nord-Vietnam under krigen, og hadde sett med forferding på USA si bombing av Kambodsja.

No måtte det veljast side, og avisa valde Vietnam. Dette vart nok lettare til fleire rapportar som kom frå det ”frigjorde” Kambodsja, som fortalte om svolt, naud og terror under Raude Khmer. Men dei siste åra si tilnærming mellom Sovjetunionen og Vietnam var òg ein faktor som gjorde at avisa hamna på den vietnamesiske sida av gjerdet. SV og Ny Tid delte ikkje AKP(m-l) og Klassekampen si ein-sidede støtte til Kina etter den sino-sovjetiske kløyvinga, og det kan tenkjast at denne støtten gjorde at dei heldt ein viss avstand. Egil Ulateig meiner at dette absolutt er ein viktig grunn til at SV og Ny Tid tok Vietnam sitt parti. Han påpeikar òg at alle leiarane i gamle Sosialistisk Folkeparti og Norges Kommunistiske Parti såg med like stor naivitet på Sovjetblokka som han sjølv i nokre år såg på Raude Khmer.

SV hadde solidaritet med undertrykte som ei flaggsak då partiet vart stifta i 1975, men kommunistregima i aust vart unnateke. Undertrykkjing av landa her vart framstilt som eit svar på amerikansk politikk, og Aust-Europa var, ifølgje Berge Furre, ”sovjetiske grensefestningar”.¹⁷⁰ Etter kvart endra denne pro-sovjetiske lina i Ny Tid seg, då den gamle garden i avisa gradvis forsvann ut til

¹⁷⁰ Ny Tid nr. 17, 1982.

fordel for udogmatiske journalistar som Gunnar Kopperud og Ingolf Håkon Teigene,¹⁷¹ men dette skjedde ikkje før utpå 1980-talet.

5.6. Drøfting av Aftenposten si dekning

Avisa mislikte allereie frå starten av Raude Khmer si maktovertaking og sitt styre. Ville det ikkje då vere naturleg å sjå positivt på intervensjonar som gjorde at skrekkveldet tok slutt? Det motsette hende – avisa tok klar avstand frå invasjonen, og gav flyktningtragediane i kjølvatnet av han brei dekning. Aftenposten sin kritikk mot Vietnam sin invasjon kan i så måte følast som ei sjølvmotseiing. Avisa meinte òg at Pol Pot sin delegasjon burde få representere landet i FN. Egil Ulateig minnest at det fanst ein krins i Høgre (som Aftenposten var knytt til) som gjekk inn for dette. Han var på møte med Unge Høyre der Kambodsja vart debattert, og ”grunngevinga for standpunktet var vel at FN kanskje kunne vera med å læra dei folkeskikk”.¹⁷²

Om invasjonen seier Per Egil Hegge at Aftenposten på denne tida såg positivt på at Vietnam fjerna Raude Khmer. Men prinsippet om ikkje-innblanding hadde forrang for mange av regjeringane, òg den norske. Omsynet til menneskerettane måtte vegast opp mot omsynet til folkeretten. På spørsmål om korvidt dominoteori-tankegangen påverka avisa si haldning, seier Hegge at denne teorien hadde altfor stor gjennomslagskraft, òg i den måten dei tenkte på.¹⁷³

Mykje av kritikken mot Vietnam botna altså i folkeretten, og ein kan vel seie at Aftenposten sette prinsippet om Kambodsja sin suverenitet føre omsynet til innbyggjarane sine lidingar. Hegge meiner i dag at denne vurderinga var særskilt kontroversiell, og med rette, òg på den tida. I etterkant av invasjonen gav Noreg Raude Khmer-regimet offisiell diplomatisk godkjenning. I bind 12 av Aschehougs Norgeshistorie skriv Edgeir Benum at sjølv om menneskerettar fekk større plass i norsk politikk utover 1970-talet, hadde politikken sine grenser, sette av norske eigeninteresser og omsynet til allierte:

”Da Vietnam invaderte Kambodsja i 1979 og jaget Pol Pots redselsregime på flukt, ble menneskerettshensyn underordnet prinsippet om ikke-intervensjon. Som FN og de vestlige

¹⁷¹ Martinsen et al

¹⁷² Ulateig i e-post til forfatteren, 31.01.2014, jf. appendiks

¹⁷³ Hegge i e-post til forfatteren, 29.01.2014, jf. appendiks

stormaktene deltok Norge ikke bare i en fordømming av Vietnams invasjon, men støttet Røde Khmer-regimet som legitimt.”¹⁷⁴

Hegge tykkjer hugse at avisa la mest vekt på brotet på Kambodsja sin suverenitet. Han fekk mykje kjeft av FN-ambassadør Ole Ålgård, fordi han ikkje skjønna at det var ei velgjerning å få Raude Khmer fjerna frå makta. Det var ingen protestar då Tanzania gjekk inn i Uganda og fjerna Idi Amin. Han vedgår at Aftenposten sin kritikk av Vietnam sin invasjon, med tanke på alt ein då visste om Raude Khmer sitt terrorvelde, nok var altfor krass.

At det nett var Vietnam som styrta det eksisterande regimet, er nok òg ein del av grunnen til Aftenposten sin reaksjon. Avisa sine haldningar til dei to landa var nok ikkje så ulike – det var to erkjente kommunistiske statar som båe hadde ”trassa” USA gjennom mange år. Sidan avisa ikkje hadde nokon ideologisk preferanse for nokon av dei to, vart omsynet til *suverenitetsprinsippet* førande. Dette er eit folkerettsleg prinsipp som inneber at alle statar er suverene og likeverdige. Vietnam sin invasjon braut med dette prinsippet, og måtte difor fordømast. Aftenposten tok såleis ei nokså radikal vending i forholdet sitt til Raude Khmer etter den vietnamesiske invasjonen, då dei tok til orde for at Pol Pot sin delegasjon burde få representere landet i FN. Suverenitetsprinsippet gjorde seg interessant nok ikkje gjeldande når det gjaldt USA sine intervensjonar i Vietnam og Kambodsja, og det er difor neppe kontroversielt å påstå at prinsippet si vekt var klart underordna avisa sine ideologiske preferansar.

Som Østvik har vist, kom Aftenposten i løpet av 1980-talet til å snu heilt om i Kambodsja-konflikten. I 1985 tok ein leiar til orde for ikkje å støtte nokon av partane, og i 1989 meinte Terje Svabø at det var grunn til å spørje om klokskapen i at FN, inkludert Noreg, støtta opp om ei koalisjonsregjering som hadde Raude Khmer som ein av partane.¹⁷⁵

5.7. Forholdet mellom partia og avisene

Per Egil Hegge seier om Klassekampen si dekning av utviklinga i Kambodsja, at denne er noko av det minst ærerike i avisa si historie:

¹⁷⁴ Benum s. 79

¹⁷⁵ Østvik s. 107

”Men at dei var SÅ stupide at dei tura fram med det same så langt ut på 80-talet, var det vel få som hadde trudd på førehand. Mest minneverdig er sjølvsagt det historiske omslagsbiletet på Røde Fane, der ein stolt Pål Steigan handhelsar hjartevarmt på Pol Pot under overskrifta ’Et løfterikt samfunnseksperiment’”.¹⁷⁶

Egil Ulateig seier at han hadde eit godt tilhøve til einskilde journalistar i Klassekampen, til dømes Roald Helgheim. Men han var aldri medlem av AKP(m-l), og likte aldri leiarane i partiet. Dei var ”overklassegutar som hadde fått seg ei leikegrind”.¹⁷⁷ I motsetning til han sjølv, hadde dei aldri vore ute i den harde verda og sett geriljakrig på nært hald. Den einaste med eit visst band til røyndomen var Jon Michelet, som han sette stor pris på. Etter at Ulateig i Alle Menn (der han no var redaktør) i 1979 skreiv reportasjen frå Kambodsja med framsidetittelen ”Verre enn Auschwitz – sjokkbildene fra Kampuchea”, fekk han sterke reaksjonar frå Klassekampen. Det å verte utsett for avisa sin harme, kallar Ulateig eit heidersteikn: ”På den tida hadde eg blitt ein, ikkje hatar, men foraktar av heile AKP og kobbelet rundt den diktatoriske leiinga. Eg vart kvalm av Øgrimar og Obrestadar og Haavardsholmar og Solstadar.”

Elisabeth Eide er samd i påstanden om at konflikten mellom Klassekampen og Ny Tid etter invasjonen var med på å gjere kløfta mellom AKP(m-l) og SV større. Men det gjorde òg Afghanistan-spørsmålet. I SV inngjekk jo store delar av det Sovjet-tru NKP, og ein del derfrå var temmeleg ukritiske til Sovjetunionen sin innmarsj i og okkupasjon av landet.

Ho meiner at høgpreessa (som Aftenposten og VG) sin kritikk mot Raude Khmer gjennom heile perioden var som venta. Meir enn 35 år har gått. Ho trur det i ettertid vert meir og meir vanskeleg å fatte atmosfæren frå den gongen. Ho gjekk på skule med aktivistar som gløda for USA sin innsats i Vietnam, og voks opp med foreldre som var venstreorienterte og støtta motstanden mot USA, og med publikasjonar på stovebordet som dokumenterte USA sine krigsbrottsverk. Sven Öste rapporterte for Dagbladet om omsynslaus bombing av Nord-Vietnam.

Hadde ho trudd at den opinionsendringa som etter kvart kom i Vietnamkrigen, ville føre til auka sympati i høgpreessa for ”frigjeringsgrupper” som Raude Khmer? Ho kan ikkje svare på det, men trur det er heilt rimeleg å seie at USA sine overgrep tydde mykje for deira einaugde syn i Kambodsja-

¹⁷⁶ Hegge i e-post til forfattern, 29.01.2014, jf. appendiks

¹⁷⁷ Ulateig i e-post til forfattern, 31.01.2014, jf. appendiks

spørsmålet. Det bomberegnet som landet opplevde, saknar sidestykke i moderne historie. Nixon si hemmelege og omfattande bombing frå jula 1969, var og er eit krigsbrotsverk. Og noko av det dei fekk sjå i Kambodsja (som nok bidrog til at dei var altfor lite opptekne av det dei *ikkje* fekk sjå), var resultata av denne bombinga: krater, svartbrente palmar og restar av landsbyar. Fokus på USA sine overgrep bidrog for Eide si gruppe sitt vedkomande til ukritisk sympati med "the underdog", og dei såg ikkje at "underdogs" kan verte farlege folkefiendar.¹⁷⁸

5.8. Kambodsja-debatten i nyare tid

Pål Steigan har i ettertid kome med noko sjølvkritikk over AKP(m-l) og Klassekampen si heilhjarta støtte til Raude Khmer. I 1981 tok han initiativet til ei alternativ framleggjing av tilhøva i Kambodsja, der han let Eirik Rossen (journalist i Klassekampen) leggje ut kraftig kritikk av Pol Pot-leinga sitt styre i ei utgåve av det teoretiske marxistiske tidsskriftet Røde Fane (der Steigan på denne tida var redaktør). Rossen hadde reist mykje rundt i grenseområda mellom Thailand og Kambodsja, og kunne fortelje om bruk av makt og terror heller enn masseline og politisk mobilisering.¹⁷⁹ Konklusjonen til Rossen var at Pol Pot sin ideologi ikkje hadde noko med marxismen å gjere. Men som mot-debattant hadde han partitoppen Tron Øgrim. Øgrim var kanskje den mest dogmatiske av alle, og motargumenterte med at hovudsida likevel var god, og at "hvis vi skal vente perfekte og pyntelige sosialistiske revolusjoner i den tredje verden i dag, så er jeg redd vi aldri vil oppleve dem".

Det kom altså etter kvart til visse motsetningar mellom partitoppene i Kambodsja-spørsmålet. Steigan seier om Tron Øgrim at "når det gjelder Demokratisk Kampuchea, er han totalt ukritisk, avviser all kritikk som propaganda og lanserer Røde Khmer som et forbilde å lære av. Han bruker også metoden med 'hovedsiden var bra' for å blokkere mot kritikk".¹⁸⁰ Men det er få teikn til at desse motsetningane fanst før artiklane i Røde Fane i 1981, to år etter at Raude Khmer vart jaga inn i jungelen, og landet vart opna for pressa. Og om det hadde vore usemje innan partileiinga, er det nok uansett tvilsamt om ho hadde blitt offentleg kjend på denne tida. Den inste kjerna i partiet sin sentralkomité var kjend som "diamantgjengen", ein illustrasjon på at medlemene var umoglege å splitte. Sjølv om det kunne diskuterast og kranglast i komitéen, var dei samde om å verke samla overfor omverda, i tråd med prinsippet om demokratisk sentralisme. Såleis er det nok tvilsamt om

¹⁷⁸ Eide i e-post til forfatteren, 14.02.2014, jf. appendiks

¹⁷⁹ Steigan 2013 s. 353

¹⁸⁰ Steigan 2013 s. 389

alternative oppfatningar av Raude Khmer-regimet hadde blitt kjent utanfor partiet, sjølv om slike skulle finnast – noko det altså ikkje ser ut til å ha gjort før lenge etter Raude Khmer sitt fall.

Steigan seier sjølv at han kom med sin fyrste varsame kritikk av Raude Khmer i ei bok frå 1985, og at han seinare har halde fram med kritikken i ei rekkje artiklar og føredrag. Men ikkje alle har vore samde i dette. Den såkalla *Hagtvett-debatten* bestod av ein serie artiklar trykt i Dagbladet i 2003. Kambodsja var på nytt i nyhendebiletet, etter offentleggjeringa av at det ville kome eit rettsoppgjær med restane av Raude Khmer. Professor Bernt Hagtvett, ved Universitetet i Oslo, skulda Pål Steigan og resten av AKP(m-l) sin leiarskap på 1970-talet for ikkje å ha teke eit politisk og moralsk ansvar for, og sjølvoppgjær med, folkemordet i Kambodsja.

Hagtvett framhevar Pål Steigan si rolle, og viser til turen hans til Kambodsja i 1978. Steigan må personleg stå til rette for det som hende, i kraft av hans ideologiske og politiske støtte til overgriparane. Og han stiller følgjande spørsmål til Steigan: Korleis vil AKP(m-l) støtte krigsforbrytartribunalet i Phnom Penh? Hagtvett meiner Steigan prøver styrke si eiga sak gjennom å relativisere Pol Pot sine massedrap, ved heile tida å vise til amerikanarane si bombing frå 1970 til 1975, samt å påstå at Pol Pot representerte eit *avvik* frå marxistisk og leninistisk lære. Hagtvett tykkjer avviket er irrelevant, ettersom nyare biografiar viser at Lenin var like patologisk valdeleg som Stalin. Han påpeikar òg at Pol Pot såg mot Kina som eit ideal, eit Kina som AKP(m-l) òg såg opp til. Det vil difor verte særst vanskeleg for Steigan å skilje mellom partiet sitt samfunnssyn, og Raude Khmer sitt.¹⁸¹ Han refererer òg frå eit intervju med ein dansk kommunist, som kan fortelje at nordmennene dreiv med våpentrening, og at ”for at blive medlem skulle man derfor indse at man kunne komme til at slå ihjæl, og at det kunne ramme mennesker, som stod en nær, for eksempel ens venner eller foreldre.”¹⁸²

Fleire tidlegare partiprofilar reagerer sterkt på Hagtvett sine skuldingar. Jon Michelet tykkjer dei tippar over i hysteri, og meiner Hagtvett høyrer ut som eit svakt ekko av dei same formene for autoritær politikk som han angrip. Tidlegare partileiar Hilde Haugsgjerd uttalar at ho føler seg treft i særst lita grad, og at ho ved fleire høve har gitt uttrykk for at ho er skamfull over ein del haldningar ho stod for som medlem av partiet. Partileiar Jorun Gulbrandsen seier at Hagtvett har eit politisk korstog på gang mot marxismen, og at han minner om keisar Konstantin, som på eit tidspunkt var leiar for

¹⁸¹ Hagtvett 17.07.2003

¹⁸² Hagtvett 18.08.2003

inkvisisjonen. Peder Martin Lysestøl lurar på kva Hagtvet vil med eit så rabiatt og kjensleladt utspel, som luktar mest av hemnlyst.¹⁸³

Pål Steigan svarar Hagtvet nokre dagar seinare.¹⁸⁴ Han kallar angrepet for uvanleg sjikanøst, og tykkjer Hagtvet ikkje berre anklagar AKP(m-l), men heile marxismen, og vil gjere norske marxistar fredlause. Steigan reagerer spesielt skarpt på at Hagtvet insinuerer at partiet var militaristisk, og utøvde våpentrening som førebuing til ein væpna revolusjon. Hagtvet let her all akademisk byrgskap fare, og i kampen mot marxismen er han ikkje akademisk, men ein heilag krigar. Hagtvet har krenka både Steigan sjølv og familien hans, og han forlangar ei uforbeholden orsaking. Før denne kjem, nekter Steigan å halde fram med debatten.

Dette innlegget vart aldri svart på, og med dette var polemikken over. Sett i ettertid kan det hevdast at Hagtvet nok hadde ein del relevante poeng, men at dei til tider drukna i tendensiøs krassheit og udokumenterte skuldingar. Referansane til den danske kommunisten sitt intervju verkar useriøse, og svekkjer tilliten til at Hagtvet vil halde diskusjonen på eit sakleg nivå. Klassekampen varsla då òg rettslege etterspel etter denne artikkelen, utan at det vart teke vidare. Med utgangspunkt i renomméa til Hagtvet og Steigan, kan det nok argumenterast for at det er Hagtvet som kjem mest svekka ut av debatten.

Nokre av skuldingane mot Steigan har altså handla om at sjølv når han i seinare år har kritisert Raude Khmer, har kritikken blitt levert saman med krass fordøming av USA og deira allierte, spesielt i samband med bombinga under Vietnamkrigen. Og i siste boka si rettar han eit stikk mot dei politiske fiendane sine, ved å vise til at samtlige norske regjeringar frå 1981 til 1993 støtta Raude Khmer si eksilregjering under avstemmingar i FN.¹⁸⁵ Dette var velkjent og hadde brei støtte i Stortinget. Steigan konkluderer med at Noreg sine regjeringar dermed hadde gitt mykje meir praktisk støtte til Raude Khmer, enn AKP(m-l) og han sjølv nokonsinne hadde vore i nærleiken av. Bjørn Gabrielsen i Dagens Næringsliv påpeikar derimot at dette i beste fall er unyansert.¹⁸⁶ Noreg støtta frå 1980 av prins Sihanouk si koalisjonsregjering i eksil, som bestod av to små parti i tillegg til Raude Khmer. Han meiner at handlingsromet og alternativa i storpolitikken kan vere meir avgrensa enn dei verkar

¹⁸³ Dagbladet 18.07.2003

¹⁸⁴ Steigan 23.07.2003

¹⁸⁵ Steigan 2013 s. 354

¹⁸⁶ Dagens Næringsliv 18.09.2013 s. 50

for unge idealistar og sofaradikale intellektuelle. Noreg sitt alternativ ville ha vore å anerkjenne den vietnamesiskinnsette regjeringa i Phnom Penh, og Gabrielsen meiner det ville ha vore interessant å lese Steigan sitt forsvar for norsk anerkjenning av Vietnam sin okkupasjon – men ”politisk refleksjon på det nivået finner man ikke her”.

Sydney Schanberg sa i etterkant av premieren på filmen ”The Killing Fields”: ”Maybe what we underestimated was the kind of insanity that seven billion dollars worth of bombing could produce.” Kritikarane har anklaga gamle AKP(m-l)-medlemer for å relativisere brutaliteten i Raude Khmer sitt regime, ved å vise til den amerikanske bombinga av landet under Vietnamkrigen. Elisabeth Eide meiner at Schanberg openbert har eit poeng, og ho skreiv om dette i Hagtvett-debatten. Den svenske forfattaren Jan Myrdal hadde stor innverknad på norske ml-arar. Han forklara Raude Khmer sin brutalitet med å vise til det franske bondeoppgeret (”jacqueriet”) i 1358 som parallell. Eide seier at ho har lært seg å vere skeptisk til historiske parallellar. På 1900-talet var ikkje Raude Khmer leia av utdanna bønder, men av menn med utdanning frå franske universitet. På den andre side trur ho det er rett å seie at dei på den tida fyrst og fremst ikkje *trudde* på at Raude Khmer hadde stått for så mykje brutalitet som det vart dokumentert at dei hadde, meir enn at dei *forsvara* brutalitet av eit slikt omfang. Korleis kunne ei rørsle som var utsett for så mykje lidning i form av teppebombing, utvikle ei slik omsynsløyse? Ho trur at det spørsmålet er eit stikkord for korleis ho tenkte.¹⁸⁷

Gamle AKP(m-l)-medlemer vart oppfordra av Bernt Hagtvett til å be om orsaking for støtta til Raude Khmer. Kritiske røyster peikar på at dette vert urettvist og usymmetrisk, med tanke på høgresida si støtte til USA under Vietnamkrigen. Bør ein ikkje på same måte kunne forvente at gamle Høgre-medlemer ber om orsaking for støtta til bombinga av den vietnamesiske landsbygda? Eide har valt å beklage standpunkta frå den gongen, uavhengig av kva andre gjer. Det finst òg andre ”forsvararar” enn dei som er nemnde, til dømes av Sovjet-invasjonen i Afghanistan, som kosta minst éin million afghanarar livet. På den andre side har dei rådande maktforholda (Noreg sitt nære forhold til USA, og manglande oppgjer med, og kritikk av, dei mange krigsbrottsverka deira) ført til at det ikkje vert stilt tilsvarende krav til orsakingar frå den kanten. Eitt av mange eksempel er Noreg og USA sitt gemyttlege forhold til Indonesia, som under Suharto (1966-1999) gjorde seg skuldig i folkemord på store grupper, og i overgrep mot Aust-Timor.

¹⁸⁷ Eide i e-post til forfattaren, 14.02.2014, jf. appendiks

6. Konklusjon

I innleiinga sette eg fram eit knippe problemstillingar, som eg har hatt som mål å svare på i denne oppgåva: Kva var grunnen til at det som skjedde så langt borte, vekte så stort engasjement her heime? Korleis stilte dei utvalde avisene seg til Raude Khmer si maktovertaking i 1975, og kvifor? Tolka den norske venstresida regimet i landet sin ideologi på same måte som vi gjer i dag, i etterpåklokskapen sitt lys? Og viss ikkje, kva konsekvensar fekk det? Korleis reagerte avisene på Vietnam sin invasjon i 1978? Hadde alliansane endra seg? Og i så fall, kvifor?

Hendingane i Kambodsja på andre halvdel av 1970-talet låg særst langt unna geografisk, men dei sette likevel markant preg på den norske samfunnsdebatten – ikkje berre på den tida, men òg i seinare år, noko som blant anna resulterte i Hagtvet-debatten frå 2003. Mykje av grunnen er at det som hende i landet, ikkje hende i isolasjon, men fekk resonans i eit Vest-Europa som i dette tiåret var prega av etterdønningane frå 1968-opprøret. Små, men energiske og høglydde marxist-leninistiske grupper spelte ei aktiv rolle i den politiske diskursen. Grupperingane hadde mykje til felles, som målet om korleis det framtidige, klasselause samfunnet skulle sjå ut. Men dei hadde særst ulike syn på korleis ein skulle kome seg dit – frå norske AKP(m-l), som stilte til val og ville kome til makta gjennom demokratiske prosessar, til vest-tyske Rote Armee Fraktion, som ville dytte samfunnet i sosialistisk retning gjennom attentat og terroraksjonar.

Mange såg på Raude Khmer si maktovertaking i kontekst med Vietnamkrigen, som var i ferd med å ende då Pol Pot sine styrkar gjekk inn i Phnom Penh og tok over makta. Frontane i kampen, dei USA-støtta kapitalistane mot dei sosialistiske nasjonalistane og fridoms kjemparane, vart ståande i det som kan karakteriserast som ei ideologisk forlengjing av Vietnamkrigen. Mange av dei som stod på FNL si side i kampen mot USA, støtta automatisk Raude Khmer i kampen mot regjeringa til Lon Nol. Og då sistnemnde rømde landet og fyrstnemnde tok makta, verka det nok naturleg å støtte Pol Pot sitt regime. Dei som var kritiske til Raude Khmer, var dei same som hadde støtta USA, og kritisert Nord-Vietnam og FNL under krigen. Kvifor skulle ein tru på redslepropagandaen mot det nye regimet, når desse historiene kom frå dei same kjeldene som hadde forsvart USA si krigføring i nabolandet?

Men denne tankegangen føreset at frontane i stor grad er dei same. At dei amerikansk-støtta regima i Sør-Vietnam og Phnom Penh var ganske like, kan vel dei fleste einast om. Både vart haldne oppe av økonomiske og militære forsyningar frå USA, med mål om å stogge fallet av dominobrikkene. Men

kor like var dei vietnamesiske og dei kambodsjsanske opprørsstyrkane? Hadde dei nok felles til at det var hald i tankegangen om at kampen i det eine landet var ei fortsetjing av kampen i det andre? Dei hadde nok i alle fall mindre til felles enn det dei fleste i den vestlege verda antok i dåtida. Som vist tidlegare i oppgåva, hadde Raude Khmer sin ideologi klare skilnader overfor både Kina og Vietnam sin.

Dei fleste på den norske venstresida såg nok derimot på Raude Khmer si form for kommunisme som nokså identisk med den kinesiske. Landa hadde tette band, og Pol Pot og kadrane hans hadde fått stor militær og økonomisk hjelp frå Maos Kina under geriljakrigen mot Lon Nol-regjeringa. Og då kommunistane hadde teke makta, og visjonane om satsinga på jordbruket vart proklamerte, såg nok mange parallellar til Mao sitt ”store sprang framover” mellom 1958 og 1961. Spesielt Klassekampen og AKP(m-l) var sterke tilhengjarar av den kinesiske varianten av marxist-leninismen, og hadde nok difor frå starten av store voner til kva kommunistane kunne få til i landet. Venstresida såg nok òg for mange parallellar mellom Raude Khmer sin frigjeringskamp og FNL sin i Vietnam, og ikkje skilnadene som kom fram i ettertid. I Noreg var folk dessutan relativt uvitande om det gamle etniske hatet mellom khmerar og vietnamesarar. Regionen som no inneheldt dei tre landa Vietnam, Kambodsja og Laos, gjekk før under den samla nemninga Indokina. Alle tre landa hadde vore koloniserte av Frankrike gjennom store delar av nyare tid. Sett frå Noreg var dei historiske, etniske og kulturelle likskapane mellom landa slåande. Det var såleis lite som tilsa at nordmenn skulle ha kunnskap om rivaliseringa og den tradisjonelle fiendskapen landa imellom. I tillegg til den geografiske avstanden mellom landa, kan vi nok difor snakke om ein *kulturell* avstand innebygd i dette kulturmøtet mellom norske aviser og ein unik agrarrevolusjon i Kambodsja. Denne distansen gjorde tolkingar i Noreg problematiske, fordi ein såg gjennom norske kulturbriller (sjølv om desse òg var ideologisk ulikt farga i til dømes Aftenposten og Klassekampen). Så i staden for å snakke om eit *kultur møte*, kan vi kanskje heller nytte nemninga *kulturkollisjon*?

Mangelen på informasjon frå eit Kambodsja som frå 1975 av vart hermetisk lukka, var nok òg ein medverkande faktor til at røynslene frå Vietnamkrigen vart for viktige for den norske venstresida, slik at ho litt for ukritisk drog parallellar mellom dei to landa sin situasjon. Når faktisk kunnskap er mangelfull, har ideologisk farga persepsjon lett for å verte dominerande. Ein fyller ut kunnskapstomromet med det ein antar stemmer, ut frå sin eigen politiske ståstad. Det vart generalisert, mykje grunna at ein ikkje spesifikt visste kva Raude Khmer stod for. Dette var òg ein

bevisst taktikk frå Pol Pot si side. Til dømes vart den styrande grupperinga i landet kalla "Angkar" ("organisasjonen"). Ikkje før i 1977, to år etter maktovertakinga, melde Pol Pot at dette var eit anna namn på det kambodsjanske kommunistpartiet. Lite var kjent om Raude Khmer før maktovertakinga, og særst lite informasjon lak ut før etter den vietnamesiske invasjonen i 1978.

Norske aviser og politiske parti stod såleis frå starten av mot kvarandre på same måte som i Vietnamkrigen. Den norske venstresida, med SV og AKP(m-l) i føringa, hadde vore motstandarar av USA sitt engasjement i Vietnam, og var likeeins imot Lon Nol sitt styre i nabolandet. Ei naturleg følge av dette var såleis å støtte motstandsørslene. Høgresida hadde vore meir splitta i Vietnamspørsmålet, men Aftenposten hadde heile tida stått på USA si side. "Tapet" i Vietnamkrigen vart etterfølgt av "tap" i Kambodsj, og avisa var såleis kritisk til Raude Khmer frå fyrste stund.

Klassekampen, AKP(m-l) si partiavis, støtta i likskap med partiet opp om dei nye makthavarane i landet. Dei var kompromisslause i dei fleste samfunnsspørsmåla, så òg når det gjalt Raude Khmer sitt styre. Avisa hadde eit tvilsamt forhold til kjeldekritikk, og såg på rivaliserande meiningar som imperialistisk "CIA-propaganda". Avisa stod fram som nokså lite nyansert i høve Kambodsj, og støtta Pol Pot sitt styre fram til (og etter) den vietnamesiske invasjonen. Vietnam, som ein hadde sympatisert så sterkt med under krigen, vart no framsett som ei imperialistmakt som hadde planar om å leggje under seg resten av Indokina. Dette synspunktet må sjåast i samanheng med splittinga av den kommunistiske blokka, der den sino-sovjetiske kløyvinga førte med seg splid mellom Moskva- og Mao-tru kommunistar. Klassekampen var Sovjet-kritisk, og støtta Kina heilt fram til massakren på Den himmelske freds plass i 1989. Når Vietnam no støtta seg til Moskva, og Raude Khmer til Beijing, vart det relativt uproblematisk å vende seg vekk frå landet ein hadde vist stor solidaritet overfor berre nokre få år i førevegen. Den vietnamesiske invasjonen vart sett på som eit angrep frå eit ny-imperialistisk Sovjetunionen, heller enn som ein reaksjon på grensetvistane mellom to land som historisk sett var fiendar og rivalar.

I ettertid kan ein nok seie at Klassekampen si sterke begeistring overfor Raude Khmer si maktovertaking bygde på premissar som ikkje var røynelege. Avisa og Raude Khmer var bådø trekt mot Kina, men sistnemnde såg nok meir på Kina som ein økonomisk og militær støttespelar enn som ein ideologisk bror. Kina hadde, etter sine eigne negative røymsler med "det store spranget framover", sterk tvil om Raude Khmer sine endå meir drastiske tiltak var eigna til å byggje opp landet "frå år

null". Men geopolitiske omsyn gjorde at støtta likevel vart sterk: Kina trong ein alliert i regionen, og ville hindre at Kambodsja kom under Sovjetunionen sine venger, slik tilfellet hadde vore med Vietnam.

Ny Tid var, som Klassekampen, ei partiavis der det var liten forskjell mellom avis og parti. Avisa var likevel mindre enn dei to andre, og journalistisk individualitet fekk spele ei større rolle. Medan Klassekampen sjeldan inneheldt signerte artiklar, stod *Ny Tid* sine journalistar fram med fullt namn frå fyrste dag. Det fanst dermed rom for å sjå nyansar mellom artikkelforfattarar, og ein fekk òg interne polemikkar i Kambodsja-spørsmålet mellom journalistar og partitoppen, eksemplifisert gjennom ordskiftet mellom journalist Egil Ulateig og partiformann Berge Furre i 1976. Avisa støtta maktovertakinga til Raude Khmer, men langt mindre entusiastisk enn Klassekampen. Dette var nok dels grunna i at avisa ikkje vart starta opp før i august 1975, samt at ho berre kom ut ein gong i veka. Men *Ny Tid*, og *SV*, var òg mindre Kina-tru enn Klassekampen og AKP(m-l), og dette gjorde nok at støtta til Raude Khmer var mindre intens. *Ny Tid* snudde då òg, slik at då Vietnam tok makta frå Raude Khmer i 1979, vart det karakterisert som ei frigjering, og ikkje som ein invasjon. Solidariteten overfor Vietnam var sterkare enn hjå Klassekampen, og støtta til Raude Khmer desto svakare. Difor vart ikkje Vietnam sin intervensjon i landet sett på med like kritisk blick. Og i motsetning til Klassekampen, så hadde ikkje *Ny Tid* noka ideologisk preferanse i konflikten mellom Kina og Sovjetunionen. Geopolitiske konfliktliner påverka ikkje avisa sitt syn på invasjonen, og det vart såleis enklare å sjå på han i isolasjon – som ein konsekvens av territorielle tvistar, heller enn som eit resultat av den sino-sovjetiske kløyvinga.

Aftenposten hadde stått på USA si side i Vietnamkrigen, ein krig som tangerte maktovertakinga i Kambodsja, både geografisk og tidsmessig. Kritikken mot Raude Khmer var sterk heilt fram til den vietnamesiske invasjonen. Då skifta avisa tone. Det vietnamesiske engasjementet vart fordømd, og avisa meinte at Pol Pot sin delegasjon burde få representere landet i FN, heller enn den nye vietnamesisk-innsatte regjeringa i Phnom Penh. Her slo nok den gamle blokktenkinga inn. *Aftenposten* såg ikkje dei same nyansane i den kommunistiske verda som det Klassekampen, og til dels *Ny Tid*, gjorde. Som Per Egil Hegge vedgjekk i ettertid,¹⁸⁸ så visste ein i avisa altfor lite om den etniske konflikten mellom khmerar og vietnamesarar, som han meiner var ein mykje sterkare faktor enn ideologien. Avisa såg nok ikkje særleg meir positivt på det vietnamesiske regimet enn på Raude

¹⁸⁸ Hegge i e-post til forfattern, 29.01.2014, jf. appendiks

Khmer. Då vart fokuset annleis, nemleg at eit land invaderte eit anna, og då vart det folkeretten og suverenitetsprinsippet som vart tyngst. Aftenposten var her på line med offisiell norsk politikk, slik han kom til uttrykk i FN. Raude Khmer sine overgrep, som avisa hadde fokusert så mykje på i åra før, vart no ikkje lagt vekt på i særleg stor grad.

Som Hagtvett-debatten viste, finst det enno stort engasjement både når det gjeld Raude Khmer og Kambodsja spesielt, og den ideologiske debatten generelt – mellom aust og vest, sosialisme og kapitalisme. Dei fleste som stod på den ystte venstrefløyen på 1970-talet, har beklaga støtta dei gav til Pol Pot sitt regime. På den andre sida, er det interessant å leggje merke til at den same dynamikken ikkje har gjort seg gjeldande med Vietnamkrigen. USA har fått mykje kritikk for ”engasjementet” i landet, både frå sine eigne innbyggjarar og frå verda rundt. Grunngevinga for (og lengda på) krigen var omdiskutert. Og krigføringa, med bombing av landsbyar (øg i Kambodsja) og bruk av napalm og ”agent orange”, var særskild kontroversiell. Det er då interessant å observere at det aldri har oppstått ein ”omvendt” Hagtvett-debatt, der USA-sympatisørar på høgresida har blitt bedne om å orsake seg for haldningane dei hadde den gongen. Det har nok to grunnar. For det fyrste har den vestleg-kapitalistiske verdsåskodinga hatt det politiske hegemoniet i Noreg. Og for det andre stend nok enno Pol Pot og Raude Khmer sitt grufulle styre, ansvarleg for millionar av døde og ein nesten ufatteleg terror, som eit enno meir handfast og rystande døme på kva pinsler menneske er i stand til å påføre kvarandre i den ideologiske overtydinga sitt namn.

Referansar

Aviser

Aftenposten, 1975-1979.

Klassekampen, 1975-1979.

Ny Tid, 1976-1979.

Intervju

Intervju med Per Egil Hegge. Føreteke gjennom e-post, motteke 29.01.2014.

Intervju med Egil Ulateig. Føreteke gjennom e-post, motteke 31.01.2014.

Intervju med Elisabeth Eide. Føreteke gjennom e-post, motteke 14.02.2014.

Bøker

Allern, Sigurd: "Kildenes makt: Ytringsfrihetens politiske økonomi", Pax forlag, 1992.

Benum, Edgeir: "Aschehougs Norgeshistorie, bind 12 – Overflod og fremtidsfrykt 1970-", H. Aschehoug & Co., 1998.

Chandler, David: "A History of Cambodia", Westview Press, 2000.

Dahl, Hans Fredrik: "Mediehistorie", N. W. Damm & Søn, 2004.

Gabrielsen, Bjørn: "Vennlig selvkritikk", Dagens Næringsliv, 18.09.2013.

Hjeltnes, Guri (red.): "Norsk Presses Historie 1660-2010 – Bind 3: Imperiet Vakler 1945-2010", Universitetsforlaget, 2010.

Kiernan, Ben: "The Pol Pot Regime: Race, Power and Genocide in Cambodia Under the Khmer Rouge, 1975-79", Yale University Press, 1996.

Kvernbekk, Tone: "Narrative Configuration: Some Notes on the Workings of Hindsight", Scandinavian Journal of Educational Research, Volume 57, 2013.

Li, Mingjiang: "Mao's China and the Sino-Soviet Split: Ideological Dilemma", Routledge contemporary China series, 2012.

Lüthi, Lorenz M.: "The Sino-Soviet Split", Princeton University Press, 2008.

Melle, Oddbjørn: "Den langvarige opinionskrigen: Vietnam-konflikten i USA, Noreg og Sverige.", Internasjonal Politikk nr. 64, 2006.

Ottosen, Rune, Røssland, Lars Arve og Østbye, Helge: "Norsk pressehistorie", Det Norske Samlaget, 2002.

Ponchaud, François: "Kambodsja År Null", Tiden Norsk Forlag, 1978.

- Short, Philip: "Pol Pot – Historen om et mareritt", J. W. Cappelens Forlag AS, 2007.
- Sjøli, Hans Petter: "Mao, min Mao. Historien om AKPs vekst og fall", J. W. Cappelens Forlag AS, 2005.
- Steigan, Pål: "På den himmelske freds plass: Om ml-bevegelsen i Norge", H. Aschehoug & Co., 1985.
- Steigan, Pål: "En fokefiende", H. Aschehoug & Co., 2013.
- Sørensen, Øystein, Hagtvet, Bernt og Brandal, Nik. (red.): "Venstreekstremisme – Ideer og bevegelser", Dreyers Forlag, 2013.
- Westad, Odd Arne (red.): "Brothers in Arms. The Rise and Fall of the Sino-Soviet Alliance, 1945-1963", Woodrow Wilson Center Press, 1998.
- Wolf, Eric: "Peasant Wars of the Twentieth Century", New York, 1969.
- Østvik, Ørjan: "Norge og Kambodsja – en studie av bakgrunnen for Røde Khmer-regimet, og norske holdninger til Kambodsja i perioden 1975-1991", Universitetet i Tromsø, 1998.

Internett

Country Studies: "This website contains the on-line versions of books previously published in hard copy by the Federal Research Division of the Library of Congress as part of the Country Studies/Area Handbook Series sponsored by the U.S. Department of the Army between 1986 and 1998."

<http://countrystudies.us>

Martinsen, Kåre Dahl og Veiden, Pål: "SV og regimene i øst", ein kronikk basert på "SV, Ny Tid og Østeuropa. En studie av årene 1975-1989" i Arbeiderhistorie (Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, 2007).

http://www.nytid.no/arkiv/artikler/20071207/sv_og_regimene_i_ost/

Hagtvet-debatten:

Dagbladet: "Det unnvikende oppgjøret", Bernt Hagtvet, 17.07.2003:

<http://www.dagbladet.no/kultur/2003/07/17/373822.html>

Dagbladet: "- Dra til Kambodsja", Bernt Hagtvet, 17.07.2003:

<http://www.dagbladet.no/kultur/2003/07/17/373828.html>

Dagbladet: "Pål Steigan slår tilbake mot folkemord-anklager", 17.07.2003:

<http://www.dagbladet.no/kultur/2003/07/17/373829.html>

Dagbladet: "- Hagtvet tipper over i hysteri", 18.07.2003:

<http://www.dagbladet.no/kultur/2003/07/18/373883.html>

Dagbladet: "Bernt, du lyver!", Pål Steigan, 23.07.2003:

<http://www.dagbladet.no/kultur/2003/07/23/374343.html>

Appendiks 1: Intervju med Elisabeth Eide

Elisabeth Eide var medlem av AKP(m-l) i perioden mellom 1975 og 1979. I september 1978 var ho med i ein partidelegasjon som reiste til Kambodsja etter invitasjon frå Pol Pot. Intervjuet vart gitt gjennom e-post den 14. februar 2014.

Makttovertakinga til Raude Khmer i 1975

Den USA-støtta Lon Nol tok makta frå prins Sihanouk medan denne var på utlandsreise i 1970. Etter nokre års geriljakrig overtok Raude Khmer makta i Kambodsja etter å ha teke Phnom Penh i april 1975. Kva kjennskap hadde du til Raude Khmer før makttovertakinga i 1975, og kva inntrykk fekk du av denne grupperinga? Viss positivt, føler du at inntrykket ditt var farga av utviklinga i Vietnamkrigen og USA si bombing av den kambodsjanske landsbygda?

Jeg kjente altfor lite til dem. Jeg tror de fleste kjente mye bedre til det som skjedde i Vietnam.

I etterkant av invasjonen vart Phnom Penh tømt for folk, som vart drivne ut på landsbygda. Grunngevinga frå Raude Khmer si side var at byane mangla mat, og at ein trong arbeidskraft på landsbygda for å dyrke jorda. Tykte du på denne tida at forklaringene verka logiske, eller var der ting du reagerte på?

Delvis logiske i alle fall, i og med at bistanden fra USA til Phnom Penh tok slutt, og de heller ikke hadde støtte fra Sovjetunionen, i motsetning til Vietnam. Bybefolkningen hadde dessuten svulmet kraftig opp på grunn av bombingene av landsbygda. På den annen side hadde jo RK forbindelse til Kina, som kanskje kunne ha bistått en nødstedt bybefolkning. Og i ettertid er det jo lett å se dette også som et ledd i RKs etablering av kontroll over befolkningen ved å få dem til de områdene de hadde kontrollert.

Ein del kjelder som var i Kambodsja då makttovertakinga fann stad (som François Ponchaud og journalisten Sydney Schanberg), kunne fortelje ein ganske annan versjon av evakueringa enn den som kom frå Raude Khmer-hald. Korleis var forholdet i partiet til slike kjelder? Ponchaud kunne vel bli sett på som tvilsam grunna at han både var prest og franskmann, men Schanberg sin kredibilitet var vel udiskutabel?

Dette har jeg skrevet om tidligere, blant annet i Dagbladet-kronikken for elleve år siden. Det hersket i m-l-bevegelsen en generell mistillit til kilder som ikke delte våre synspunkter, og dette bidro til en åndelig forkrøpling som hemmet kritisk og selvstendig tenkning. Det fantes mer uavhengige kilder som forsvarte evakueringen, de franske forfatterne Jerome & Jocelyne Steinbach («Phnom Penh Liberée»), men hvor uavhengige de egentlig var ble vel aldri undersøkt. Jeg leste Ponchaud og syntes i ettertid at han virket relativt etterrettelig, og med Schanberg (ikkje minst også filmen Killing Fields) begynte for min del erkjennelsen av mine/våre feilvurderinger.

Raude Khmer fekk mykje økonomisk og militær støtte frå Kina, som var landet AKP(m-l) såg mest opp til. Gjorde denne støtten at sympatien for Raude Khmer automatisk vart sterkare enn han elles ville ha vore ("affection through association")?

Det hadde nok en del å si, samtidig lurer jeg i ettertid på om ikke også Kina var skeptiske til sider ved RKs politikk.

1975-1978

Føler du at det såkalla "oppgjeret med høyreavviket" i 1975, og radikaliseringa i etterkant, gjorde at støtta til Raude Khmer-regimet vart sterkare enn den elles ville ha blitt?

Ja, utvilsomt. Det var begynnelsen til et liv i en mer politisk isolert og sekterisk verden. «Alt» ble gjort til høyreavvik, og høyreavviket besto jo ikke minst i å bli påvirket av andre retninger (som per definisjon var feilaktige).

Føler du at haldninga til Kambodsja og Raude Khmer endra seg på nokon måte etter at Pål Steigan overtok som partiformann etter Sigurd Allern? Var der andre ting i partiet som endra seg som følgje av formannsskiftet?

Siden jeg ikke har vært en del av den sentrale partiledelsen (og heller ikke deltatt på noe landsmøte), vet jeg for lite om dette. Jeg tror Tron Øgrims innflytelse kan ha vært vel så viktig. Og den innflytelsen er nok en konstant størrelse i denne perioden av bevegelsens historie. Han var regnet av mange som den største tenkeren, om ikke organisatoren.

Frå 1975 til 1978 var Kambodsja hermetisk lukka for omverda, og det var vanskeleg å få sikker informasjon om kva som skjedde. I perioden då du støtta opp om Raude Khmer sitt styre, følte du nokon gong tvil om at de hadde god nok kunnskap om kva som skjedde til å vere så bastante som de var? Hadde du på noka tid mistankar om at ikkje alt var som det verka i landet?

Noe av problemet (som leder opp til neste del) var svært liten kunnskap. For min del, som ikke tilhørte partiledelsen, ble det bare kort før vi reiste gjort klart at vi ikke bare skulle til Kina, men også til Kambodsja. Dermed var tiden til forberedelser knapp.

Turen til Kambodsja

I september 1978 reiste du og tre andre frå AKP(m-l) til Kambodsja. I etterkant har de uttala at det var vanskeleg å sjå noko anna enn det de vart viste, ettersom de vart passa på, overnatta i folketome byar og ikkje kunne språket. Men journalisten Elizabeth Becker, som var på ei liknande vitjing, sneik seg ut av hotellet i Phnom Penh for å sjå med eigne auge kva revolusjonen hadde gjort med byen. Føler du at de burde ha gjort liknande ting for å få eit meir nøytralt og mindre propaganda-farga inntrykk av landet?

Åpenbart ja. Med en annen og kritisk innstilling og uten partiloyal enøydhed, opplagt. Vi gikk i gatene, en gang alene så vidt jeg husker. Viktigere er vel de manglende konklusjonene av det vi så. Jeg har tidligere også skrevet at det henger sammen med en helt sviktende forståelse av land i «den tredje verden» og deres utvikling; for eksempel: hvilket utgangspunkt hadde Kambodsja før bombingene begynte og RK, en i utgangspunktet ganske marginal bevegelse, styrket seg?

Mange vil vel seie at de reiste til Kambodsja for å få stadfesta dykkar eige "glansbilete" av landet, og burde ha vist større nysjerrighet og kritisk sans. Er du i dag samd i dette? I nyare intervju verkar det som om ein enno skuldar på kambodsjanarane som viste dykk det dei ville. Hadde de ikkje eit eige ansvar for å prøve omgå dette, og sjølv i større grad påverke kva de fekk sjå og oppleve?

Jeg er ikke sikker på hvilke intervju du sikter til, men det er ikke med meg. Jeg er også usikker på om vi hadde noe glansbilde på forhånd – vi reiste til et krigsherjet land. Samtidig er jeg helt enig i at vi burde vist en større kritisk sans. Og selvsagt hadde vi et eget ansvar for å omgå kambodsjanernes glansbilder. Men problemet var at «partiånden» på den tiden var å stole på dem vi hadde forbindelser med og som delte vår ideologi, noe som bidro til å legge bort den kritiske sansen.

Den vietnamesiske invasjonen i 1978

Jula 1978 invaderte Vietnam Kambodsja, og tok over kontrollen i landet. Eit Vietnam-venleg styre leia av Heng Samrin vart innsett, og Raude Khmer vart jaga opp i fjella mot den thailandske grensa.

Spørsmål knytt til dette:

Korleis såg du på Vietnam sin invasjon i Kambodsja i desember 1978, då det hende og i tida etterpå?

Den gang som et overgrep, der Vietnam, støttet av Sovjetunionen, gikk inn for å sikre seg regional kontroll.

AKP(m-l) var jo lojale sympatisører med både Kambodsja og Vietnam under Vietnamkrigen. Følte du ein "lojalitetskonflikt" då Vietnam invaderte?

Syntes det var tragisk, jeg burde forstått bedre at frigjøringsbevegelser, enten de heter FNL eller RK, langt fra er helgener, men preget av både nasjonalisme, regionale motsetninger og den råskapen de blir utsatt for – og dessuten av ideologier som ikke har menneskerettigheter som grunnleggende rettesnor.

AKP(m-l) var nært knytta til Kina, og såg på Sovjetunionen som revisjonistisk. Vietnam hadde fått stadig sterkare band til Sovjetunionen, medan Raude Khmer som nemnt var vende mot Kina. Kor stor rolle spelte dette stormaktspolitiske perspektivet med tanke på "demoniseringa" av Vietnam i partiet/avisa etter invasjonen?

Ml-bevegelsen slo etter oppgjøret med «høyreavviket» inn på en linje der Sovjet-trusselen ble framstilt som større enn USA-trusselen. Dette førte blant annet til en sekterisk holdning til fredsbevegelsen (selv om det kan innvendes at deler av den tok lett på Sovjet-trusselen, som jo ble demonstrert med invasjonen i Afghanistan i desember 1979). Dette var nok også et resultat av den store rivaliseringen mellom Sovjet og Kina. Husker noen snakket i ettertid om at vi «kjøpte en pakke fra Kina». Det er mye sant i dette.

Det vart ei stor konflikt mellom Klassekampen og Ny Tid etter invasjonen, då sistnemnde etter kvart valde å støtte Vietnam. Følte du at denne konflikten var med på å gjere kløften mellom AKP(m-l) og SV større, eller var usemja meir avgrensa til avisene?

Det bidro sikkert til partikonflikten. Men det gjorde også Afghanistan-spørsmålet. I SV inngikk jo store deler av det sovjet-tro NKP (Norges Kommunistiske parti), og en del der var temmelig ukritiske til Sovjetunionens innmarsj i og okkupasjon av Afghanistan.

I etterkant av invasjonen gav Noreg Raude Khmer-regimet offisiell diplomatisk godkjenning. Korleis såg de på at Arbeiderparti-regjeringa, som heile tida hadde kritisert regimet, no meinte at det burde representerte landet utad?

Det husker jeg lite av. Men slik jeg nå ser denne diplomatiske godkjenningen, var den nok et ledd i den kalde krigen. Og det hjalp vel lite på den kritiske sansen i forhold til RK.

Forholdet til parti og aviser

I Sigurd Allern si andre periode som redaktør for Klassekampen (1979-1995), vart det sagt at han ivra for større lausriving mellom parti og avis, at han ville føre ei meir sjølvstendeg line. Kor nært var forholdet mellom AKP(m-l) og Klassekampen i 1975-1979? Følte du at haldningane til Kambodsja som var representerte i avisa, samsvara med partiet sine i eitt og alt? Eller fanst der forskjellar?

De første årene (1975-1979) var perioden med svært tett forhold, med partidirektiver, jerndisiplin og innblanding. Tviler på om det var noen vesentlige forskjeller.

Høgrepressa (som Aftenposten og VG) var gjennom heile perioden negative til Raude Khmer sitt regime. Med tanke på deira støtte til USA i Vietnamkrigen, var dette som forventa? Eller hadde du trudd at den opinionsendringa som etter kvart kom i denne krigen ville føre til auka sympati for "frigjeringsgrupper" som Raude Khmer?

Til første del av spørsmålet: Ja, det var som forventet. Mer enn 35 år har gått. Jeg tror det i ettertid blir vanskeligere og vanskeligere å fatte atmosfæren fra den gangen. Jeg gikk på skole med aktivister som glødet for USAs innsats i Vietnam, og vokste opp med foreldre som var venstreorienterte og støttet motstanden mot USA, og med publikasjoner på stuebordet som dokumenterte USAs krigsforbrytelser. Sven Öste rapporterte for Dagbladet om skånselsløs bombing av Nord-Vietnam. Det andre spørsmålet kan jeg ikke svare på, men jeg tror det er helt rimelig å si at USAs overgrep

betød mye for vår enøydhhet i Kambodsja-spørsmålet. Det bomberegnet som landet opplevde, savner sidestykke i moderne historie, med flere bomber enn de som ble brukt av USA ved slutten av den andre verdenskrigen, 2,7 millioner tonn fra 1965 til 1973. Nyere dokumentasjon avslører at bombingene begynte i mer begrenset grad allerede under Johnson i 1965, men Nixons hemmelige og omfattende bombing fra julen 1969 var og er en krigsforbrytelse. Og noe av det vi fikk se i Kambodsja (som nok bidro til at vi var altfor lite opptatt av det vi ikke fikk se), var resultater av denne bombingene: kratere, svartbrente palmer rester av landsbyer. Fokus på USAs overgrep bidro for vårt vedkommende til ukritisk sympati med «the underdog», og vi så ikke, slik jeg har formulert det på flere måter seinere, at «underdog»-er kan bli farlige folkefiender. Jeg har skrevet og uttalt meg om dilemmaet med frigjøringsbevegelser som utvikler brutalitet i en roman (1994), og ellers i intervjuer og artikler.

Utad stod jo AKP(m-l) samla i si støtte til Raude Khmer. Fanst der nokon opposisjon innad i partiet til denne støtten? Og om der var det, var det partiet sine krav om konformitet som gjorde at denne kritikken ikkje vart høyrte "på utsida"?

Det fantes nok, blant annet husker jeg Helge Øgrims kritikk. Men han meldte seg ut av partiet rundt 1980. Et av AKP-ledelsens største problem var en frapperende evne til å avvise slik kritikk både fra medlemmer og kritikk utenfra, for så gradvis å endre standpunkt uten å kreditere disse kritikerne. Det bidro, sammen med forsvar for overgrep, til partiets manglende troverdighet og gradvise oppløsning.

Generelt

Føler du i ettertid at Vietnamkrigen påverka ditt forhold til Raude Khmer si maktovertaking i Kambodsja? Gjorde USA si bombing av Kambodsja tidleg på 70-talet at du såg på Raude Khmer med mildare auge enn du elles ville ha gjort?

Se over, ja, det er åpenbart. Men det er ingen unnskyldning for manglende selvstendig kritisk sans.

Sydney Schanberg sa i etterkant av premieren på filmen "The Killing Fields": "Maybe what we underestimated was the kind of insanity that seven billion dollars worth of bombing could produce." I nyare tids debatt i Noreg har kritikarane anklaga gamle AKP-medlemmer for å relativisere brutaliteten i Raude Khmer sitt regime ved å vise til den amerikanske bombinga av landet under Vietnamkrigen. Føler du at denne kritikken er legitim eller urettvis?

Schanberg har et åpenbart poeng. Jeg skrev om dette i forbindelse med Hagtvett-debatten. Den svenske forfatteren Jan Myrdal hadde stor innflytelse også over norske m-l-ere. Han forklarte RKs brutalitet med å vise til det franske bondeopprøret («jacqueriet») i 1358 som parallell. Jeg har lært meg å være skeptisk til historiske paralleller. På 1900-tallet ble RK ledet, ikke av utdannete bønder, men av menn med utdanning fra franske universiteter. På den annen side tror jeg det er riktig å si at vi først og fremst på den tiden ikke trodde på at RK hadde begått så mye brutalitet som det ble dokumentert at de hadde, mer enn at vi forsvarte brutalitet i en slik størrelsesorden. Hvordan kunne en bevegelse som var utsatt for så mye lidelse i form av teppebombing, utvikle en slik brutalitet? Det spørsmålet er vel stikkord for hvordan jeg tenkte.

I 2003 vart gamle AKP-medlemmer oppfordra av Bernt Hagtvett til å be om orsaking for støtta til Raude Khmer. Føler du at dette vert urettvist med tanke på høgresida si støtte til USA under Vietnamkrigen? Bør ein ikkje på same måte kunne forvente at gamle Høgre-medlemmer ber om orsaking for støtta til bombing av den vietnamesiske landsbygda?

Det er flere ledende spørsmål her. Mitt standpunkt har vært sterkt å beklage standpunktene fra den gangen, uavhengig av hva andre gjør. Det finnes også andre «forsvarere» enn dem du nevner, for eksempel av Sovjet-invasjonen i Afghanistan, som kostet minst en million afghanere livet. På den annen side har de rådende maktforholdene (Norges nære forhold til USA og manglende oppgjør med/kritikk av deres mange krigsforbrytelser) ført til at det ikke stilles tilsvarende krav til unnskyldninger fra den kanten. Et av mange eksempler er Norges og USAs forhold til Indonesia, som under Soeharto (1966-1999) gjorde seg skyld i folkemord på store grupper og i overgrep mot Øst-Timor, nå behandlet i en prisbelønt dokumentarfilm.

Heilt til slutt: Øystein Sørensen (i boka "Venstrestremismen") meiner at grupperingar på venstresida si støtte til Raude Khmer kan skjønast som eit spesielt ytterleggående uttrykk for eit utbreidd fenomen i Noreg i moderne tid: romantiske førestillingar om frigjeringsrørslar i den såkalla tredje verda. Dette synet har utgangspunkt i ei førestilling om at den vestlege imperialismen og kolonialismen har undertrykt folket i den ikkje-vestlege verda. Støtta har vore grunna i at frigjeringsrørslar i denne delen av verda per definisjon er rettvis, og difor må støttast på sine egne premisser. Ho vert difor lett påfallande ukritisk, sjølv når desse rørslene har fått makt og raskt

utvikla seg til blodig undertrykkjande regime. Vil du seie deg samd i at dette kan vere ei delvis forklaring på den støtta Pol Pot sitt regime fekk på den politiske venstresida i Noreg på denne tida?

Delvis, men ikke hele forklaringen. En avart av «tiersmondismen», som den også blir kalt, er nok en viktig faktor. Den handlet ofte om en sikkert subjektivt velment, men overflatisk og lite kunnskapsrik solidaritet (og i m-l-sammenheng knyttet til kinesisk politikk). At vestlig imperialisme og kolonialisme har undertrykt folk i den ikke-vestlige verden er vel noe mer enn en forestilling, og godt dokumentert, men det er konklusjonene en trekker om deres motstandere, som må granskes kritisk. Påfallende ukritisk er muligens en dekkende karakteristikk. De dypere årsakene til dette var kanskje som nevnt en misforstått og grunn form for relativisme som la langt mindre vekt på grunnleggende menneskerettigheter i «tredje-verden-land» enn i land i vår nærhet. En skal på den annen side heller ikke glemme at det fins ferskere eksempler på ukritisk støtte i dag, som politiske miljøers støtte til USAs krig i Irak.

Appendiks 2: Intervju med Egil Ulateig

Egil Ulateig var journalist i Ny Tid frå 1975 til hausten 1978. Han skreiv fleire reportasjar om situasjonen i Kambodsja i dette tidsromet, og markerte seg seinare som ein av dei hardaste kritikarane av Raude Khmer sitt regime på den politiske venstresida. Intervjuet vart gitt gjennom e-post den 31. januar 2014.

Makttovertakinga til Raude Khmer i 1975

Den USA-støtta Lon Nol tok makta frå prins Sihanouk medan denne var på utlandsreise i 1970. Etter nokre års geriljakrig overtok Raude Khmer makta i Kambodsja etter å ha teke Phnom Penh i april 1975. Spørsmål knytt til dette:

Kva kjennskap hadde du til Raude Khmer før makttovertakinga i 1975, og kva inntrykk fekk du av denne grupperinga? Viss positivt, føler du at inntrykket ditt var farga av utviklinga i Vietnamkrigen og USA si bombing av den kambodsjsanske landsbygda?

Eg hadde, trudde eg, godt kjennskap til RK før 1975, men oppdaga etter kvart at informasjonen stort sett var sterkt ideologisk farga. Artiklar og bøker som var skrevne av personar med ulik tilknytning til krinsar av AKP-kategorien. Eg hadde på denne tida reist mykje kring i den fattige verda, og var, som bondegut sjølv, overtydd om at utviklinga måtte skje på landsbygda. Vietnamkrigen hadde ikkje så mykje å seia for den haldninga, sjølv om eg var sterk motstandar av nesten alt USA gjorde i fattige land over heile verda. Så ja, før 1975 hadde eg eit positivt inntrykk av RK.

Raude Khmer si makttovertaking hende fire månader før Ny Tid såg dagens lys. Korleis trur du Ny Tid ville ha vurdert ho viss avisen hadde eksistert på dette tidspunktet? Korleis vurderte du personleg makttovertakinga i lys av det eksisterande Lon Nol-styret, og kva forventningar hadde du til Raude Khmer sitt styre?

Ny Tid og SV var aldri nokon stor tilhengar av RK. Mellom andre Berge Furre var svært kritisk. Så eg trur nok at Ny Tid ville ha vore forsiktig i støtta si til RK. Eg var på det tidspunktet heilt overtydd om at RK ville frigjera landet frå det korrupte Lon Nol-styret, og var også viljug til å ”sjå gjennom fingrane” med harde metodar for å knekkje det eg kalla landssvikarane.

I etterkant av invasjonen vart Phnom Penh tømt for folk, som vart drivne ut på landsbygda. Grunngevinga frå Raude Khmer si side var at byane mangla mat, og at ein trong arbeidskraft på landsbygda for å dyrke jorda. Tykte du på denne tida at forklaringene verka logiske, eller var der ting du reagerte på?

Eg hadde forståing for denne politikken, men eg byrja å tvile då eg forstod graden av tvang, og dei harde metodane som vart nytta. Men framleis såg eg for meg at dette var ein overgang i ein desperat situasjon. Nå byrja eg likevel å bli skeptisk til informasjonen. Og ikkje minst vart eg skuffa over eit møte med utsendingar frå NK-styret i Oslo i 1978 – under eit såkalla alternativ høyring. Eg stilte kritiske spørsmål og fekk berre meiningslause svar. Eg reagerte og på korleis AKP totalt hadde regien over heile opplegget.

Korleis har det seg at Ny Tid ikkje skreiv ein einaste reportasje om Kambodsja før september 1976? Med all kritikken frå borgarpressa frå fyrste dag, følte de ikkje noko behov for å forsvare det nye styret?

Svaret ligg mykje i splittinga på venstresida. Hugs at det var parallelle støttekomitear, både for Vietnam og Kambodsja og Palestina. SV og Ny Tid vart overkøyrd av AKP i Kambodsja, og dessuten var leiinga i partiet- og difor avisa, etter kvart svært kritiske til Pol Pot. Eg var ein av de få som hadde vanskar med å ta heilt fråstand frå RK, og fekk mykje intern kritikk. Med rette, viste det seg.

Korleis var kjeldeutvalet som Ny Tid brukte for å finne ut kva som hende i Kambodsja? Korleis var dette valt ut? Korleis såg du på kjeldene som vart brukt av den politiske høgresida (som t.d. den franske misjonæren François Ponchaud)?

Eg var i konfrontasjon med Ponchaud, heilt personleg, i Oslo. Eg litte ikkje på han. Eg var tilhengar av eit syn på revolusjonen i den fattige verda, som sprang ut av Franz Fanon og Fidel Castro. Eg hugsar at eg, i ein polemikk med Berge Furre i Aftenposten, nytta den gamle aforisma frå Thomas Jefferson: To make an omelette, you have to crack some eggs. Ny tid var i denne tida svært samansett redaksjon av ymse menigheiter på venstresida, gamle Arbeiderpartifolk, kommunistar og meir liberale venstreradikale som Steinar Hansson. Eg var skulda for å vera nærast ein AKP moldvarp der.

La meg leggje til at eg aldri var med i AKP, eg kjende fleire av dei sentrale leiarane, og likte ikkje terrormetodane dei nytta andsynes sine eigne medlemmar, f.eks forakta eg Sigurd Allern og Pål Steigan.

Raude Khmer sin styreperiode

Du hadde gåande ein polemikk med Berge Furre vinteren 1977. Du har i tidlegare intervju snakka om "Berge Furre med mappa si, som mumla om ting som var feil". Korleis var forholdet de to i mellom, og kor djupt stakk usemja dykkar når det gjaldt situasjonen i Kambodsja?

Viser til ovafor. Eg hadde så å seia ikkje noko forhold til han. Eg såg på han som ein gamaldags, borgarleg sosialist. Dessutan var han altfor venleg innstilt mot kommunismen i aust, etter mitt syn. Sovjetkommunismen har eg alltid forakta, og vasallregimane i Aust-Europa. Furre forsvara dei stadig vekk.

Kva var grunnen til at du slutta i Ny Tid den 8. november 1978 for å verte redaktør i Alle Menn? Var det delvis motivert av misnøye med SV sin politikk, eller av Ny Tid som avis?

Ja. Eg var møkka lei av både SV og Ny Tid. Journalistisk var avisa ei katastrofe etter mitt syn, med allmøter og ideologiske debattar om einskilde reportasjar. Det var keisamt å jobbe der, og eg var meir av ein eventyrar som ville sjå action. Det fanns ikkje pengar heller til å laga skikkeleg avslørande journalistikk. Eg likte heller ikkje dei fleste som styrde bladet og partiet, medrekna Furre og spesielt den komande stjerna Erik Solheim. Den einaste eg hadde sans for var Hanna Kvanmo.

(I tidlegare intervju har du sagt at "nei - Ny Tid ble for smal og dogmatisk. Der skulle allmøtet bestemme ikke bare hva, men også hvordan folk skulle skrive".) Dette er heilt riktig.

Du var til stades på den såkalla Kambodsja-høyringa i april 1978. Der og då var du særskild kritisk til opplegget, og samansetjinga av panela. Har du same oppfattinga i dag? Føler du at høyringa var ubalansert i forhold til kritikk mot Raude Khmer sitt regime, eller tykkjer du i ettertid at høyringa fekk avdekkja nye forhold i debatten?

Denne høyringa var ei skandale, og fekk meg til å kutte banda til Pol Pot forsvararane. Eg hadde eigentleg ei rolle som arrangør, men trekte meg gradvis ut fordi eg vart kvalm av einsrettinga i val av,

til dømes innleiarar. Og, som eg har sagt, da eg såg ”diplomatane” til RK og kunne diskutere med deg, skjøna eg at eg hadde satsa på feil hest.

Omvendinga

Frå 1975 til 1978 var Kambodsja hermetisk lukka frå omverda, og det var vanskeleg å få sikker informasjon om kva som skjedde. I perioden då du støtta opp om Raude Khmer sin revolusjon, følte du nokon gong tvil om du hadde falle ned ”på rett side av gjerdet”? Hadde du på noka tid mistankar om at ikkje alt var som det verka i Demokratisk Kampuchea?

Ja, eg har alltid kjend tvil om alle standpunkt eg har teke, og ikkje minst her. Eg las trass alt svært mykje av internasjonal litteratur, magasin og aviser, til dømes Der Spiegel, Sunday Times, The Observer, New Statesman, noko AKParane aldri gjorde, og såg på nærast som eit brotsverk. På hi sida var det ein del seriøse forskarar og journalistar som skreiv, etter mitt syn, truverdig om RK. Og sjølsagt gjekk eg heile tida med den overtydinga at CIA dreiv eit spel bak kulissane, til dømes med å spreie falsk informasjon. Og det trur eg i dag og, men ikkje i så store dimensjonar.

I Ny Tid den 18. mai 1978, i etterkant av Kambodsja-høyringa, skriv du i rosande ordelag om den kambodsjanske revolusjonen, blant anna skriv du at ”jeg ser ’dødsmarsjen’ ut av Phnom Penh, mot en landsbygd med rismarker og fiskerike elver, som en revolusjonær, human gjerning som trolig reddet titusener av menneskeliv”. Når, og korleis, byrja du fatte mistanke om at Raude Khmer sitt styre var radikalt annleis enn du hadde sett føre deg? Var Kambodsja-høyringa med på å få deg til å endre meinig?

Eg trur den artikkelen var den siste rosande eg skrevi om RK. Da var eg blitt rett og slett kvalm av undertrykkinga av sanninga hos dei som leie solidaritetsarbeidet i AKP leiren. Det vart for dumt og eg skjøna inst inne at eg hadde ”drite meg ut.” I beste meinig, og eg var jo aldri nokon stor ideolog, eg var for bonderevolusjonar for å seia det einfeld. I dag orkar eg nesten ikkje å sjå slike setningar som du siterar. Det eg kan seia til mitt forsvar var at, i motsetnad til nesten alle AKParar, snøgt gjorde avbikt og bad offentleg, gjennom NRK, om orsaking.

I Alle Menn utgåve 37/79 skriv du ein reportasje frå Kambodsja med framsidetittelen ”Verre enn Auschwitz – sjokkbildene fra Kampuchea”. Klassekampen reagerte sterkt på dette, at ein tidlegare

Raude Khmer-sympatisør hadde snudd. Korleis følte det å bli utsett for denne noko ekstreme avisen sin vreide, ei avis som berre eit år tidlegare hadde delt dine egne meiningar om situasjonen i landet?

Det var berre som eit heidersteikn. På den tida hadde eg blitt ein, ikkje hatar, men foraktar av AKP og heile kobbelet rundt den diktatoriske leiinga. Eg vart kvalm av Øgrimar og Obrestadar og Haavardsholmar og Solstadar.

Den vietnamesiske invasjonen i 1978

Jula 1978 invaderte Vietnam Kambodsja, og tok over kontrollen i landet. Eit Vietnam-venleg styre leia av Heng Samrin vart innsett, og Raude Khmer vart jaga opp i fjella mot den thailandske grensa.

Spørsmål knytt til dette:

Korleis såg du på Vietnam sin invasjon i Kambodsja i desember 1978, då det skjedde og i tida etterpå?

Eg var kritisk til denne invasjonen, for eg hadde jo lese historia, og visste at Viet Cong ikkje var ute etter å hjelpe folket i Kambodsja, men trygge seg sjølv, og dei hadde og sine imperiedraummar. I ettertid skjønar eg at, uansett motiv, som var invasjonen riktig.

Du tok i 1979 avstand frå Raude Khmer sitt regime. Den 27. september same året skreiv du i Klassekampen at du tok avstand frå Vietnam sin okkupasjon. Ser du ei motsetning mellom desse to synspunkta? Korleis såg du føre deg at ein burde ha gått fram for å fråtvinge Raude Khmer makta?

Nei, på det tidspunktet såg eg ingen motsetnad, og viser til nr 12. Eg var ei stund overtydd om at Vietnam ville gjera Kambodsja til eit lydrike, og at tilhøva for folket ikkje ville betre seg radikalt. Eg trudde og at RK ville sprekke, for det måtte finnast fraksjonar som ikkje kunne tole folkemordet. Der tok eg og feil, og i dag ser eg, som sagt, at invasjonen var ein hjelp til frigjering frå RK-veldet.

Ny Tid var jo lojale sympatisørar med både Kambodsja og Vietnam, kanskje spesielt med sistnemnde gjennom Vietnamkrigen. Sjølv om du under invasjonen allereie hadde slutta i avisa, følte du ei "lojalitetskonflikt" då Vietnam invaderte? Ny Tid verka vere sær s nølande med å ta parti i konflikten.

For å vera heilt ærleg, eg var blitt så lei heile krigen på venstresida at eg heldt meg utanfor. Ny Tid vågå ikkje å ta parti, i det heile teke var Ny Tid engsteleg for å ta parti i mange konflikter. Leiinga var

konfliktsky. Ho var og inkonsekvent. Ho valde side i nokre konflikter og støtta ein del såkalla motstandsheltar, som viste seg å vera, om ikkje i same klassa når det gjaldt valdsbruk som Pol Pot, så i metodar. Dessutan var eg nå blitt meir kynisk i synet på alle slags frigjeringsrørsler. Men gamal vane er vond å vende, ja, eg kjende sneven av lojalitetskonflikt. Men da var eg blitt så overtydd om folkemordet til RK at eg eigentleg ikkje hadde nokon lojalitet for nokon, bortsett frå dei fattige bøndene, både i Vietnam og Kambodsja, som alle saman berre var bønder på eit sjakkbrett, slike ein støtt ofrar fyrst.

Det kan vel seiast at etter den sino-sovjetiske kløyvinga var eit faktum utover 60-talet, så sympatiserte SV og Ny Tid meir med Sovjetunionen enn med Kina. Vietnam fekk stadig sterkare band til Sovjetunionen, medan Raude Khmer samarbeidde med Kina. Trur du at dette var ein faktor som var med på å få partiet og avisa til å ta Vietnam sitt parti i konflikten?

Ja, absolutt. Og hugs på at alle leiarane i SF og NKP såg med like stor naivitet på Sovjetblokken som eg, i nokre år, på RK.

Generelt

Til slutt nokre meir generelle spørsmål:

Kan du seie litt om dynamikken internt i Ny Tid? Var det nokon person som meir enn andre prega avisprofilen i tema som dette? Og hadde nokon i partiet SV stor innverknad i avisen?

Eg har vore inne på dette. Hovudsaka er at Ny Tid berre var eit talerøyr for leiinga, og ikkje minst Berge Furre. Redaktøren Audgunn Oltedahl var ein disippel av han, og vågå ikkje å tillate nokon journalistikk som var fri og radikal.

Korleis var ditt forhold til leiinga i AKP(m-l) og til journalistane i Klassekampen i perioden 1976-1979, og på kva måte endra dette seg over tid?

Eg hadde eit godt tilhøve til einskilde journalistar i Klassekampen, til dømes Roald Helgheim. Men som sagt var eg aldri medlem, og likte aldri leiarane i AKP. Dei var overklassegutar som hadde fått seg ei leikegrind. I motsetnad til meg hadde dei ikkje vore ute i den harde verda og sett geriljakrig på nært hald. Den einaste med eit visst band til røyndomen, var Jon Michelet, som eg sette stor pris på.

Høgrepressa, kanskje spesielt Aftenposten, var særskild kritiske til Raude Khmer sitt styre, samstundes som dei i 1979 meinte at Raude Khmer sin delegasjon burde få representere Kambodsja i FN. Kva meiner du var grunnen til denne tilsynelatande motseiinga?

Etter det eg høyrde fanns det ein krins i Høgre som gjekk inn for dette. Eg var på møte med Unge Høgre der vi debatterte Kambodsja, og grunngevinga for standpunktet var vel at FN kanskje kunne vera med å læra dei folkeskikk.

Føler du i ettertid at Vietnamkrigen påverka ditt forhold til Raude Khmer si maktovertaking i Kambodsja? Gjorde USA si bombing av Kambodsja tidleg på 70-talet at du såg på Raude Khmer med mildare auge enn du elles ville ha gjort?

Nei på båe spørsmåla.

Heilt til slutt: Øystein Sørensen (i boka "Venstreekstremismen") meiner at grupperingar på venstresida si støtte til Raude Khmer kan skjønast som eit spesielt ytterleggående uttrykk for eit utbreidd fenomen i Noreg i moderne tid: romantiske førestillingar om frigjering i den såkalla tredje verda. Dette synet har utgangspunkt i ei førestilling om at den vestlege imperialismen og kolonialismen har undertrykt folket i den ikkje-vestlege verda. Støtta har vore grunna i at frigjeringsrørsler i denne delen av verda per definisjon er rettvis, og difor må støttast på sine egne premisser. Ho vert difor lett påfallande ukritisk, sjølv når desse rørslene har fått makt og raskt utvikla seg til blodig undertrykkjande regime. Den ser ut til å stemme overeins med orda dine om at "den anti-imperialistiske kampen (...) blir ikke vunnet av pasifister og diplomater. Den blir ikke vunnet av folk som ikke er villige til å bruke harde midler mot fienden." Vil du seie deg samd i at dette kan vere ei delvis forklaring på den støtta Pol Pot sitt regime fekk på den politiske venstresida i Noreg på denne tida?

Sørensens analyse høver svært godt på mine haldningar i denne tida, absolutt to the point. Dessutan er det eit viktig moment som kan vera ei åtvaring mot unge, både radikale og konservative: Eg kom tidleg inn i ulike venstreradikale krinsar og las venstreradikal litteratur. Eg byrja altfor seint å setja meg inn i "den andre sida" slik at eg kunne vurdere konfliktane meir objektivt. Men nemnde eg at eg las, til dømes John Barron eller andre såkalla reaksjonære skribentar, vart eg sett på med mistru. Eg

var ikkje ein av dei trufaste. Det var eg eigentleg aldri, men haldninga mi til RK var likevel prega av "sjelegranskinga" til professor Sørensen. Eg vart for seint moden i politisk og intellektuell forstand. Det var fyrst på 1980-talet at "min tanke vart fri." Faren er at ein etter oppvakinga, kan bli for kynisk. Det er eg i ferd med å bli.

Appendiks 3: Intervju med Per Egil Hegge

Per Egil Hegge har ei fortid som redaktør og utanriksjournalist i Aftenposten. Han skreiv mange leiarar og artiklar som omhandla Kambodsja mellom 1975 og 1979. Intervjuet vart gitt gjennom e-post den 29. januar 2014.

Maktovertakinga til Raude Khmer i 1975

Lon Nol, som var sterkt støtta av USA, tok makta frå prins Sihanouk medan denne var på utlandsreise i 1970. Etter nokre års geriljakrig overtok Raude Khmer makta i Kambodsja etter å ha teke Phnom Penh i april 1975. Spørsmål knytt til dette:

Aftenposten skreiv lite om Raude Khmer før maktovertakinga, og avisen verka usikker på kva dei stod for. Hadde du noka tru på at det nye styret kunne føre til ei forbetring i levkåra til folk flest, med tanke på at Lon Nol sitt styre var ineffektivt og korrump?

Eg hadde lita tru på stor betring, men det var vel grunn til von om at det ikkje kunne bli stort verre.

I kor stor grad føler du at Aftenposten si negative haldning til maktovertakinga var ei naturleg følge av avisen si støtte til USA i Vietnamkrigen?

Dette hang nok saman, men i tillegg hadde Raude Khmer synt lite vilje til demokrati og respekt for menneskerettar.

I etterkant av invasjonen vart Phnom Penh tømt for folk, og desse vart drivne ut på landsbygda. Grunngevinga frå Raude Khmer si side var at byane mangla mat, og at ein trong arbeidskraft på landsbygda for å dyrke jorda. Tykte du på denne tida at forklaringene verka rasjonelle, eller såg du alt her kimen til galskapen som skulle prege styret av landet dei neste åra?

Forklaringa var rasjonell nok. Det som ikkje var rasjonelt, var den massive nedslaktinga av forsvarslause landsmenn dersom ein mangla arbeidskraft.

Frå 1975 til 1978 var Kambodsja hermetisk lukka frå omverda, og det var vanskeleg å få sikker informasjon om kva som hende. Når vart du personleg overtydd om at Raude Khmer sitt styre ville føre til ei katastrofe for landet?

Da dei første meldingane om dei brutale brotsverka kom. Og dei kom ganske raskt.

Aftenposten meinte etter maktovertakinga at "Kambodsja (...) vil bli dirigert fra Hanoi" (18. april 1975). Kor stor påverknad såg du føre deg at Vietnam ville ha på Kambodsja sin politikk framover, og var dette aspektet med på å påverke korleis du såg på regimet sin legitimitet og sine framtidsutsikter?

Dette var heilt på det uvisse. Men i Aftenposten visste vi for lite om den etniske konflikten mellom khmerar og vietnamesarar. Den var ein mykje sterkare faktor enn ideologien.

Var Aftenposten i 1975 venlegare innstilt til Kina enn til Sovjetunionen, gitt USA sin oppmjukingspolitikk (med blant anna Nixon si vitjing til Beijing i 1972)? I så fall, spelte det faktum at Raude Khmer var vende mot Kina (og ikkje Sovjetunionen) noka formildande rolle for Aftenposten sitt syn på den nye regjeringa?

Slik eg hugsar det, var ikkje Aftenposten mellom dei som vurderte galskapen under kulturrevolusjonen i Kina særleg positivt. I så måte var vi på line med det kinesiske septemberplenumet i 1978.

Den vietnamesiske invasjonen i 1978

I desember 1978 invaderte Vietnam Kambodsja, og tok over kontrollen i landet. Eit Vietnam-venleg styre leia av Heng Samrin vart innsett, og Raude Khmer vart jaga opp i fjella mot den thailandske grensa. Spørsmål knytt til dette:

Korleis såg du personleg på Vietnam sin invasjon i Kambodsja i desember 1978? Var du hovudsakleg letta over at Raude Khmer sitt vanstyre var over, eller såg du meir på Vietnam som ei aggressiv okkupasjonsmakt?

På denne tida såg vi positivt på at Vietnam fjerna Raude Khmer. Men prinsippet om ikkje-innblanding hadde forrang for mange av regjeringane, også den norske.

Aftenposten var særst negative til Vietnam sin invasjon. Tykkjer du denne harmen var rettmessig, med tanke på kor hardt Aftenposten hadde kritisert Raude Khmer-styret i åra før?

Sjå svar på spørsmål over.

Aftenposten meinte at Pol Pot sin delegasjon burde representere Kambodsja i FN. Såg avisen føre seg at ei koalisjonsregjering med Raude Khmer som ein aktiv part ville vere å føretrekkje framfor vietnamesisk kontroll? Såg ein føre seg at Raude Khmer kunne endre kurs, og innføre eit styre av meir vestleg karakter, med større fokus på demokrati og menneskerettar? Eller var synet rett og slett at vietnamesisk-dominert styre ville vere endå verre?

Sjå svar på spørsmål over.

Korleis såg du føre deg at framtida til landet ville sjå ut under den nye regjeringa? Var frykta stor for at Sovjetunionen ville styrke sin posisjon i Indokina viss Vietnam fekk eit varig fotfeste i Kambodsja? Føler du i dag at dominoteori-tankegangen til ei viss grad gjorde seg gjeldande i Aftenposten si handsaming av invasjonen?

Domino-teorien hadde altfor stor gjennomslagskraft, også i den måten vi tenkte på.

Mykje av kritikken mot Vietnam sin invasjon botna i suverenitetsprinsippet, altså meinte vel Aftenposten at landet sin suverenitet vog tyngre enn innbyggjarane i landet sine lidningar. Er du i dag samd i at dette er ei vurdering mange vil meine er kontroversiell?

Denne vurderinga var svært kontroversiell, og med rette, også på den tida.

I etterkant av invasjonen gav Noreg Raude Khmer-regimet offisiell diplomatisk godkjenning. Kva var Aftenposten si haldning til denne godkjenninga?

Slik eg hugsar det – eg var korrespondent i USA da – la avisa mest vekt på brotet på Kambodsjas suverenitet. Eg fekk mykje kjeft av FN-ambassadør Ole Ålgård fordi eg ikke forsto at det var ei velgjernting å få Raude Khmer fjerna frå makta. Det var ingen protestar da Tanzania gjekk inn i Uganda og fjerna Idi Amin.

Korleis stiller du deg i dag til Aftenposten sin valdsame kritikk av Vietnam sin invasjon? Føler du at han var i overkant krass, med tanke på alt ein då visste om Raude Khmer sitt monsterverde?

Etter mi meining var denne kritikken altfor krass, sjå svara over.

Generelt

Til slutt nokre meir generelle spørsmål:

Kva tykkjer du om ei avis som Klassekampen si dekning av hendingane i Kambodsja på denne tida? Var du overraska over avisen sitt intense forsvar av Raude Khmer til langt ut på 80-talet, eller var det noko du forventa?

Dette er noko av det minst ærerike i Klassekampens historie. Men at dei var SÅ stupide at dei tura fram med det same så langt ut på 80-talet, var det vel få som hadde trudd på førehand. Mest minneverdig er sjølvsagt det historiske omslagsbiletet på Røde Fane, der ein stolt Pål Steigan handhelsar hjartevarmt på Pol Pot under overskrifta "Et løfterikt samfunnseksperiment."

Artikkelen din frå Aftenposten den 15. april 1977 ("Uhyrlige massakrer i Kambodsjas etterkrigstid") refererer frå ei bok av den franske misjonæren François Ponchaud, som budde i Phnom Penh under maktovertakinga. Aviser som Klassekampen meinte at slike kjelder (ein kristen misjonær tilhøyrande den tidlegare kolonimakta) ikkje var til å stole på. Følte du nokon gong at de hadde grunn til å tvile på kjeldene (Ponchaud, Schanberg, Barron/Paul m.fl.) som fortalte om massakrane i Kambodsja?

Desse kjeldene verka, og det skulle òg vise seg at dei var, svært truverdige. Vi hadde alt i mai 1975 skildringane frå nedslaktinga i sjølve hovudstaden, da kambodsjanarar som levde saman med vestlege menn eller kvinner, vart henta ut frå den franske ambassaden og klubba ned utafor gjerdet. (Raude Khmer var økonomiske med ammunisjon, omsorgsfulle som dei var.) To svenske kollegaer, frå Sveriges Radio og Expressen, såg det. Begge fekk alvorlege psykiske problem; den tøffaste av dei døydde i rennesteinen i Stockholm, den andre skjøna at han måtte ha hjelp, la seg inn og er i dag ein kjend svensk forfattar.

Vi trykte eit tilsvar til artikkelen min frå ein AKP-ar som gav oss skikkeleg inn for at vi "ikkje nemnde" at 55 000 nordmenn dør kvar kvart år, og sameleis var det også "litt naturleg avgang i Kambodsja". (Sitert etter minnet.) Mykje kritisk kan seiast om Aftenposten i 60-og 70-åra, men noko

så kynisk, tåpeleg og uintelligent hadde vi aldri på trykk, med mindre det var AKP-folk som skreiv inserat og fekk nytta godt av den ytringsfridomen dei elles ikkje ville ha noko av.

Men det var sjølvsagt utenkjeleg for dei at ein pater kunne snakka sant. Schanberg møtte eg i Phnom Penh i november 1972. Han verka svært solid og truverdig – og motig. Det viste seg seinare òg, da han grov fram historia om korleis tidlegare guvernør og visepresident Nelson Rockefeller døydde. Det var Schanbergs fotograf som ga råmaterialet til filmen Dødsmerkene, som Klassekampen oppmoda til boikott av fordi det var ”imperialistisk løgn og historieforfalsking”.

Var det nokon spesiell journalist i Aftenposten som skreiv dei fleste av leiarartiklane som omhandla Kambodsja?

I perioden 1975-1977 var det vel stort sett eg, men sommaren 1977 reiste eg til USA som korrespondent, og da var det andre.